

Idunn Bøyum

**Kva rolle har bibliotekaren og
bibliotekets informasjonsressursar for
ph.d.-kandidatar og deira
forskningsprosess?**

**Masteroppgave i bibliotek og informasjonsfag
Høgskolen i Oslo og Akershus, Fakultet for samfunnsfag
2012**

Samandrag

Målet med dette prosjektet er å identifisere kva bibliotektenester og informasjonsressursar ph.d-kandidatar bruker og har behov for. Doktorgradskandidatar har høg motivasjon for læring og lever opp til forventninga om at dei skal klare seg sjølve. Dei meiner sjølve at dei er det vi bibliotekarar forstår som informasjonskompetente og informasjonssøking er ein del av kvardagspraksisen deira. Dei tilpassar søkemetodar til ulike kontekstar. Nøsting er ein viktig metodikk for å finne litteratur, men òg systematisk søking vert brukt. Bruken av bibliotekets databasar er komplementær med Google Scholar. Kandidatane har hatt rettleiing og undervisning av bibliotekar i ulike samanhengar, men sidan kandidatane opplever at egne ferdigheiter er tilfredstillande oppsøker dei ikkje bibliotekar for ytterlegare hjelp. I den grad bibliotekaren spelar ei rolle som rettleiar for ph.d.-kandidatane i forskingsprosessen deira er det i samband med søketeknikk og rettleiing i Endnote. Her har informantane så gode erfaringar at dei ønskjer at biblioteket skal utvide rettleiingstenestene til òg å gjelde anna forskingsstøtte som rettleiing i programvare som *NVivo* og *SpSS*.

English summary

The aim of this project is to identify what library services and information resources Ph.D. candidates use and need. Doctoral candidates have a high motivation for learning and they live up to the expectation that they will manage themselves. They look at themselves as information literate. Information searches are part of their everyday tasks. They adapt information searching methods to different contexts. Reference tracking is an important methodology for finding literature, but also subject searches are common. The candidates' use of the library's databases are complementary with their use of Google Scholar. Candidates have been tutored and taught by librarians in various areas, but since the candidates feel that their own skills are satisfactory they do not ask a librarian for further assistance. To the extent that the librarian plays a role as a supervisor for Ph.D. candidates in their research process, it is in connection with the searching techniques and guidance in Endnote. Here, informants are so skilled that they want the library to expand counseling services to also applying to other types of research support e.g. on software like *NVivo* and *SpSS*.

Forord

Eit masterstudie er en lang og kontinuerleg læringsprosess. Det vore ei spanande refleksjonsreise og ein evig kamp om meiningsskaping. Arbeidet med masteroppgåva har vore uventa einsamt, slike mine informantar òg formulerer det. Det har blitt mange diskusjonar med meg sjølv, men òg andre har bidratt med generelle betraktningar om ph.d.-kandidatar og bibliotek på norske universitetsbibliotek. Elles takk til tolmodige kollegaer ved Handelshøyskolen BI, spesielt Astrid Heltne som hjelpte til med dei engelske intervjuar. Rettleiar Svanhild Aabø har heile tida hatt tru på prosjektet og oppmuntra i motbakkar. Til slutt takk til bakkemannskapet i heimen som tolmodig har venta på at stova igjen skal bli tilgjengeleg som felles samlingspunkt utan stablar av bøker, pc og papir over alt.

Innholdsliste

1	Innleiing og problemformulering	1
1.1	Doktorgradsutdanning ved BI	3
1.1.1	Om Ph.d-programmet på BI	3
1.2	BI-Biblioteket og informasjonsressursar.....	4
1.2.1	Bibliotekets informasjonsressursar og rettleiingstilbod	4
1.3	Avgrensingar i oppgåva	5
2	Tidlegare forskning og moglege teoretiske perspektiv	7
2.1	Om forskning og forskarrolla	7
2.1.1	Fagområdet <i>business</i>	8
2.1.2	Om ph.d-kandidatar	9
2.2	Forskarar og bibliotekbruk	10
2.2.1	Forskarar innan bedriftsøkonomi og informasjonssøking.....	10
2.2.2	Ph.d-kandidaten og biblioteket.....	12
2.2.3	Norske studiar om ph.d-kandidatar og bruk av bibliotektenester	14
2.3	Informasjonskompetanse og informasjonssøking	17
2.3.1	Informasjonsbehov og emosjonelle forhold.....	17
2.3.2	Informasjonskompetanse.....	18
2.3.3	Informasjonssøking	21
2.3.4	Praksisfellesskapet og kunnskapsdeling.....	23
2.4	Kognitiv autoritet	24
2.4.1	Førstehandskunnskap og andrehandskunnskap.....	25
2.4.2	Kognitiv autoritet og personar.....	25
2.4.3	Kognitiv autoritet og tekster/artefakter	27
2.4.4	Kan bibliotekaren vurdere og skilje ut kvalitet ved tekster?.....	27
2.5	Bibliotekarens rolle	28
2.5.1	Kuhlthau og bibliotekarens rettleiarroller	29
2.5.2	Bibliotekarens rettleiarrolle i lys av Sundin et al. (2008)	31
2.6	Oppsummering og forskingsspørsmål.....	32
3	Metode.....	34
3.1	Val av metode.....	34
3.1.2	Om å forske på bibliotekrelaterte fenomen	34
3.2	Intervju som metode.....	35
3.2.1	Innvendingar mot kvalitative metodar	36
3.2.2	Fenomenologi.....	36
3.2.3	Utval i kvalitativ forskning	37
3.2.4	Validitet og reliabilitet – det kvalitative intervjuet	37
3.2.5	Etikk i forskninga	37
3.3	Intervjua	38
3.3.1	Forskningsdesign i dette prosjektet	38
3.3.2	Intervjuguide	39
3.3.3	Spørjeskjema	39
3.3.4	Populasjon	40
3.3.5	Rekrutteringa av informantar	40
3.3.6	Beskrivelse av utvalet.....	41
3.3.7	Oversikt over informantar	41
3.3.8	Gjennomføring	42

3.3.9 Tankar etter gjennomført intervju	42
4 Resultat frå intervjuundersøkinga	44
Intervjua - om motivasjon for å delta i intervjua.....	44
4.1 På veg mot ei forskarkarriere	45
4.1.1 Frå student til Ph.d-kandidat	45
4.1.2 Forskarens kvardagspraksis.....	46
4.1.3 Forskingsdisiplin og litteratur	47
4.1.4 Opplever kandidatane biblioteket som nyttig for forskingsprosessen?.....	47
4.1.5 Tilfredsheit	49
4.1.6 Forhold til ulike dokumenttypar	50
4.1.7 Oppsummering	52
4.2 Den informasjonskompetente doktorgradskandidaten	52
4.2.1 Bibliotekets formaliserte undervisning	53
4.2.2 Vurdering av eigen søkekompetanse.....	54
4.2.3 Formell informasjonssøking.....	55
4.2.4 Informasjonssøking og emosjonar	56
4.2.5 Kjennskap til informasjonsressursane	57
4.2.6 Korleis starte på eit prosjekt?	59
4.2.7 Metodar for å finne litteratur og halde seg oppdatert.....	59
4.2.8 Vurdering av litteratur	64
4.2.9 Bruk av referansehandteringsprogram	66
4.2.10 Oppsummering	66
4.3 Rettleiing – ulike roller	66
4.3.1 Uformelle mediatorar	69
4.3.2 Rettleiarens rolle som formell mediator.....	70
4.3.3 Bibliotekaren	71
4.3.4 Hjelp og støtte frå og via nettet	73
4.3.5 Oppsummering	75
4.4 Utfordringar til biblioteket	75
4.5 Oppsummering	77
5 Analyse.....	78
5.1 Blir bibliotekets forskingsstøtte opplevd som nyttig?.....	78
5.1.1 Bruk av bibliotekets ressursar	79
5.1.2 Bibliotekets tenester	81
5.2 Er informasjonskompetanse med å konstituere forskarrolla?	81
5.2.1 Informasjonskompetanse.....	82
5.2.2 Formell informasjonssøking.....	83
5.2.3 Metodar for å halde seg oppdatert.....	84
5.2.4 Uformell informasjonssøking og kunnskapsdeling i praksisfellesskapet	85
5.2.5 Vurdering av litteratur	86
5.3 Formelle og uformelle mediatorar for forskingsprosessen?.....	86
5.3.1 Bibliotekarens rolle som mediator og rettleiar	87
5.4 Utfordringar til bibliotekaren	89
6 Konklusjon	91
7 Litteratur.....	93
8 Vedlegg	96

1 Innleiing og problemformulering

Som fagbibliotekar har eg arbeidd mykje med bibliotekutvikling og undervisning på Handelshøgskolen BI (heretter BI). I byrjinga av karrieren min blei eg kjend med mange forskarar når dei kom til biblioteket for å lese tidsskrift, hente bøker osv. Desse små uformelle møta hjelpte meg til å forstå behova deira og sjølv få høve til å komme med innspel på kva biblioteket kunne bidra med i forskning og undervisning. I dag er desse uformelle møta nesten opphøyrd sidan forskarane ikkje lenger må gå til biblioteket for å få tilgang til litteraturen. Etter kvart har difor ei veksande interesse for å lære å kjenne morgondagens forskarkollegaer og korleis dei stiller seg til bibliotekets informasjonsressursar og tenester har grodd fram. Parallelt med dette har diskusjonen om bibliotekarens rolle gått i bibliotekmiljøet, både blant brukarar og beslutningstakarar, no når forskarane finn det dei treng frå arbeidsplassen sin. Dette ønskjer eg å sjå nærmare på.

Sidan midten av 90-talet har omgrepet informasjonskompetanse blitt brukt strategisk for å legitimere bibliotekets eksistens i dagens undervisningsinstitusjonar. Omgrepet har gitt bibliotekaren eit fagleg grunnlag for knytte seg nærare undervisningspersonalet og undervisningsaktivitetar i moderinstitusjonen. I tillegg har fagbiblioteksektoren lenge retta merksemda mot læringssenterutvikling, primært med tanke på å fasilitere arbeidsplassar for studentar. Samstundes har bibliotekarar vore opptekne av å utvikle informasjonskompetente studentar og forskarar. I dei siste åra har biblioteka vore opptekne av korleis bibliotekets forskingsstøtte skal bidra til å fylle organisasjonens mål og visjonar. Tuominen, Savolainen, og Talja (2005) hevdar at biblioteka har brukt omgrepet normativt og for å rekonseptualisere og styrke sin og bibliotekets rolle i moderinstitusjonen.

Kvalifikasjonsrammeverket (Kunnskapsdepartementet 2009, s. 26) føreset at norske ph.d.-kandidatar skal vere det vi bibliotekarar forstår som informasjonskompetente. Når dei tek til på ph.d.-perioden sin skal dei vere i stand til å ”finne, vurdere og henviser til informasjon og fagstoff og framstille dette slik at det belyser en problemstilling”, og vidare skal dei kunne “[...] analysere og forholde seg kritiske til ulike informasjonskilder og anvende disse til å strukturere og formulere faglige resonnement”.

Fleire artiklar peiker på at ph.d.-kandidatane sjølve meiner dei kjenner informasjonssøkeprosessar og informasjonsressursar som er aktuelle for dei. Men i løpet av intervju avslører bibliotekaren likevel manglande kjennskap til verktøy og ressursar som er aktuelle for kandidatens forskning (Fleming-May og Yuro 2009; Gullbekk, Rullestad, og Torras i Calvo 2012; Patterson 2009). I studien til Gullbekk et al. kjem det fram at det er eit

gap mellom kandidatanes oppleving av egne ferdigheiter og rettleiaranes oppleving av desse. Rettleiarane meiner at litteraturkapitla i avhandlingane ofte er mangelfulle og svake. Likevel melder fleire kandidatar om ein viss motstand mot å be om hjelp. Eit aktuelt spørsmål er difor om biblioteka kan vere med å bidra til å heve kompetansen knytt til handtering av litteratur? Biblioteka tilbyr kurs og rettleiing i bruk av informasjonsressursar, men eg erfarer at studentar og forskarar møter opp i liten grad. Tilbakemeldingar tyder på at dei meiner det er interessant og nyttig, men av ulike årsaker opplever dei kanskje ikkje at dette er ein aktuell læringsarena og nedprioriterer dette.

Fleming-May og Yuro (2009) og Gullbekk et al. (2012) m.fl. hevdar at det har vore lite fokus på doktorgradskandidatar og bibliotekets bidrag til deira forskingsprosessar og kunnskapsutvikling. BI-biblioteket har jamleg identifisert studentar og tilsettes kjennskap til og bruk av ressursar i undersøkingar som *LibQUAL* og *Fasilitetsundersøkingen*¹. Ph.d.-kandidatar er ikkje ei eiga gruppe i desse og det er ein av grunnane til at eg ønskjer å sjå nærmare på dei. Eg har i liten grad funne litteratur som presenterer undersøkingar på bibliotek og doktorgradskandidatar innan businessfag, med unntak av ein poster av Arguello (2011).

I Tom D. Wilsons klassiske artikkel "On user studies and information needs" (2006)², hevdar han at det er viktigare å undersøke handlingar og ytringar i samband med informasjonssøking og ikkje så mykje sjølve åtferda. Inspirert av dette har eg vore oppteken av ytringane i denne oppgåva. Eg har ønskt å fange korleis doktorkandidatane opplever og skildrar fenomen som informasjonssøking, informasjonståtferd eller bibliotektenester som vi ofte omtaler det i generelle vendingar. Har dei adoptert bibliotekarens og bibliotekets språk og omgrep og er dette med på å konstituere rolla dei er på veg inn i, det Bourdieu (1992) kallar det akademiske menneske?

Med bakgrunn i dette ønskjer eg å sjå på i kva grad biblioteket er ein viktig bidragsytar i overgangsfasen frå student til forskar. Har biblioteket ved BI dei informasjonsressursane og tenestene som er viktig i doktorgradskandidatane sin forskingsprosess? Vidare vil eg sjå om det å beherske informasjonssøking kan vere med på å konstituere rolla som forskar. Til slutt er eg oppteken av å sjå kva roll bibliotekaren kan spele for denne gruppa. Endeleg forskingsspørsmål blir formulert med bakgrunn i forskning på temaa og aktuelle teoretiske perspektiv i avsnitt 2.6.

¹ Undersøking av BI-studentars bruk av fasilitetar knytt til undervisning. Gjennomført frå ca 2000 til 2010.

² Opphavleg utgitt i 1981, trykt opp att i eit spesialnummer av *Journal of Documentation*. Vol 37(1), s 3-15

Sidan eg har arbeidd som bibliotekar på BI³ i 21 år er det naturleg for meg å ta utgangspunkt i ph.d.-kandidatar på BI. Difor vil eg nokre tilfeller vise til ”biblioteket vårt”/”vi” osv. noko som er vanskeleg å unngå. Nedanfor vil eg gjere greie for doktorgradsutdanninga ved BI og BI-Bibliotekets sitt tilbod til denne gruppa.

1.1 Doktorgradsutdanning ved BI

BI er ei ikkje-kommersiell stifting og Nokut-akkreditert som vitenskapleg høgskole. BIs einaste føremål er undervisning og forskning. Forskinga skal vere relevant for både academia og næringslivet. I følgje årsmeldinga frå 2010 hadde BI 396 fagleg tilsette, medrekna doktorgradsstipendiatar. Tilsette kan kvalifisere seg ved å ta BIs doktorgradsprogram, eller følgje program andre stadar. Eg har konsentrert meg om alle som følgjer BIs program.

1.1.1 Om Ph.d-programmet på BI

I følgje dekan for ph.d.-utdanninga, Gabriel Benito⁴, kan doktorgradsprogramma delast inn i to svært ulike grupper. Den eine gruppa er faga Samfunnsøkonomi og Finans, som er modelltunge (økonometri) og krev mykje fakta, bedriftsinformasjon osv. På den andre sida har vi fag som Strategisk ledelse, Ledelse og organisasjon, Markedsføring, Innovasjon og entreprenørskap. Sistnemnde bruker både kvalitative og kvantitative metodar til innsamling av empiri. Fagområda krev mykje bruk av litteratur og vil difor bruke bibliotekenestene på andre måtar enn dei harde disiplinane som finans, i følgje Benito. Omgrepet ”businessfag”, som vi ikkje har funne ein god norsk term for, inkluderer alle fagområda.

Tradisjonelt har doktorgradsutdanning vore eit utdanningsløp mot ei forskarkarriere. På BI har ein i mange år vore oppteken av at utdanninga både skal utdanne forskarar og folk til næringsliv/det offentlege og i målet er at BI (Handelshøyskolen BI 2011):

[...] shall develop and educate high-potential individuals to serve the society in academic, business and other working life communities through research, publication, consulting and other professional services within their field of expert knowledge.

Ph.d.-kandidatane må ta ein obligatorisk kursdel på 60 studiepoeng. Kurset er krevjande og ph.d.-kandidatane får lite tid til eige prosjekt når det er på det mest undervisningsintensive. Biblioteket har inga formell rolle i denne undervisninga.

³ Inkluderer innfusjonerte Norges Markedshøyskole, der eg arbeidde.

⁴ Informasjon gitt i møte 25. september 2011. Sjå BI.no for meir informasjon om programma.

I følge BIs doktorgradsreglement, § 6,1.2 (Handelshøyskolen BI 2011) skal avhandlinga vere av høg akademisk standard, basert på teori, empiri og dokumentasjon. Avhandlinga skal bidra til ny akademisk kunnskap formidla som ein del av den vitskaplege litteraturen på fagområdet. Avhandling kan publiserast som ein monografi eller artikkelsamling og doktorgraden blir avslutta med ei prøvøføreling og eit forsvar av avhandlinga.

1.2 BI-Biblioteket og informasjonsressursar

Oakleaf (2011) peiker på at biblioteket først har innverknad på institusjonen når bibliotekets strategi, mål og aktivitetar kryssar institusjonens. Har institusjonen som mål å utvikle reflekterte og kritiske studentar må bibliotekets undervisning og rettleiing bygge på dette.

BI-biblioteket har som mål å bidra til å legge til rette for forskingsprosessar. Bibliotekets visjon speglar BIs visjon: ”Bibliotekets faglige styrke og relevans bidrar til å gjøre BI til en ledende europeisk handelshøyskole”⁵. Satsingsområda er ”Det digitale bibliotek”, ”Kunnskapsbank for forskningen” og ”Et bibliotek for læring” der det å fremje informasjonskompetanse i forskning og undervisning er eit delmål. Biblioteket har ikkje fagreferentar, men i stor grad bibliotekarar med grunnutdanning og eventuelle påbyggingsfag. Nedanfor vil eg gjere greie for bibliotektilbodet ved BI som er aktuelt i samband med denne oppgåva. For meir informasjon viser eg til bibliotekets heimeside: www.bi.no/biblioteket.

1.2.1 Bibliotekets informasjonsressursar og rettleiingstilbod

Biblioteket har ei rekke informasjonsressursar tilgjengeleg for våre brukargrupper. Ingen informasjonsressursar er forbeholdt enkeltgrupper⁶. Vi har som mål at vi skal effektivisere kvardagen til forskarane, gjennom å tilby relevante ressursar og at desse skal kunne nyttast uavhengig av tid og rom så langt det let seg gjere. I samanheng med min studie er det relevant å nemne at det tidleg på hausten blei svært vanskeleg å finne fram til tidskriftartiklar. Bytte av leverandør⁷ førte til at ein alfabetisk tilgang til tidsskrift blei borte (”A-Z-lista”). Noko som medførte at lenkene frå Google Scholar til fulltekstsartiklar ikkje lenger var operative. Brukarane må gå via BIBSYS og tråkle seg fram til artikkelen, noko som vert opplevd som kronglete og vanskeleg. Vi har fått mange oppgitte klagar etter dette skjedde..

⁵ Handelshøyskolen BI. Biblioteket. Strategi 2010-2014.

⁶ Informasjon om dei enkelte databasane finst her: <http://www.bi.no/bibliotek/Databaser/>

⁷ Frå TDnett til OCLC

Biblioteket har over lang tid hatt eit overordna mål om at vi skal bidra til å utvikle informasjonskompetente studentar og forskarar. På BI brukar vi CLIP⁸s definisjon: "En informasjonskompetent person er en som vet når og hvorfor en trenger informasjon, hvordan man finner informasjonen og hvordan man vurderer, bruker og kommuniserer den på en etisk måte". Inspirert av sosialkonstruktivistisk læringsteori og offentlege rammeplanar som kvalitetsreformen og kvalifikasjonsrammeverket har vi sidan 90-talet arbeidd med å integrere undervisning knytt til informasjonskompetanse inn i fagplanar og timeplanar. Vi har ikkje sett det som at det nødvendigvis treng å vere ein bibliotekar som utfører undervisning og kursing. Kva studentane har fått med seg av denne enkle undervisninga har vi ikkje målt eller evaluert, bortsett frå gjennom små enquetar etter førelesningar. Bachelorstudentar er ei svært heterogen gruppe, der studieretningar legg føringar for kva krav det blir stilt til akademiske ferdigheiter. På dette studienivået får alle som skal skrive avsluttande oppgåve undervisning og ein presentasjon av databasar og aktuelle tenester. For interesserte studentar har vi fleire tilbod om rettleiing. Heiltids masterstudentar har "bibliotekundervisning" innbakt i kurset *Research methodology*. Merksemda her er retta mot søkestrategi, oversiktsartiklar, siteringssøking mm og sikrar progresjon i samband med informasjonsferdigheiter. I faget har det vore obligatorisk eksamen som dei to siste åra er erstatta med arbeidskrav. Vi meiner at biblioteket har tilrettelagt for at studentar med mastergrad frå BI kan vere informasjonskompetente.

Utanom ordinære bibliotektenester og IT-rettleiing har biblioteket òg tilbod om rettleiing i statistisk programvare som SPSS, Lisrel mm og databasen Datastream. Dyktige masterstudentar har ansvar for rettleiinga som primært har vore retta mot masterstudentar.

Alle nye ph.d.-kandidatar får tilbod om introduksjon til bibliotekets tenester og ressursar gitt av kontaktbibliotekaren på instituttet kandidaten er tilsett på. Vi har i liten grad undervisning/kurs som berre er retta mot denne gruppa. Bibliotekaren følgjer opp i løpet av ph.d.-løpet i den grad kandidaten ønskjer det. Utover dette kan kandidatane bruke alle tenestene og ressursane som er tilgjengelege.

1.3 Avgrensingar i oppgåva

I denne studien reknar eg i hovudsak med at det er litteratur/tekster som gjenstand for søkinga. Dette inkluderer òg sekundærdata og fakta (statistikk, valuta og liknande) utan at eg

⁸ Chartered institute of library and information professionals (CLIP). 2004

nemner det særskilt vidare. Det er mange termar som karakteriserer ein ph.d.-kandidat. Eg vekslar litt mellom doktorgradskandidat, stipendiat, kandidat og ph.d.-student.

Det kunne det vere aktuelt å referere til læringsteori, rettleiarperspektiv, kunnskapingsprosessar, profesjonsteori og personlegdom fordi eg stadig tangerer temaa, men dette ligg utanfor ramma av denne masteroppgåva.

Oppgåva er organisert slik at eg først går gjennom forskning og teoretisk perspektiv, så presenterer eg resultat frå intervjuundersøkinga, og til slutt analyse av teori og funn.

2 Tidlegare forskning og moglege teoretiske perspektiv

I dette kapittelet vil eg presentere litteratur som skildrar kva forhold ph.d.-kandidatar har til bibliotektenester. Sidan oppgåva er knytt til praksisfeltet mitt meiner eg det er nyttig å sjå på temaet i eit breitt perspektiv, og eg har difor ikkje konsentrert meg om ei teneste eller eitt forhold for å gå i djupna på det. Eg tek for meg moglege aktuelle perspektiv knytte til forskarrolle, informasjonskompetanse, informasjonssøking og praksisfellesskap. Desse perspektiva vil kunne seie noko om bakgrunnen og kompetansen til kandidatane, og om dette legg føringar for informasjonsåtferda deira. Eg ønskjer å studere dette nærmare i lys av teoriar om kognitiv autoritet og bibliotekarens rolle som mediator i forskingsprosessen.

2.1 Om forskning og forskarrolla

For å forstå mitt case vil eg sjå nærmare på kva det er som konstituerer medlemskap i forskarsamfunnet generelt og ph.d.-rolla spesielt. Kvalifikasjonsrammeverket stiller opp kriterium som skal oppfyllest i dei ulike utdanningssyklusane frå bachelor via master til ph.d. For ph.d.-kandidatar kan dette m.a. vere å forstå vitskaplege kunnskapingsprosessar, som inneber å vere informasjonskompetent. Ein ph.d.-kandidat er uansett i ein overgangsfase mellom student og forskar ((Fleming-May og Yuro 2009).

Tuominen et al. (2005, s. 339) skildrar forskning slik: “An academic discipline, or any other semiotic domain, for that matter, is not primarily content in the sense of facts and principles. It is rather primarily a lived historically changing set of distinctive practices”. Tranøy (1986) definerer denne praksisen som det å systematisk søke etter og organisere kunnskap. Det å forankre kunnskap i teori og vise til at ein bruker vitskaplege metodar kjenneteiknar òg forskinga. Vidare hevdar Tranøy at heile konteksten forskaren lever i, er med på å påverke denne vitskaplege verksemda.

Eit viktig krav til forskning er transparens (Kaiser, Rønning, Rutyer, Nagell, og Grung 2003). Transparens inneber at andre kan sjå kva som er gjort i eit forskingsarbeid, for å sjekke validiteten og bygge vidare på tidlegare funn. For forskarar er difor publisering i meritterande publikasjonar viktig. Dette gjør det mogleg å akkumulere kunnskap, og å undersøke om noko er gjort tidlegare.

I følgje Sundin (2003) kan ulike handlingar, ferdigheiter og artefaktar vere med på å rettferdiggjere medlemskap i ein profesjon (*community of justification*). Eit døme er

informasjonskompetanse, ein ferdigheit som vert brukt for å påverke profesjonell interesse, maktrelasjonar og yrkesidentitet Sundin (2003; 2008). Sundin et al (2008) oppsummerer:

The set of rules of how to relate, intellectually and physically, to librarians, articles and databases construct individuals as `users` within a certain community of justification. An academic discipline `disciplines` its member to behave in certain ways .

Bourdieu (1992, s. 42) meiner at det som skil to område eller felt frå kvarandre er at ”..man bestämmer vilka insatser och interessen som är specifika för fältet, som endast kan uppfattast av den som formats för att träda in i fältet och som inte går att reducera til insatser och interessen inom andre fält”. Seldén (2004) er sterkt influert av Bourdieu og konkluderer med at det ei sosial gruppe erkjenner som viktig, vert tillagt verdi. Bourdieu bruker omgrepet akademisk kapital for det som vert identifisert som verdifullt i academia. Ut frå dette har Seldén utleidd omgrepet informasjonssøkingkapital som ein kompetanse som er med å identifisere forskarar. Seldén hevdar vidare at det aristoteliske idealet om sjølvstende, kunnskapssøking som eit mål i seg sjølv og individualitet er sentrale kjenneteikn ved forskning, men viser at ”[p]aradoxen om identitet och legitimitet är dock också närvarande. Man måste vara tillräcklig lik medlemmarna i gruppen för at ha identitet som forskare, men man måste vara tillräckligt självstendig för att ha legitimitet som sådan.” Han hevdar at angst er ein påfallande side ved forskarrolla, dei er usikre på om dei duger, har funne det dei treng osv. Informasjonskompetanse er viktig for ein akademikar og Rafste og Sætre (2008) koplar dette mot danning. Ikkje nødvendigvis det vi ofte tenker på som ”innvielse i kulturarven”, men vel så mykje ferdigheiter, etisk refleksjon og sosialisering til ei rolle.

Filstad (2004) hevdar at det tek kort tid for nytilsette å finne rollemodellar og på den måten imitere åtferd. Nytilsette blir karakteriserte som sjølvsikre, effektive og med eit velutvikla konkurranseinstinkt.

Vi ser at tilgangen til eit felt som forskning krev at ein er lik det som er idealet i dette feltet og i følgje Seldén er informasjonssøking døme på ein verdifull kompetanse som gir tilgang og rettferdiggjjer medlemskap i forskarrolla.

2.1.1 Fagområdet *business*

Det er uklart om økonomar og marknadsførarar har klare artefakter og handlingar som identifiserer disiplinen. Seldén (2004) meiner at bedriftsøkonomi ikkje er eit eige felt, men er i nært slekt med nasjonaløkonomi. Fagområdet har eit veldig sterk utilitarismefokus. Studien

blei gjennomført i perioden 1989-93 og på denne tida stod bedriftsøkonomi som akademisk disiplin svakt. Seldén skildrar dei unge doktorgradskandidatane som entusiastisk fortel om at det er eit slags paradigmeskifte i feltet med ei endring frå harde til mjuke fag og dermed større vekt på psykologisk innsikt (jf. Benitos kommentar på s. 4). Dette skiftet betydde òg ei endring frå kvantitative til kvalitative metodar i datainnsamlinga. Blant informantane hans var det fleire som såg på seg sjølve som samfunnsvitarar heller enn bedriftsøkonomar, og nokre av dei karakteriserte forskingsområde som ein slags ingeniørkunst på økonomiens område. Innan bedriftsøkonomisk forskning har det vore mykje anvendt oppdragsforskning.

Becher og Trowler (2001) klassifiserer disiplinlar som ”harde reine”, ”harde anvendte”, ”mjuke reine” og ”mjuke anvendte”. Mjuke disiplinlar er ofte kjenneteikna ved at det er liten konsensus om kva som konstituerer eit autentisk og viktig bidrag til kunnskapingsprosessen. Marknadsføring og ledelsesfag er døme på mjuke anvendte fagområde (Neumann og Becher 2002; Webber, Boon, og Johnston 2005). Eg har slutta meg til at finans og økonomi er meir harde disiplinlar, men er usikker på om dei er anvendte, eller ”reine”. Det viktigaste for denne oppgåva er at denne gruppa skil seg frå dei mjukare disiplinane, og blir t.d. skildra som ”know how with hard knowledge” (Becher og Trowler 2001, s. 36). Tal (rekneskap, valuta) kan reknast som hard kunnskap. Businessfag består altså av både harde og mjuke anvendte disiplinlar som kan påverke informasjonssøkeåtferda i ulik grad.

2.1.2 Om ph.d-kandidatar

Norske doktorgradskandidatar er både studentar og midlertidig tilsette ved institusjonen. Dei får løn, men følgjer studieløp med varierende grad av obligatoriske studiepoeng og eksamenar. I ein rapport om stipendiatar organiserte i Forskarforbundet (Thune og Olsen 2009) blir det vist at det har vore ein sterk vekst i stipendiatstillingar. Gjennomføringstida ligg på ca. 5.5 år. Dei viser til trendar i forskarutdanninga der det går mot større merksemd mot kvalitet i utdanninga, organisering av forskning og forskaropplæring og doktorgradens relevans for seinare yrkeskarriere. Dei fleste er fornøgde med bibliotek og bibliotekservice (ca. 82%). Vidare står det i denne rapporten at gjennomsnittsalderen på doktorandar i samfunnsfag ved disputas i 2010 var 38,1 år.

I NIFU sitt magasin *Doktorgrader i tall* (Olsen 2012) blir det meldt at talet på utanlandske kandidatar er aukande, og i 2011 var den på 19% innan samfunnsfaga. Innan teknologi ligg andelen på rundt 63%. Det var ca. 46% kvinner blant dei som disputerte.

I ein artikkel om rettleiing i *Forskerforum* (Lindstad 2012, s. 17) blir det sagt at doktorgradar innan humaniora og samfunnsfag ofte er sololøp. Innan medisin og naturvitskapane skriv dei ofte som deltakarar i større forskingsprosjekt. Professor og rettleiar Trine B. Haugen seier at det i stor grad er eit avhengigheitsforhold mellom rettleiar og kandidat, og prosjekta deira er heilt avhengige av å ha stipendiatar som jobbar for dei. Berit Nordahl åtvarar: ”Man må passe seg for å gjøre studenten mest mulig lik seg selv”.

Oppsummering

Ph.d.-kandidatane er i ei mellomstilling mellom student og forskar/yrkesliv. Forsking krev aktiv og sjølvstendig deltaking i kunnskapsprosessar. Det å beherske og kjenne til artefakter (informasjonsressursar) og ferdigheiter (informasjonssøking) knytt til forskarrolla, som informasjonsressursar, befestar medlemskap i profesjonen. Ph.d.-kandidatar på BI høyrer til både harde og mjuke anvendte fagområde, noko som òg får konsekvensar for kva forhold dei har til bibliotekets tenester og ressursar. Innanfor samfunnsfaga er ein i liten grad med i eit forskarnettverk og skriv åleine. Det er sterk vekst i stipendiatstillingar og det er tydeleg at stipendiatane i større grad er internasjonale studentar.

2.2 Forskarar og bibliotekbruk

Her vil eg presentere noko av forskinga som går på bibliotekbruk i UH-sektoren med særleg vekt på forskarar og stipendiatar, men òg nokre tilvisningar til studentar og deira bruk av bibliotek kan vere aktuelle for studien min. I følgje P. Wilson (1983, s. 165) er biblioteka ”storehouses of knowledge” og problematiserer dette med at dei kanskje i like stor grad representerer mening som informasjon. Eg meiner dette er ein god og dekkande forståing av kva eit bibliotek skal vere. Likevel viser fleire studiar at det i stor grad er det fysiske rommet, dei fysiske fasilitetane og bøkene som framleis konstituerer fenomenet bibliotek (t.d. Sentio Research 2010 og Hermanrud 2011). Sistnemnde viser at studentane òg opplever biblioteket som ein læringsarena og ikkje berre ei boksamling. Kuhlthau (2004) meiner at studentar ser på biblioteket som ein stad der det er forventa at dei skal klare seg sjølve.

2.2.1 Forskarar innan bedriftsøkonomi og informasjonssøking

Lars Seldén (2004) hadde ein hypotese om at informasjonsressursar som er tilgjengelege for forskarane ikkje blir brukt eller nytta. Han ville undersøka i kva grad informasjonssøking var

viktig og attraktiv for forskarar innan bedriftsøkonomi. Studien tok for seg forskarar innan rekneskap og revisjon, administrasjon og organisasjon, distribusjon og marknadsføring og kostnads- og inntektsanalyse. Han brukte deltakande observasjon ("bibliotekaren som hjalp til") og intervju. Han viser til fleire studiar som viser at forskarar har eit svært arrogant og nesten fobisk forhold til det å ta i bruk tidlegare forskning gjennom systematisk leiting etter litteratur. I undersøkingane han viser til, vert det litt flåsete slått fast at forskarane synest det er meir nyttig å reise langt av garde for å treffe ein forskar til uformell samtaler, enn å gå trappa opp til biblioteket, og omtaler det som "forskernes flukt" frå biblioteket.

Hovudfokuset i den siste delen av studien til Seldén var å undersøke korleis forskarar kom fram til problemstilling og forskingsspørsmål, og korleis dei brukte informasjonssøk i samband med dette. Seldén intervjuar både unge uerfarne, unge erfarne og eldre uerfarne og erfarne forskarar sidan han meinte at erfaring påverka informasjonssøkeprosessane. Som bibliotekar var han forundra over at forskarane vurderte den uformelle "sosialt orienterte informationssökningen" som den viktigaste og den formelle ("bibliotekarens verktyg") som upålitelig, lite førermålstenleg og samstundes uproductiv (Seldén 2004, s. 129). Forskarane dyrkar heller det som blir kalla *invisible colleges* enn å søke opp litteratur: "Det man inte hämtar i litteraturen eller via sekundärkällor, det får man söka hos personer" (Seldén 2004, s. 51). Han meiner at uformelle og formelle søkestrategiar må vere komplementære.

Av andre interessante funn viser han at det var "påfallande goda relationer i vertikal riktning, handledare – forskarstuderande" (s. 180), sjølv om det òg blei fortalt om motsette relasjonar. Doktorandane og lite erfarne forskarar stolte på rettleiarens relevansvurdering av litteratur.

Seldéns materiale er farga av at hans studie blei gjennomført for ca. 20 år sidan. Då var forskarane i stor grad avhengige av ein bibliotekar for å få utført søk i databasar. I løpet av studien var det fleire som vart kjend med Seldén og han blei inkludert i deira nettverk. I dag kan forskarane sjølv utføre dei søka Seldén utførte for sine kollegaer.

Seldén slår fast at informasjonssøking er integrert i forskarens kvardagspraksis, men blir utnytta i varierende grad. Det var spesielt skilnaden mellom det han kalla formell informasjonssøking og uformell informasjonssøking han har identifisert. Seldén viser òg til at kandidatane opplevde sjølvstendekravet både som ei tvangstrøye pålagt av omverda og ein personleg identitet hos dei sjølv.

2.2.2 Ph.d-kandidaten og biblioteket

I denne delen vil eg presentere fleire studiar av kva som identifiserer doktorgradskandidatar, ei rolle midt mellom student og forskar, og kva forhold dei har til bibliotektenester.

Artikkelen "From student to scholar" (Fleming-May og Yuro 2009) tek for seg doktorgradskandidatar innan samfunnsvitskaplege disiplinar. Forfattarane hevdar at bibliotekarar har hatt lite fokus på bibliotekets bidrag i doktorkandidatens forskingsprosess. Årsaka kan vere at det er for få bibliotekarar som kjenner forskingsprosessen og sjølve har formell utdanning som tilseier kjennskap til denne. Forfattarane viser til ein upublisert studie av Fleming-May der ho fann ut at ca. 83% av UH-bibliotekarane ikkje kjende til eller i liten grad kjende til forskingsprosessen fordi dei hadde for låg utdanning. Berre 4% av dei hadde eigne doktorgradar.

I Fleming May og Yuro (2009) kjem det fram at studentane sjølv meiner dei beherskar søkeverktøya. Men gjennom kommentarar blir det klart at det er eit gap mellom det dei seier dei kan, og det bibliotekaren oppfattar som mangel på forståing av eller kunnskap om bruk av bibliotekets ressursar. Overgang frå student til doktorgradskandidat kan vere stor, og løpet er prega av å vere ein sosialiseringssprosess og eit skifte i identitet frå konsument til produsent av kunnskap. I dette ligg det òg forventningar om å skulle klare seg sjølv.

Forfattarane er overraska over kor stor tillit informantane hadde til databasen JSTOR, som har svært dårlege søkemuligheiter og embargo og konkluderer med at JSTOR må ha vore gode til å promotere merkevaren. Dei viser at nøsting⁹ er ein svært viktig metode for å finne litteratur. Studien viser at ph.d.-kandidatane får avgrensa hjelp frå rettleiarane og andre faglege, signifikant hjelp frå ph.d.-kollegaer, og ubetydeleg hjelp frå bibliotekarar. Forfattarane fant at det var lettare å spørje om hjelp som masterstudent enn som ph.d.-kandidat. Det er verdt å merke seg at proaktive bibliotekarar blir lagt merke til. Kandidatane uttrykte at dei var redde for å bruke tid på uvesentlege ting som kurs i informasjonssøking.

Green og Macauley (2007) hevdar at ph.d-kandidatar er *intentional learners*, dvs. dei er sjølvregulerte og svært motiverte for å forme sin eigen kvardag i staden for å vente på at ting blir gjort for dei. Studien samanliknar amerikanske og australske ph.d.-kandidatar. Her viser dei at dei uerfarne startar med generelle og kjende søkemotorar eller basar, gjerne Google og Eric, og går vidare til meir spesifikke og ukjende ressursar seinare i ph.d.-studiet. Dei fant at informantane sette pris på ein-til-ein rettleiing og den kunnskapskonstruerande

⁹ Gullbekk (2012) kallar det referansesporing. Seldén kallar det snøballmetoden, eller kjedesøking. Han har valt å ikkje inkludere søking i siteringsindekser i dette omgrepet. Eg gjer heller ikkje det og omtalar dei separat.

effekten slike møte har. Dei brukte bibliotekaren til rettleiing i eller hjelp til informasjonssøking. Forfattarane er opptekne av at bibliotekarar ikkje må fokusere på feil og manglar ved kandidatanes informasjonsferdigheiter sidan dei er høgt motiverte for å skaffe seg oversikt over litteraturen. Green og Macauley (2007, s. 328) oppfordrar bibliotekarar til å; ”encourage an understanding of information as a process of discovery and constructing meaning rather than a process of accumulation”. Informasjonskompetanse er meir enn eit sett med ferdigheter. Difor bør bibliotekarar heller invitere til “examination of learning” enn å lære bort informasjonsferdigheiter sidan kandidatar set pris på å diskutere sine forskningstema.

I ein seinare studie stadfestar Green (2010) at doktorgradskandidatars informasjonskompetanse i like stor grad handlar om personlegdom og ein indre motivasjon for læring. Ho meiner at bibliotekarar har ein tendens til å sjå på manglande ferdigheiter som teikn på det *information illiteracy* noko som bibliotekaren tolkar som prov på at deira rettleiing er avgjerande for kandidatanes kompetanse.

Arguello (2011) fann ut at ph.d.-kandidatar innan business-faga beherskar ordinære litteratursøk (bøker/artiklar), men er usikre og ønskjer hjelp til å identifisere grå litteratur (konferanserapportar, forskingsrapportar og juridisk informasjon). Berre to av 25 informantar kjende til korleis dei skulle utføre ulike siteringssøk. Svært mange er usikre på handtering av referansar og kjennskap til program som Endnote, Zotero mm.

H. R. Jamali og Nicholas (2008) finn at yngre forskarar tenderer mot å stole meir på ISI enn sine eldre kollegaer. Dei yngre var òg opptekne av å ha abonnement på varslingsstenester. Berre 3% av kandidatane hadde tillit til Google Scholar. Ph.d.-kandidatane var blant dei som var minst interesserte i å halde seg oppdaterte. Dette kan ha noko å gjøre med at dei framleis er i ein læreprosess og ikkje definerer det som å vedlikehalde og utvikle spesialkompetansen. Nøsting var mest attraktivt, deretter søk i databasar og å gå gjennom e-tidsskrift.

For å oppsummere: Doktorgradskandidatar er høgt motiverte og lever opp til forventninga om at dei skal klare seg sjølve og meiner sjølve at dei er det vi bibliotekarar forstår som informasjonskompetente. Studiar som testar kompetansen og ferdigheiter viser likevel brist i informasjonsferdigheitene. Dei liker i liten grad å be om hjelp og spesielt ikkje frå bibliotekaren. Nøsting er ein viktig metodikk for å finne litteratur. Det kan sjå ut som om dei yngre og uerfarne bruker tenester og teknikkar meir systematisk enn eldre forskarar.

2.2.3 Norske studiar om ph.d-kandidatar og bruk av bibliotektenester

I denne delen vil eg presentere tre nyare norske rapportar om doktorgradskandidatar og bibliotekbruk. Dei er viktige for å forstå min studie og har difor fått stor plass.

”Den som søker finner: en kvalitativ undersøkelse om hvordan studenter og forskere søker informasjon og litteratur på internett”

I ein rapport frå Norges tekniske universitetsbibliotek (Sentio Research 2010) har dei intervjuet alt frå bachelorstudentar til forskarar om informasjonssøking. Her er dei opptekne av at kandidatane søker informasjon på ulike måtar gjennom ulike fasar av doktorgradsløpet, sjølv om dei søker heile tida. Dei som arbeider innan sære fagfelt bruker heller kontaktnettet sitt, enn formell informasjonssøking. Google er det viktigaste søkeverktøyet, sjølv om dei bruker databasane til ein viss grad. Dei tillegg ikkje bibliotekets undervisning særleg nytte og meiner at søkevanar har vakse fram gjennom tips frå andre. BIBSYS blir opplevd som tungvint og lite intuitivt og meir som eit hinder i informasjonssøkeprosessen. Kandidatane kjøper heller bøker og det er svært sjeldan at dei bestiller artiklar. Doktorgradskandidatar er opptekne av at litteraturen skal vere ”[...] ny, skrevet av noen med faglig autoritet og i et tidsskrift høyt oppe i hierarkiet” (s. 6). Dei opplever ikkje biblioteket som ein viktig informasjonsleverandør sidan dei stort sett finn det dei leiter etter sjølve. Får dei problem spør dei kollegaer, eller kontaktar forfattern direkte. Samstundes meiner dei at bibliotekets viktigaste oppgåve er å tilby litteratur. Dei framhevar at bibliotekarane er ein viktig ressurs og ønskjer at bibliotekarane skulle vere meir tilgjengelege via chat-tenester. Faber og Taylor (2010) gir ei oversikt over kva slags undervisningstilbod stipendiatar ved NTNU får. Etter det eg kan sjå er det stort sett informasjonssøking, søkestrategiar og referansehandtering som står programmet, inkludert forskningsetiske problemstillingar som er tema. Kursa er integrerte i anna undervisning, men ikkje poenggjevande.

”Information management for knowledge creation”

Studien er eit større samarbeidsprosjekt mellom biblioteka ved universiteta i Oslo, Bergen og Aalborg, Høgskolen i Bergen og Norges Handelshøyskole (Gullbekk et al. 2012).

Kartlegginga har mellom anna som mål å identifisere behov for og produksjon av nettbaserte opplæringsmodular tilpassa denne gruppa. Dei har brukt ein metode som blir kalla for *scoping* og laga ein litteraturoversikt basert på analyse av 55 artiklar. Litteraturgjennomgangen er svært interessant og omhandlar artiklar om kandidatars søkeåtfærd, publiseringspraksis og

forhold til bibliotekets undervisnings- og rettleiingstilbod. Eit interessant ”metafunn” her er at dei har talt opp kor mange referansar dei har funne ved hjelp av systematisk søking og nøsting i referansar. Dette fordeler seg ulikt på dei tre temaa og viser kor forsiktig ein må vere med å berre bruke ein metode i litteratursøkinga. I tillegg gjennomførte dei fleire fokusgrupper (inkludert ei gruppe med rettleiarar).

I litteraturstudien (Gullbekk et al. 2012, s. 22) viser dei til studiar som hevdar at rettleiarane meiner det er svært viktig ”[...] å gjøre et grundig litteraturarbeid og håndtere referansene korrekt”. Kandidatane meiner også dette er viktig, men trass i at dei har fått opplæring i dette viser det seg at det er få som gjer det.

Gullbekk et al. (2012) viser vidare at det er kandidatens problemstilling som legg føringar for informasjonsbehovet. Komplekse problemstillingar krev ulike kjelder og med det kompetanse i å meistre ulike verktøy. Dette krev heilt andre tilnæringsmåtar enn bibliotekets tradisjonelle og fagspesifikke undervisningstilbod. Dei oppsummerer med at kandidatane bruker generelle tverrfaglege basar i starten og går over til meir spesifikke seinare i studieløpet og konkluderer med at kjeldene vert brukte til ulike formål og i ulike stadium.

Rapporten viser at kandidatane opplever at dei har gode søkeferdigheiter. Dette strir mot rettleiaranes vurdering av dei same ferdigheitene hos kandidatane. Likevel innrømmer kandidatane stor usikkerhet i forhold til om dei har dekkja aktuell litteratur i faget. Kandidatane vil gjerne vere sjølvstendige. Det er risikabelt å avsløre ”manglende informasjonskompetanse i faglige sammenhenger” (s. 2), og dei bruker i liten grad bibliotekaren til å finne litteratur. Samstundes blir det etterlyst meir bibliotekteknisk støtte som søking og referansehandtering.

Eit anna interessant funn hos Gullbekk et al. (2012) er at det ser ut som om tilgang er eit viktig seleksjonskriterium for val av litteratur til eigne prosjekt. Dette tyder på at det er viktigare at artikkelen er tilgjengeleg elektronisk enn at den er relevant. ”Det er mer attraktivt å forfølge et tips om en artikkel som man forventer er elektronisk, enn en bok man må hente ved biblioteket eller bestille inn” (s. 84). Bruk av biblioteket er ein frustrerande omveg med rutinar og ventelister og med det påfølgande purringar og i den grad dei kan unngå å bruke biblioteket gjer dei det og bestiller gjerne ein artikkel direkte frå forfattar. Men rapporten viser òg at dette kan vere eit resultat av manglende kunnskap om kva muligheiter kandidatane har. Kandidatane brukte ulike strategiar for å innhente forskingslitteratur, men veit at ein metode ikkje kan dekke heile informasjonsbehovet.

I nokre tilfelle etterlyste kandidatane 24/7-bibliotekaren og viste at dei treng støtte utover ordinær arbeidstid. Kandidatane uttrykte eit stort behov for å ha samarbeidsarenaer med andre kandidatar og fann det meir nyttig å lære av medstudentar enn av bibliotekar eller rettleiar. Eit anna aspekt dei legg vekt på er at kandidatane må sleppe å blottleggje manglande kunnskap og ferdigheiter overfor andre. Eit av hovudfunna er at effektivisering av bibliotekets ressursar og tenester er viktig for kandidatanes arbeidskvardag og at informasjonssøking blir sett på som tidkrevjande og noko ein har lite lyst til å bruke tid på.

Informantane i rapporten ser i liten grad ut til å bruke *impact factor* som ein objektiv kvalitetsindikator når dei skal vurdere ein artikkel. Det kan sjå ut som det går eit skilje mellom mjuke og harde disiplinær, dvs. at *impact factor* er meir aktuelt innan naturvitskapane og medisin og spesielt aktuelt når det gjeld å velje publiseringskanal. Felles for alle disiplinær er at nøsting er den viktigaste metoden for å halde seg oppdatert.

Rapporten konkluderer med at litteratursøking høyrer til forskingens tause kunnskap og dette må ein ta høgde for når ein skal utarbeide undervisningsmaterieil.

"Information behavior and practices of Phd-students"

Denne studien (Drachen, Larsen, Gullbekk, Westbye, og Lach 2011) blei utført omtrent samstundes med Gullbekk et al. (2012) sin studie. Studien er ei kartlegging av informasjonsbruk ved UiO, Universitetet i København og Universitetet i Wien ved hjelp av metodetriangulering med ein kvantitativ spørjeundersøking og intervju av doktorgradskandidatar. Dei peiker på at kandidatane etterspør tenester biblioteket allereie har og konkluderer med at biblioteka må bli betre til å marknadsføre desse. Tilgang er viktig og kandidatane avskriv vanskeleg tilgjengeleg litteratur, noko som fører til av viktig materiale kan bli oversett. Studien viser at ferdigheiter knytt til informasjonskompetanse er etablert før dei tek til på ph.d.-løpet. Kandidatane bruker varierte metodar for å skaffe seg litteratur og ønskjer spesielt at bibliotekets katalog må bli meir intuitiv. Referansehandteringsprogram er mindre brukt enn forventa, men bruken er høgare i Oslo enn i Wien. Forfattarane tolkar dette slik at bibliotekets rettleiing og kurs må effektiviserast og bli meir skreddarsydd. I Wien ønskte dei seg betre arbeidsplassar og møteplassar i biblioteket. I Oslo er det jus-studentar som sit i biblioteket.

Vidare ser forfattarane nærmare på om forskingsdisiplin påverkar informasjonsåferd. Dei har kategorisert ph.d.-kandidatane i store grupper som naturvitskap og samfunnsfag (som inkluderer så ulike fagområde som økonomi, businessfag og antropologi). Kandidatane brukar

ikkje objektive kvalitetsindikatorar som *impact factor*, fordi dei ikkje stoler på dei. Dei oppfattar vitenskaplege konferansar som viktige møteplassar, dei opplever informasjonssøk som kaotisk og lite planlagde. Biblioteket blir sett på som ein viktig informasjonstilbydar, men ved minste hindring vert boka kjøpt. Det er ein viss frustrasjon å spore på grunn av litteratur som ikkje er på hylla, at dei ikkje finn det dei veit eksisterer, og mangel på tilgang til viktige databasar. Det ser ut som om det er lite tradisjon for kunnskapsdeling mellom kandidatane.

Oppsummering

Kandidatane føler dei beherskar informasjonssøking og handtering av litteratur, og dei kontaktar biblioteket i liten grad. Kvalitetsindikatorar som *impact factor* blir brukte i liten grad. Google er viktig i søking, men blir komplettert med databasar. Det kan sjå ut som om tilgang begynner å bli eit seleksjonskriterie.

2.3 Informasjonskompetanse og informasjonssøking

I denne delen vil eg leggje vekt på ulike forhold som legg føringar for kva behov ph.d.-kandidatane har for bibliotektenester og –ressursar. Kunnskap om slike forhold er viktige for å kunne møte informasjonsbehova deira på ein best mogleg måte på ulike stadium i ph.d.-løpet, og vil kunne seie noko om når det vil vere aktuelt å kontakte ulike informasjonssystem. Slik kunnskap om informasjonskompetanse kan også gi ein peikepinn på kva rolle biblioteket og bibliotekaren spelar for doktorgradskandidatar på ulike stadium.

2.3.1 Informasjonsbehov og emosjonelle forhold

Det å identifisere eit informasjonsbehov og å gjere noko med det handlar om å skape mening gjennom handling, eller *sense-making* i Brenda Dervins (1992; 2010) terminologi. Gapet mellom behov og handling blir kalla ei kognitiv kløft og kan vere uttrykk for både eit bevisst og ubevisst identifisert informasjonsbehov. Kløfta skaper usikkerheit som kan reduserast gjennom handlingar som er individuelle og kontekstavhengige. Seldén (2004, s. 68) uttrykker det slik: "[...] et informationsbehov oppstår ur en oppdagad anomali i användarens kunskapsstatus". T. D. Wilson (2006) stadfester at dette kan gje ei vag kjensle av usikkerhet og uro som må reduserast og meiner det er like mykje kjenslemessige behov som triggjar informasjonsåtferd som kognitive. Det kan ligge ei viss makt i å vise at ein har kunnskap andre ikkje har.

Det er først når ein kan formulere eit informasjonsbehov at ein nyttar formelle kanalar som biblioteket og ulike informasjonsressursar (Seldén 2004; T. D. Wilson 2006). Det å konsultere eksterne kjelder som rettleiar eller informasjonsressursar er strategiar for å redusere den kognitive kløfta, i denne samanhengen å dekke eit informasjonsbehov.

Også informasjonsoverflod kan føre til frustrasjon, men i følgje P. Wilson (1996, s. 30) kan ei relevansvurdering motverke dette: "[...] we can remove a source of dissatisfaction by redefining relevance". Seldén (2004, s. 133) viser til at forskarane i hans studie var samde om at dei ikkje kunne rekke over alt, og at kunnskapsanomaliar ikkje nødvendigvis utløyste frustrasjon: "[...] om det inte går att täcka allt, så får man nöja sig med 'tilräckligt'".

Målet med ei doktoravhandling er kunnskaping og kunnskapsutvikling, det vil seie å redusere eit kunnskapsgap. I studien til Sundin et al. (2008) kjem det fram at studentane ikkje ser på informasjonssøking som meiningsskapande, og dermed ikkje er viktig og avgjerande for studiet deira. Difor hevdar forfattarane at det er dette vi må leggje vekt på når vi skal skape forståing for kor viktig god søketeknikk er for å tilfredstille eit informasjonsbehov på dette nivået. På den andre sida hevdar Seldén (2004) at erfarne forskarar opplever informasjonssøking som identitets- og meiningsskapande.

Som vi ser er det knytt emosjonelle forhold og psykologiske prosessar til informasjonsbehov, som det at ei uro må reduserast gjennom meiningsskapande handlingar. Det viser seg at folk òg er redde for å avdekke inkompetanse, eller å bli overlessa av informasjon ein ikkje klarer å sortere ut (Kuhlthau 2004; P. Wilson 1996). Tilgangen til Internett lettar ikkje denne angsten, meiner Kuhlthau. Denne angsten, eller kjenslemessige uroa kan spele ei rolle når ein skal sjå på misforholdet mellom "mangel på kompetanse" og "mangel på vilje til å tileigne seg denne" som vi såg i Drachen et al. (2011).

2.3.2 Informasjonskompetanse

I samanheng med denne studien er det viktig å forstå kva som ligg i omgrepet informasjonskompetanse. Eg ønskjer å finne ut i kva grad ph.d.-kandidatane beherskar informasjonssøking, på kva læringsarena dei har tileigna seg dette og om dei opplevde undervisninga som nyttig.

Tuominen et al. (2005, s. 339-340) hevdar at du er informasjonskompetent innanfor eit område viss du kan kjenne att og evaluere (lese) og produsere (skrive) innan dette området. Du må òg kunne vurdere litteraturen og beherske basisferdigheiter i informasjonssøking og teknologien som høyrer med disiplinen.

I mange åra har det blitt publisert ei rekke artiklar som framhevar "beste praksis" på ulike område, og blant praktikarane ute i biblioteka har denne erfaringsutvekslinga vore viktig. Forskarane på si side har i større grad sett på informasjonskompetanse i eit teoretisk perspektiv. Tuominen, et al. (2005) hevdar at bibliotekarar tradisjonelt har sett på informasjonskompetanse som "fakta-finning", med fokus på ferdigheiter og konkrete kunnskapar. Bibliotekarar forstår informasjonskompetanse som ei individuell ferdigheit, dvs. generisk og kontekstuavhengig. Kritikarar hevdar at bibliotekarar listar opp informasjonskompetanse som ei slags handleliste over ønska atferd og formidlar dette ofte som ei litt ordinær og kjedeleg øving du må gjennom for å bli ein kompetent student og seinare forskar. Enkeltstående kurs i informasjonssøking er døme på kontekstuavhengig undervisning som mange forskarar dermed hevdar har liten læringseffekt (Limberg, Alexandersson, Lantz-Andersson, og Folkesson 2008). Du kan ikkje ta med deg det du lærte i ein kontekst direkte til ein annan.

Tileigning av informasjonskompetanse er ikkje berre ein individuell kognitiv ferdigheit, men òg eit resultat av ein sosial praksis, ein kommunikatív interaksjon mellom folk og mellom folk og artefaktar (Limberg et al. (2008); Tuominen et al. (2005)). Individet er avhengig av kollegaer og andre støttefunksjonar. Kunnskap og informasjon blir meningsfull innanfor ein diskursiv praksis som ein undervisningsinstitusjon er (Limberg et al. 2008). Sosial praksis og teknologi konstituerer kvarandre (Tuominen et al. 2005).

Julien og Williamson (2011) diskuterer spenninga mellom ei praktisk tilnærming, som bibliotekarane er opptekne av, og ei teoretisk forståing, som forskarane er opptekne av. Forskarane tenderer mot å sjå på dette i reine teoretiske rammer, og analyserer og dekonstruerer omgrepet informasjonskompetanse. Praktikarane skildrar og tilrår måtar å undervise på for at brukaren skal tileigne seg informasjonskompetanse (eit konstruktivistisk aspekt). Forfattarane meiner at informasjonskompetanse må handle om meir enn å "know how with information" og viser at desse to diskursane sjeldan er i kontakt med kvarandre. Dei meiner at unnataket er Carol Kuhlthau. Dei peiker vidare på at forskarane har ein einseitig kritikk av praktikarane si forståing av informasjonskompetanse og kritiserer forskarane for at dei har for lite empiri bak sine teoretiske rammeverk. På den andre sida meiner artikkelforfattarane at praktikarane er for lite opptekne av teori.¹⁰

¹⁰ Sundin (2008) supplerer forskinga ved å kombinere empiri med teoretisk refleksjon og vidarefører arbeidet til Kuhlthau.

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (2009) krev at all undervisning skal gje læringsutbytte. God undervisning er krevjande, spesielt med tanke på personalressursar, og difor ønskjer bibliotekleingar mange stader å måle nytte og effekt av undervisning. Pors (2010) og Oakleaf (2011) hevdar at det er klare indikasjonar på at når bibliotekets undervisning er godt integrert i institusjonens øvrige undervisning, så aukar også graden av informasjonskompetanse og dermed læringsutbyttet. Vidare er det i følge Tuominen et al (2005) slik at dei viktigaste aspekta ved informasjonskompetanse er dei du ikkje kan måle. Kunnskap er ikkje lokalisert i teksten eller i hovudet på enkeltindivid, men blir skapt i interaksjon i nettverket av aktørar og artefaktar. Oakleaf (2011) gjentek dette og viser at ein av grunnane er at den kunnskapen og dei ferdigheitene dei tileignar seg, ofte kan karakteriserast som taus kunnskap og difor er vanskeleg å måle.

Denne diskusjonen er brei og interessant, og forståinga av diskusjonen vil danne eit bakteppe for å forstå kva ein ph.d.-kandidat har fått av undervisning og mogleg læringsutbytte. Gullbekk et al (2012) viser til studiar (t.d. Streatfield 2008) som hevdar at bibliotekets undervisning må integrerast i metodeundervisninga kandidatane har. Her kan ein synleggjere relevante sider ved informasjonskompetanse i ein kontekst knytt til forskingsprosessen deira. På den andre sida er det òg viktig å ha med seg perspektivet Green (2010) og Green og Macauley (2007) er oppteken av, nemleg at informasjonskompetanse er ein personleg eigenskap i større grad enn bibliotekarens fortene.


Ulike disiplinær og informasjonskompetanse

Fleire studiar konkluderer med at informasjonsåtfærd varierer avhengig av disiplin (Arguello 2011; Drachen et al. 2011; Fleming-May og Yuro 2009; H.R. Jamali og Nicholas 2010; Webber et al. 2005). Webber et al. (2005) undersøkte om dei kunne finne ut om ulike disiplinær hadde ulik forståing av kva som ligg i omgrepet informasjonskompetanse. I denne artikkelen hevdar dei at forskarar i engelsk og marknadsføring har dette. Marknadsførarane kan til ein viss grad kan vere representantar for dei mjuke, anvendte fagområda på BI. Dei hadde fleire ulike forståingar av omgrepet og skilde seg ut ved at dei var opptekne av mange ulike informasjonsressursar og kjelder som artiklar, bøker, marknadsrapportar, datasett mm. Trykte og digitale dokument blei oppfatta som likeverdige. Dei var òg opptekne av at undervisninga skulle ha relevans utanfor akademia og at studentane lærte seg å handtere informasjon i ulike kontekstar. Informasjon skal ha ei meining og vere nyttig. På den andre sida var engelskforskarane meir opptekne av informasjonens ibuande danningperspektiv.

Dei aller fleste lærebøkene i marknadsføring har eit kapittel om informasjonssøking, noko som gjer at desse forskarane er meir fortrulege med informasjonsomgrepet og ser på informasjonskompetanse som ein kjernekompetanse i faget. Det å utvikle ferdigheiter i kritisk tenking vert omtala som "higher order information skill", dvs. det å forstå og tolke informasjon. Marknadsforskarane er opptekne av både det kontekstuavhengige og det kontekstavhengige perspektivet. Konklusjonen i artikkelen er at bibliotekarar må engasjere seg i den fagleg og sosiale diskursen i disiplinen i staden for å tenke at informasjonskompetanse utelukkande er ein generisk ferdigheit som kan målast mot ein standard. Det vil gjere oss i stand til å delta i ein diskusjon der vi med vår kunnskap kan vere med å utvikle kritisk tenking hos studentane.

2.3.3 Informasjonssøking

Informasjonssøking kan vere formell som systematisk søking etter dokumenter i databasar ("biblioteksorienterad informationsökning") og uformell som det å hente informasjon frå nettverk, altså ved å gå utanom formelle kanalar ("sosialt orienterad informationsökning"). (Seldén 2004). I følge Tuominen et al. (2005, s. 340) er ein informasjonskompetent når ein mellom anna behersker "the basic technical skills of information retrieval and computer use". Men desse generiske ferdigheitene må tilpassast ein ein fagområdet kontekst. Det er aktuelt å dvele litt ved dette sidan informasjonssøking er ein viktig aktivitet i ph.d.-kandidatars kvardagspraksis. T. D. Wilson (2006, s. 663) skildrar informasjonssøking i ein komplisert modell som eg har forenkla til mitt føremål:



Han viser at ein brukar vil vere i kontakt med ulike informasjonssystem avhengig av informasjonsbehov og kva kontekst han arbeider i. Ein mediator kan vere ein bibliotekar som utfører eit søk eller teneste. Teknologi kan vere å ta i bruk databasar. Brukaren kan sjølv bruke teknologi for å komme til ressursane. Behov og kontekst styrer val av mediator eller teknologi for å få tilgang til informasjonsressursar.

Formell informasjonssøking

Seldén meiner formell informasjonssøking er bibliotekarens verktøy. Kva slags artefaktar brukar ein for å utføre det formelle informasjonssøket? Eg tolkar dette i dag som å ta i bruk systematisk søking i databasar, abonnere på ulike varslingsstenester osv. Det å sjekke referanselister og kven som har sitert ein spesifikk tekst høyrer òg til ein meir formell teknikk.

Det har vore mykje snakk om at Google tek over for dei tradisjonelle databasane. Fleire studium viser at det i større grad er snakk om kombinasjon av informasjonstenester (Green og Macauley 2007; Gullbekk et al. 2012; Pors 2010). Sistnemnde viser i sin gjennomgang av nordiske brukarundersøkingar at Google ikkje nødvendigvis er ein konkurrent til bibliotekets databasar. Det handlar i større grad om eit samspel, der Google vert brukt eksplorerande i starten på prosjekt og mindre seinare.

I ei undersøking blant vitenskapleg tilsette på BI svarte 44% at dei brukte bibliotekets webside i løpet av veka for å finne informasjon. 64% brukte andre søkemotorar dagleg. Dette viser ein relativ høg bruk av våre ressursar (Association of Research Libraries 2008).

Akselbo (2006) hevdar at studentar bruker Google og databasane på ulik vis i ulike kontekstar. I (H. R. Jamali og Nicholas 2008) sin studie er ph.d.-kandidatane av dei som er minst opptekne av å halde seg oppdatert på forskingsfronten og berre tre prosent av kandidatane stolte på Google Scholar. Bruk av det uformelle nettverket var den viktigaste informasjonskjelda i tillegg til nøsting.

Personlegdom og disiplin påverkar informasjonsåtferd (Akselbo et al. 2006; Drachen et al. 2011; Fleming-May og Yuro 2009; Green 2010; Gullbekk et al. 2012). Samfunnsvitatar føretrekker nøsting og tips frå andre, og systematisk søking ser ut til å vere ein lite utbreidd metode. H. R. Jamali og Nicholas (2008); (2010) hevdar at sjølv innan disiplinær som utanforståande oppfattar som *ein* disiplin, er det store skilnader mellom faggruppene i forhold til informasjonsåtferd (her er fysikk og astronomi harde reine disiplinær). Tips frå andre er mest utbreidd innan naturvitskapane.

Patterson (2009) viser at det ikkje er så mange ph.d.-kandidatar som klarer å lage gode søkestrategiar, som kjenner til trunkering og som bruker kontrollerte vokabular. Vidare er berre 20% av kandidatane fortrulege med å søke i siteringsindeksar. I samband med informasjonssøking og variasjon av metodar kan det vere interessant å minne om Berger og Luckmann (2000) sine teoriar om vanar. Vanar frigjer byrden frå å ta ny avgjerder stadig vekk og kan med det vere med å skape energi, men vanar kan òg stenge for kreativitet.

Uformell informasjonssøking

T.D. Wilson (2006) meiner at munnleg informasjon kan vere å føretrekke framfor den skrivne og at informasjonskanal kan vere styrande for dette valet. Over såg vi at fleire studiar konkluderte med at bruk av nettverk for å få tips frå andre, er ein viktig informasjonskanal for brukarane. Pors (2005, s. 13) peiker òg på at tilgang til dette usynlege kollegiet påverkar informasjonsåtfærd og seier: "Forskere i et sterkt nettverk vil have meget anderledes behov for systematiske informationssøgninger end yngre forskere, der kun i begrænset omfang er dele af et usynligt nettverk". Seldéns informantar skildrar det uformelle usynlege kollegiet informantane løfter fram, som viktig for kunnskapsdeling og læring: "Innehållet i både kaffekoppen och öglaset fick ge näring åt diskussionerna. Kompisgänget var viktigt, men sakområdet skulle man vara ensam om" (2004, s. 181). Kva slags nettverk er dette?

2.3.4 Praxisfelleskapet og kunnskapsdeling

Mennesket er eit sosialt vesen som ønskjer å utveksle erfaring og interagere med andre, og som ofte deltek i det Wenger (2004) omtalar som eit praksisfelleskap. Eit praksisfelleskap er ein uformell læringsarena mellom ei gruppe menneske som deler felles interesser, problemområde og pasjonar. Kunnskaping og kunnskapsdeling er målet. Gjennom diskusjon, interaksjon og deltaking forhandlar dei om meining og deler informasjon, innsikt og råd (Tuominen et al. 2005; Wenger 2004).

Polanyi (2000) hevdar at ikkje all kunnskap kan artikulera og nedfella i artefaktar. Han meiner kunnskap inneheld ein taus dimensjon ("Du veit meir enn du kan fortelje"). Ferdigheiter er kunnskap som i liten grad er enkelt å artikulere og har i seg taus dimensjon som dermed er vanskeleg å formidle til andre. Polanyi meiner at den beste måten å lære bort ferdigheiter på, er gjennom observasjon og aktiv deltaking. Det er spesielt overføring av den tause kunnskapen som er styrken i eit praksisfelleskap. Filstad (2004) påstår at det føregår meir effektiv læring i praksisfelleskapet enn på kurs og gjennom formelle opplæringsprogram.

Taus kunnskap står i motsetnad til eksplisitt kunnskap, som er kunnskap som kan artikulera, kodifisera og enkelt delast med andre. Eit eksempel på slik kunnskap er instruksjonar i enkel informasjonssøking. Forholdet mellom taus og eksplisitt kunnskap er aktuelt i samband med informasjonskompetanse og læring i praksisfelleskapet. Ph.d.-kandidatane deler og tileignar seg kunnskap kontinuerleg. Difor er det viktig å kjenne til at

mykje læring skjer i praksisfellesskapet og at ikkje all kunnskap let seg formidle via informasjonsmateriell og kurs pga den tause dimensjonen.

Oppsummering

Informasjonsbehov kan opplevast som ei vag kjensle som kan skape usikkerhet og uro. For å redusere denne uroa og dekke informasjonsbehovet må det vere mogleg å formulere behovet eksplisitt før ein vender seg til informasjonsressursar og bibliotek.

Informasjonssøking er ei ferdigheit knytt til informasjonskompetanse og vert påverka både av disiplin, rolle og personligdom. Marknadsførarar er opptekne av å utvikle gode informasjonsferdigheiter og meiner dette er ein viktig kompetanse i disiplinen. Formell og uformell informasjonssøking er komplementære handlingar, og avhengig av kontekst nyttar vi ulike strategiar for å finne informasjon. Informasjonsatferd er òg knytt til vane. Uformell informasjonssøking handlar å hente informasjon frå eit uformelt nettverk som m.a. praksisfellesskapet representerar, der tillit er avgjerande for kven du vel å vende deg til.

Undervisning må vere integrert i ein fagleg kontekst for at den skal gje varig læringsutbytte. Grad av informasjonskompetansen kan seie noko om doktorgradskandidatane har tillit til bibliotekets ressursar og tenester og om dei opplever desse som relevante. Det vil òg seie noko om behov for rettleiing i informasjonssøking og navigering i kjelder.

2.4 Kognitiv autoritet

I denne delen vil eg ta for meg kunnskapssosiologen Patrick Wilsons teoriar om kognitiv autoritet. Det å forholde seg til store mengder informasjon og tekst er ein del av forskarrolla. Wilson har vore oppteken av korleis forskarane vurderer og skil ut kva som tilfredsstillar informasjonsbehovet deira og samstundes unngår den frustrasjonen som store informasjonsmengder kan føre til (Wilson 1983, 1996):

We have to explore not what is known about the world but rather what people think about knowledge – how they decide who knows what about what. That is a question about cognitive authority (Wilson 1983, s 10).

Omgrepet ”kognitiv autoritet” er i slekt med eit anna omgrep, ”tillit”¹¹, men er spesielt tilpassa fagområdet kunnskapsutvikling. Difor meiner han det er eit viktig analyseverktøy for bibliotekarar i undervisningsinstitusjonar. Mi forståing av Wilsons omgrep ”kognitiv

¹¹Grimen (2009, s. 14) definerer ”tillit” som det å stole på andre utan atterhald.

autoritet” bygger på boka *Second-hand knowledge* (P. Wilson 1983), men også på følgjande arbeid: Seldén (2004); Sundin (2003); Sundin et al. (2008); og Kungsman (2008).

P. Wilson (1983) formulerte det å tillegge ein artefakt eller ein person vitskapleg tyngd som å tillegge artefakten eller personen *kognitiv autoritet*. Vitskaplege publikasjonar er ytringar i ein vitskapleg samtale mellom spesialistar, der ytringane i etterkant vert forkasta eller akseptert og vektlagt av vitskapssamfunnet.

Sundin (2003, s. 31) oppsummerer Wilsons forfattarskap slik: ”Genomgående i Wilsons författarskap är hur kunskapens auktoritet konstrueras på en samhällig arena i relation till hur det omgivande samhället betraktar kunskapsanspråken”. Han støttar Wilson i at teorien er spesielt viktig for undervisningsbibliotekarar. Biblioteket som institusjon kan ikkje tilleggjast kognitiv autoritet. På den andre sida meiner Grimen (2009) at vi kan ha tillit til enkelte institusjonar som Politiet og Posten. Difor kan denne teorien vere nyttig i forhold til å sjå på kva rolle bibliotekets tenester og ressursar spelar i ph.d.-kandidatens forskingsprosess.

2.4.1 Førstehandskunnskap og andrehandskunnskap

Vi menneske har avgrensa muligheiter til å forstå omverda berre gjennom egne opplevingar, det Wilson kallar førstehandskunnskap (*first hand knowledge*). Avstand til eit fenomen i tid og rom reduserer evna til å forstå fenomenet og lære om det på eiga hand. Kor samansett fenomenet er, spelar også ei rolle: ”The larger the scene to be depicted, the more one has to rely on what others tells you” (P. Wilson 1983, s. 9). For å handtere informasjonsmengder er det difor avgjerande at ein har tillit til andres erfaring og kunnskap, det Wilson kallar andrehandskunnskap (*second-hand knowledge*). Når vi på denne måten har tillit til andres erfaring og kunnskap, tillegg vi desse kognitiv autoritet . Andrehandskunnskap er viktig for å handtere vår forståing av omverda og for å navigere og selektare i store mengder av informasjon (P. Wilson 1996).

2.4.2 Kognitiv autoritet og personar

P. Wilson (1983, s. 14) definerer det å tillage personar kognitiv autoritet på denne måten:

The person whom I recognize as having cognitive authority is one whom I think should be allowed to have influence on my thinking, for I suppose he has a good basis for saying what he does.

Dei seier ikkje kva ein skal tenke, men på ein måte påverkar dei oss likevel. Kognitiv autoritet er nær knytt opp til kredibilitet, dvs. kompetanse og truverd innan ein gitt kontekst "[...] each one is to be trusted in matters of his own métier [...]" (Wilson 1983, s 21).

Ein ekspert på eit fagområde kan vere ein autoritet, men han treng ikkje å vere det. Wilson meiner det er kunnskapsrådets ekspertar som avgjør kva som er god praksis og gangbar kunnskap i samfunnet. Ekspertane treng ikkje vere dei som kan mest, eller vere i ein posisjon som gir status, men dei må vere akseptert i dei respektive kunnskapssamfunna: "It is not enough, in order to be a contributor to public knowledge, to think one is; the rest of us have to got to think so too" (P. Wilson 1977, s. 16), sitert i Sundin (2003)).

Ein person kan tilleggst autoritet på eitt område, men ikkje eit anna, og blir slik tillagt ulik grad av kognitiv autoritet i ulike interessesfærar. Omverda kan vurdere ein person som større ekspert enn forskarfelleskapen. Du kan sjølv definere din eigen ekspertise, men ikkje kva område du vert tillagt kognitiv autoritet på. Personen treng ikkje vere ein faktaautomat som gir svar på lukka spørsmål, men kan like godt vere ein som kan gje råd og gje svar på opne spørsmål. Personar ein stoler, på blir tillagt kognitiv autoritet både indirekte og direkte. Ei yrkesgruppe kan ikkje tilleggst kognitiv autoritet, men enkeltpersonar kan få ein slik status. Vi vender oss til kognitive autoritetar i håp om at dei skal gje oss råd. Dei har ikkje nødvendigvis meir kunnskap enn oss, men kunnskap om kunnskapen.

Doktorrandens rettleiar og seniorforskarar har ein spesiell posisjon, spesielt i byrjinga av eit doktorløp, der intellektuell smak, forskingsstil og interesse vert forma. Det handlar om sosialisering til forskarrolla i ein periode ein er svært mottakeleg for påverknad. Formell undervisning har størst påverknad i denne tidlege fasen, meiner Wilson.

Wilson har også vore oppteken av kva rolle bibliotekaren spelar i relasjonen mellom kunnskapsproduksjon og kunnskapskonsumpsjon og korleis vi vel i denne overfloda av informasjon som er tilgjengeleg for oss. Han meiner at bibliotekaren kan ha ei rolle som autoritet på autoritetar, å vere ein som kjenner kven som kan noko om eit område. Her meiner han at bibliotekaren kan finne informasjon om ein forfattar som peiker på at denne er tillagt kognitiv autoritet. Dette kan vere siteringar, publiseringsstad osv. Det er skilnad på å samle informasjon til noko, og det å vurdere og gjenkjenne kvalitet. Wilson er usikker på om bibliotekaren kan dette.

2.4.3 Kognitiv autoritet og tekster/artefakter

I tillegg til personar kan òg tekster tilleggast kognitiv autoritet. Berre dei artefaktar som er akseptert av vitskapssamfunnet blir gitt kognitiv autoritet både gjennom forfattarens kognitive autoritet og viss lesaren opplever teksten som tillitsvekkande (P. Wilson 1983, s. 166-167): ”We can trust a text if it is the work of an individual or group of individuals whom we can trust”. Vidare skriv han: “We are prepared to trust the texts that one whom we trust tells us we can trust”. Det at eit vitskapssamfunn, eit tidsskrift eller eit forlag vi har tillitt til, har akseptert ein tekst gjer at vi tillegg denne teksten kognitiv autoritet, men tekstars autoritet kan gå ut på dato. Sundin et al (2008, s. 22) oppsummerer dette som at den kognitive autoriteten vi tillegg ein tekst ikkje er knytt til objektive kvalitetsindikatorar, men “...the central question is how value or reputation are negotiated”. Sidan Wilson skreiv boka i 1983, handla dette om trykte tekstar, der forlag kunne peike på om teksten vart tillagt kognitiv autoritet. Sundin et al (2008) har utvida tekstomgrepet til å inkluderer websider, databasar mm.

I sjølvstendige profesjonar med etablerte kognitive autoritetar, er normene for korleis informasjonsstrategiar og informasjonsbruk skal sjå ut sterkare enn i mindre autonome profesjonar. I møte med medlemmar frå ulike profesjonar vert ulike kognitive autoritetar målt opp mot kvarandre. Dette kan vere eit møte mellom bibliotekaren og doktorgradskandidaten (Sundin 2003). Innom heterogene fagområde vil motstridande utsegner stå mot kvarandre og usikkerheten vil auke. Dette medfører òg at valfridom med omsyn til informasjonskjelder vil auke og med det usikkerheit i forhold til om ein har valt riktig.

Vi har ein tendens til å like det som liknar oss mest, som t.d. tekstar som taler til oss og gir oss aha-opplevingar. Kan det vere slik at vi vel teoriar og tekstar ut frå det som passar vår forståing av omverda? For å unngå informasjonsoverflod samlar vi på det som er aktuelt å konsumere med ein gong, og det Wilson (1996) kallar *capital investments*.

2.4.4 Kan bibliotekaren vurdere og skilje ut kvalitet ved tekster?

Bibliotekarar viser ofte til at dei er informasjonsspesialistar. Men korleis kan vi marknadsføre oss som informasjonsspesialistar når vi ikkje kan skilje ein god tekst frå ein dårleg spør Wilson (1983, s. 186)? Han meiner at bibliotekaren skyr diskusjon om kvalitet og ikkje er i stand til å evaluere om ein tekst er tillagt kognitiv autoritet eller ikkje. Wilson langar ut mot bibliotekarens manglande evne og interesse til å evaluere tekstar og hevdar at bibliotekaren med dette understrekar ”at dette kunne kven som helst gjort” (1983, s. 182). Han meiner at bibliotekaren med dette slår beina under eigen profesjon. Så lenge ikkje vurdering av kvalitet

blir etterspurd har vi heller ikkje press på oss til å stimulere til praktisk og teoretisk merksemd rundt dette temaet.

På den andre sida kan bibliotekarar vurdere indikatorar på kognitiv autoritet ved å kjenne til forlag, forfattar og liknande. Bibliotekaren kan ikkje vere ekspert på fagområde med unntak av "... the techniques of librarianship or information handling" hevdar Wilson (1983,167). Målet til bibliotek og informasjonssystem er å tilby tekstar og informasjon som folk definerer som nyttige: "The amount of satisfaction a reader finds in a library depends directly upon the materials the librarian has available for his/her use" (Wilson 1983, s. 175). Vidare skriv han om referansebibliotekaren som helst vil gje eit korrekt svar, og spør om denne dermed kan vurdere om svaret han gjer er godt eller dårleg når han ikkje er ein autoritet på området.

For å vurdere om biblioteket har dei riktige ressursane og tenestene, kan det vere nyttig å undersøke om utvalde brukargrupper tillegg desse ressursane og tenestene kognitiv autoritet, og om dette i neste omgang påverkar informasjonsåtfërda deira. Vi har sett at bibliotekaren har ei avgrensa rolle i å identifisere kognitiv autoritet. I neste delen vil eg sjå meir på kva denne rolla kan vere.

2.5 Bibliotekarens rolle

Tidlegare hadde bibliotekaren monopol på informasjonssøkeverktøya. I dag hentar brukarane informasjon utanfor bibliotekarens domene, noko som påverkar relasjonen mellom brukar og bibliotekar (Sundin 2006). I tillegg viser fleire studiar at det er ein viss motstand mot å bruke bibliotekaren som rettleiar i informasjonssøkeprosessen (Fleming-May og Yuro 2009; Gullbekk et al. 2012; Hermanrud 2011; Kuhlthau 2004; Sundin et al. 2008). Informantane forklarar dette med at dei ikkje ønskjer å forstyrre, at dei har dårleg erfaring frå tidlegare, eller at dei meiner at bibliotekaren manglar spesifikk fagkompetanse. I Fleming May og Yuro (2009) viser forfattarane at doktorgradskandidatane òg er redde for at det skal sjå ut som om dei overlet jobben til andre. Det viser seg òg at kandidatane opplever bibliotekaren som lite imøtekommande. Likevel ønskjer kandidatane at bibliotekaren må bli meir synleg gjennom t.d. å delta på *workshops* og liknande. For å belyse kva rolle bibliotekaren kan ha for doktorkandidatens forskingsprosess, har eg sett på Kuhlthaus mediatoromgrep og kva Sundin et al (2008) identifiserer som bibliotekarens rettleiingsrollar.

2.5.1 Kuhlthau og bibliotekarens rettleiarroller

Her vil eg sjå nærmare på det Kuhlthau (2004, s. 107) kallar mediatorrolla. Ein mediator "[...] implies a person who assists, guides, enables, and otherwise intervenes in another person's information search process". Vi skil mellom uformelle og formelle mediatorar. Bibliotekaren og rettleiaren er døme på formelle mediatorar, medan medstudentar og andre du pratar med om prosjektet ditt er uformelle. I denne konteksten er det difor aktuelt å sjå på kva rolle ulike aktørar spelar på kandidatens læringsarena.

I avsnitt 2.3.4 såg vi at praksisfellesskapet er ein viktig læringsarena og medlemmene vil ofte fungere som uformelle mediatorar for kvarandre. I Kuhlthaus studie seier studentane at det stort sett er uformelle mediatorar dei diskuterer med, sjølv om informantane innrømmer at dei har avgrensa nytte av desse samtalanene. På den andre sida er det nyttig å snakke med nokon om prosjekta sine sidan samtalen bidrar til å formulere og konstruere tankar om eiga problemstilling og eige informasjonsbehov. Dei uformelle samtalanene med uformelle mediatorar kan då ha ein kunnskapskonstruerande effekt.

Formelle mediatorar som bibliotekar og rettleiar har ulike roller. I rettleiarrolla ligg det formelle krav og forventningar som styrer kommunikasjon. Bibliotekaren har ein meir profesjonell, teknisk rolle i samband med informasjonssøking. Kuhlthau er kjend for si kategorisering av dei ulike nivåa rettleiinga har, frå det å organisere kunnskap slik at brukaren er sjølvhjelpen til det å ha ei rolle som rettleiar over tid der det å bidra til meiningsskaping er det viktige. Nedanfor har eg presentert tabellen slik den stor sett framstår hos Kuhlthau. Eg har halde på dei engelske termene, men forklarar dei på norsk:

Nivå, rettleiing	Intervensjon	Beskrivelse	Nivå, undervisning
<i>Organizer</i>	No intervention	Ingen intervensjon. Sjølvbetjening	Organizer
<i>Locator</i>	Ready reference intervention	Kjeldeorientert.	Lecture
<i>Identifier</i>	Standard reference intervention	Kjelder vert presentert vilkårleg, emnesøk. Fører ofte til informasjonsoverflod	Instructor
<i>Advisor</i>	Pattern intervention	Bibliotekar foreslår kontekst og rekkjefølgje på kjelder. Læringsprosessen vert ikkje teke omsyn til	Tutor
<i>Counselor</i>	Process intervention	Føreset intervensjon i prosessen. Rettleiing over tid. Konstruksjon av meining er viktig.	Counselor

(Kuhlthau 2004, s 115. Table 7.1 Levels of mediation)

Kuhlthau meiner at ein dyktig bibliotekar må kjenne til informasjonssøkeprosessar og vere i stand til å identifisere aktuelle intervensjonstidspunkt for rettleiing og kva slags form denne skal ha ut frå brukaren sitt behov. Likevel viser ho at brukarane oppfattar bibliotekarens rolle som funksjonell; det å lokalisere og identifisere kjelder. Ho omtalar dette som den tradisjonelle bibliotekarrolla. På den andre sida ønskjer bibliotekaren å bidra til rettleiing som har innflytelse på brukarens arbeidsprosess, men bibliotekaren får det ikkje heilt til då ho retter merksemd mot funn i staden for å vere oppteken av å konstruere meining, jf diskusjonen om informasjonskompetanse i 2.3.2 . I tillegg er evna til dialog og interesse for problemstillinga avgjerande for at brukarane skal sjå på bibliotekaren som noko meir enn ein som finn kjeldene. Proessorientert intervensjon rettar merksemda mot rettleiing, refleksjon over problemstilling, det å utføre konstruktive søk heller enn å finne riktige svar.

Informantane i Kuhlthaus studie (2004) oppfattar bibliotekaren som ein *last resort source locator* (s. 108) og ikkje ein naturleg rådgjevar i arbeidet med ei oppgåve. Dei oppfattar det som å bruke ein lettvindt veg og i verste tilfelle som juks! Likevel viser studiane til Kuhlthau at studentar i ettertid etterlyser hjelp og ser at dei burde ha spurt etter meir hjelp i starten av prosjekta sine. Dei innser at dei hadde hatt behov for å kunne diskutere og reflektere med nokon om det dei fann var av kvalitet eller ikkje. Dei ønskjer hjelp av formelle mediatorar, spesielt rettleiaren, men her kan det tyde på at dei synest det er vanskeleg å spørje om hjelp på grunn av angst for å dumme seg ut og forstyrre. Skal dei be om hjelp må dei vere godt førebudde. Det kan sjå ut som om dei har ein psykologisk barriere mot å oppsøke hjelp i oppstartfasen av prosjekter, før val av problemstilling og i ein tidleg fase av informasjonssøkeprosessen. Kuhlthau viser òg at det er i denne tidlege fasen i ein søkeprosess at rettleiing og undervisning gitt av ein bibliotekar er svakast.

Kuhlthau (2004) konkluderer med at bibliotekarens rolle hovudsakleg er knytt til det å organisere ressursar, lokalisere kjelder og til ein viss grad assistere ved søking, dvs. på *Locator/Identifier*-nivå. Ho meiner at bibliotekaren bør ta ei tydelegare rådgjevarrolle (*Counselor*) og vere med på å lage eit informasjonsmiljø som legg til rette for meiningsskaping ved å ta del i diskusjonen om problemstilling. Seinare har fleire forskarar stadfesta at bibliotekarens rolle må endrast frå kjeldeorientering til å vere proessorientert og i større grad bidra til meiningsskaping (Limberg et al. 2008; Sundin 2006; Sundin et al. 2008). Først då kan bibliotekaren få ei rolle som mediator i forskarens informasjonssøkeprosess.

2.5.2 Bibliotekarens rettleiarrolle i lys av Sundin et al. (2008)

Medan Kuhlthau (2004) har sett på det normative aspektet ved bibliotekarens rettleiarrolle har Sundin et al (2008) undersøkt korleis brukarane oppfattar bibliotekarens rolle. Deira *case* er sjukepleiarstudentar. Studentane meiner at bibliotekaren i stor grad er ein som lokaliserer kjelder og som i avgrensa grad hjelper til med søk og kan vere ein som introduserer studentane for profesjonens artefakter (viktige tidsskrift, fagfelleverderte artiklar osv.). Innan sjukepleie er kunnskapen om bruk av evidensbasert forskning med på å manifestere medlemskap i profesjonen. Bibliotekaren er ein mediator, ikkje ein fagfelle. Likevel kan ho oppnå ein slags "time-share"-medlemskap i profesjonens fellesskap ved dyktiggjere studentar i å identifisere kognitive autoritetar, og å lære bort ferdigheiter som rettferdiggjere medlemskap i profesjonen (*community of justification*). Forfattarane har definert tre roller bibliotekaren kan ha for bachelorstudentar:

- 1) **Teknisk-administrativ ekspertise** (*Technical-administrativ expertise*)
 - a. Praktiske prosedyrar som å bestille litteratur
 - b. Vurdere kognitiv autoritet; her skilje mellom fagfelleverderte artiklar og ikkje
 - c. Kan ikkje faget, men kan hjelpe studentane til å befeste sin posisjon i profesjonen
- 2) **Informasjonsferdigheter** (*Information-searching expertise*)
 - a. Søkestrategi og søketeknikk, lokalisering
 - b. Hjelp til å forhandle om søketermar, men ikkje meiningsskaping
- 3) **Kjeldeevalueringskompetanse** (*Source evaluation expertise*)
 - a. Generisk kunnskap: Bevissthet rund kvalitetsvurdering av kjelder
 - b. Kunne skilje mellom viktige sjangrar innan disiplinær
 - c. Bibliotekaren skal ikkje sjølv vurdere tekst, men indikatorar på kvalitet

Sundin et al. (2008) meiner at bibliotekarens didaktiske rolle er å lære studentane å navigere i kunnskapsområdet artefakter og å avdekke i kva grad informasjon kan tilleggast kognitiv autoritet. Dei stadfester P. Wilson (1983) som meiner at bibliotekarens viktigaste rolle er å bli ein autoritet på autoritetar.

Oppsummering

Bibliotekarens rolle har endra seg i takt med teknologiutviklinga og har ikkje lenger monopol på informasjonssøking og leveranse av tekstar. Tidlegare har eg vist at kandidatane opplever søkeferdigheitene sine som gode, men at bibliotekaren kan bestille, hjelpe til med å søke og lokalisere og til ein viss grad evaluere kjelder. Kuhlthau og Sundin har lenge hevda at bibliotekaren må ta på seg ei meir didaktisk rolle og bidra i drøfting av problemstilling som ein meningsskapande handling. Kuhlthau meiner at bibliotekarane må kjenne forskingsprosessane og vite kva tid intervensjon blir opplevd som nyttig for sluttbrukaren. Sundin et al. (2008) viser at bibliotekarane har ulike roller som er nyttige for brukarar, som å lære bort indikatorar for kvalitet, diskutere gode emneord, velje databasar og på den måten vere med på å gjere studenten/forskaren i stand til å konstituere ei rolle i ein profesjon eller felt.

Sundin et al (2008) og Kuhlthau (2004) viser at bibliotekaren gjennom rettleiing og undervisning kan gje emosjonell støtte og i tillegg redusere frustrasjon. Kuhlthau meiner at bibliotekarar som tek ei rådgjevarrolle i intervensjonsprosessen, kan hjelpe brukaren til å tolerere og akseptere usikkerheit og angst ved å ha ei inviterande innstilling. Spesielt er dette viktig tidleg i informasjonssøkeprosessen. Kuhlthau viser at informasjonssøkeprosessar føreset ulike typar val, og har sett opp fire utvalskriterium som er viktige føresetnader: tid, problemstilling, interesse og tilgang. Ein rådgjevar kan hjelpe til med å rangere desse i samband med søkeprosessar.

2.6 Oppsummering og forskingsspørsmål

Informasjonskompetanse er med på å konstituere feltet forskning. Studiar av kognitiv autoritet kan rette merksemd på kor relevant bibliotekets informasjonsressursar og formell informasjonssøking er for doktorgradskandidatar ved BI. Det er fleire aktørar som er viktige når det gjeld å utvikle relevant informasjonsåtferd og tileigne seg informasjonskompetanse. Praksisfellesskap og det ”usynlege kollegiet” er arenaer for kunnskapsutveksling og ph.d.-kandidatane nyttar ulike læringsarenaer til ulike formål. Studentar meiner at bibliotekarens rolle er å lokalisere kjelder og rettleie i søketeknikk og meiner at bibliotekaren har i mindre grad har ei rolle som rettleiar i sjølve forskingsprosessen. Eg vil sjå om doktorgradskandidatar ved BI opplever dette på same måte. Ut frå dette har eg formulert følgjande forskingsspørsmål:

Blir bibliotekets ressursar og tenester og /eller bibliotekaren tillagt kognitiv autoritet?

- Tilbyr BI-biblioteket forskingsstøtte som blir opplevd som nyttig i ph.d.-kandidatane sin kvardagspraksis?
- Opplever kandidatane at dei er informasjonskompetente og er dette med på å konstituere rolla deira som forskar?
 - Kva rolle har formell informasjonssøking i kandidatens kvardagspraksis?
- Kva rolle har bibliotekaren som formell mediator?

3 Metode

I dette kapitlet vil eg først gjere greie for forskingsstrategi og drøfte intervju som metode. I siste delen vil eg presentere moment knytte til mi eiga intervjuundersøking.

3.1 Val av metode

Det er ikkje lenge sidan ein hevda at valet mellom kvalitativ eller kvantitativ strategi var basert på totalt ulike kunnskapssyn og vitskapsfilosofiske standpunkt (Ringdal 2007). Innan samfunnsfaga ser ein meir pragmatisk på val av forskingsstrategi og vurderer metodane som komplementære. Hovudskiljet går på kva ein ønskjer å få belyst. Ved val av kvantitativ forskingsstrategi reknar ein med at fenomenet ein ønskjer å undersøkje er så stabilt at det let seg måle og at resultatet vil gje meining (Berger og Luckmann 2000). Er fenomena ustabile og konstruerast av individa heller ein meir til å bruke kvalitativ forskingsstrategi.

Ringdal (2007) hevdar at kvantitative undersøkingar gir større oversikt og gjer betre grunnlag for å generalisere frå utval til populasjon. Metoden er deduktiv, teoristyrte og hypotesetestande. Kvalitative metodar er ofte induktive, dvs at forskaren må setje seg godt inn i informantens situasjon gjennom samtale eller intervju. Vidare seier Ringdal at målet er å finne meining og formålsforklaringar. Postholm (2010) meiner at metoden hjelper oss til å finne ei djupare innsikt i det fenomenet vi ønskjer å belyse.

Eit anna kjenneteikn på kvalitativ metode er at forskaren beveger seg fram og tilbake mellom problemstilling og datainnsamling. Etter kvart som datainnsamlinga skrid framover, kan det bli nødvendig å revidere den opphavlege problemstillinga (Grenness 2004).

3.1.2 Om å forske på bibliotekrelaterte fenomen

Ringdal (2007) meiner at vi får ein overrepresentasjon av positive svar på spørsmål om bruk av kulturelle aktivitetar. Tilsvarende gjeld òg for spørsmål om haldningar og åtferd som ikkje er truande. Pors (2001) hevdar at vi har ein tendens til å svare meir positivt på spørsmål om fenomen som ikkje betyr så mykje for oss eller har for lite kunnskap om, og meiner at biblioteksektoren er eit døme på eit område der dette skjer.

I undersøkingar BI-Biblioteket utfører, får dei veldig gode tilbakemelding på mykje av det dei gjer (Association of Research Libraries 2008). Heilskapsvurderinga av biblioteket er alltid svært positiv, og både tilsette og studentar vurderer sørvis som svært god. På den andre

sida er studentane negative når det gjeld vurdering av leseplassar og grupperom, fasilitetar som svært viktige for dei. Forskarane er mindre nøgd med informasjonsressursane som er tilgjengelege. Dette er forhold som er viktig for desse gruppene.

T. D. Wilson (2006) hevdar at kvalitative undersøkingsmetodar fungerer best når ein ønskjer ei forståing for kva underliggende behov som fører til informasjonssøking. Pors (2010, s. 77) gjekk gjennom fleire brukarundersøkingar frå nordiske bibliotek og viser at ein kjem fram til ulike svar alt etter kva metode ein brukar: ”Spørgekemaundersøgelse kan afdække omfanget af anvendelse af Google i forhold til andre informationsressourcer, men det er interviews og observationer, der kan afdække, hvor i søgeprocessen og til hvad Google anvendes”. Det kan sjå ut til at det er ein nedgang i kvantitative undersøkingar innan bibliotekområdet, og at kvalitative studiar med fenomenologisk tilnæringsmåte, har fått større gjennomslagskraft (Seldén 2004; Yu, Hong, Gu, og Wang 2008).

3.2 Intervju som metode

Kvale og Brinkmann (2009, s. 23) definerer forskingsintervjuet som ein samtale der kunnskap vert konstruert i interaksjon mellom intervjuar og den som vert intervjuet. ”Det er et vekselspill mellom den som vet, og det som vites, mellom de som konstruerer kunnskap, og kunnskapen som blir konstruert”. Sjølve intervjusituasjonen er med andre ord kunnskapskonstruerande. Intervjuet fokuserer på informantens bevissthet om og erfaring med livsverda, og legg vekt på relasjonen mellom kunnskap og handling. Forfattarane hevdar at intervjuet ikkje er ein samtale mellom likeverdige parter, men meiner at intervjuaren har ein slags maktposisjon ved at han har regien på samtalen.

Ringdal (2007) meiner ein må vere merksam på det han kallar induktive resonnement, det at vi trekk gyldige slutningar ut frå observasjonar om enkelthendingar og trur at det seier noko om t.d. brukarane sin åtferd i framtida¹². Han viser til Humes påstand om at vi ikkje kan lage lovmessigheiter om framtida ut i frå observasjonar i notida (induktive slutningar). I følge Berger og Luckmann (2000) er røyndomen sosialt konstruert og kan gjenskapast gjennom handlingar og interaksjon mellom menneske. Menneske som betraktar eit og same fenomen kan oppfatte fenomenet ulikt. Vi bruker erfaring, forventningar og kunnskap når vi tolkar og forstår synsinntrykk, hendingar eller fenomen. Yu et al. (2008) viser til ein anekdote om kor ulikt ein skildrar eit og same fjell avhengig av frå kva synsvinkel du ser fjellet (”position of

¹² Vilkår for bruk av induktive resonnement er at ein har eit stort tal på observasjonar, at observasjonen må repeterast over tid og ved ulike forhold, og at ingen observasjonar må avkreftte påstanden.

the observer”). Ingen har feil, alle snakkar sant, men ingen får fram heilskapen, eller den objektive sanninga. Det er lett å miste heilskapen av syne når ein blir for oppteken av å skildre kva ein ser utan å reflektere over kontekst, eller når ein prøver å skifte ståstad.

Ringdal (2007, s. 34) hevdar at ein tradisjonell oppfatning av vitenskapleg kunnskap er det denne dreier seg om ”[...] generelle utsagn eller teorier som generaliseres fra observasjonar i empiriske undersøkingar”. Berre verifisert kunnskap er vitenskapleg, men for å kunne forstå og tolka fakta krevst grunnleggande kunnskap om fenomenet.

3.2.1 Innvendingar mot kvalitative metodar

Det finnes ei rekke innvendingar mot bruk av kvalitative intervju. Blant anna blir det sagt at dei ikkje er vitenskaplege (dvs. hypotesetestande), og at dei kun er subjektive og med det ikkje truverdige. Kvalitative intervju vil ikkje vere intersubjektive sidan ulike lesarar finn ulike meiningar i dei. Vidare vert metoden kritisert for ikkje å vere generaliserbar fordi den bygger på for få subjekt og fordi det ikkje kjem fram til ny viten, berre trivialitetar. Kritikarane hevdar dermed at intervju ikkje utgjør ein valid metode sidan den er avhengig av det subjektive (Kvale og Brinkmann 2009, s. 179).

På den andre sida forsvarar Berger og Luckmann (2000) bruk av ei kvalitativ tilnærming ved ustabile fenomen. Akselbo (2006) viser til teknologiske endringar i biblioteksektoren, og Sundin (2006) hevdar at bibliotekarens rolle har endra seg. Fleming May og Yuro (2009) framhevar at kandidatane er i ein endringsprosess, og Wilson (2006) meiner det passer best ved studiar av informasjonsåtfærd. Trass i innvendingane nemnt over vel eg å støtte meg på desse forfattarane, i tillegg til Kvale og Brinkmann (2009) og Postholm (2010) som forsvarer intervju som metode.

3.2.2 Fenomenologi

I kvalitative metodar kan ein bruke ulike tilnæringsmåtar, som fenomenologi og hermeneutikk. Postholm (2010, s. 78) tek for seg fenomenologi spesielt sidan denne tilnæringsmåten handlar om ”[...] å finne den sentrale underliggende meningen eller essensen i en opplevd erfaring”. Vidare handlar det om ”[...] å gripe enkeltmenneskets opplevelse [og] hvordan erfaringa av samme fenomen oppleves av enkeltindivider” (s. 41). Dette betyr m.a. at refleksjonen eller kunnskapen om eit fenomen kan oppstå i ein intervjusituasjon, der informanten til ein viss grad reflekterer saman med intervjuaren og skapar ny meining, i følgje Wenger (2004). I fenomenologiske studiar kan vi få tak i

opplevinga gjennom samtale og forteljing. Fenomenologi konsentrerer seg ikkje om fenomenet i seg sjølv, men om korleis den intervjuar opplever fenomenet. Difor er det viktig med opne spørsmål og intervjuaren skal helst ikkje identifisere eigne synspunkt. Olaisen (1996) argumenterer for ein fenomenologisk innfallsvinkel til studium av informasjonsbruk sidan den subjektive oppfatninga er viktig og dannar ein slags sosial konstruksjon av verkelegheita.

3.2.3 Utval i kvalitativ forskning

I kvalitativ forskning er vi meir opptekne av det hensiktsmessige utvalet enn av representativitet (Postholm 2010), eller det Grenness (2004) kallar for bekvemmelighetsutvalg. Kvale og Brinkmann (2009, s. 129) seier det så enkelt: ”Intervju så mange personer som det trengs for å finne ut det du trenger å vite”. Dei argumenterer vidare med at det ofte kan vere meir interessant med få enn for mange. Dette for å kunne gå djupare inn i ein problemstilling og finne ut kva som ligg bak svara.

3.2.4 Validitet og reliabilitet – det kvalitative intervjuet

I kvalitativ metode er det ikkje like enkelt å kontrollere for om undersøkinga er reliabel og valid som i kvantitative undersøkingar. Kvale og Brinkmann (2009, s. 249) meiner vi i staden kan snakke om ”[...] troverdighet, tilforlatlighet, sikkerhet og bekreftbarhet [...] og gyldighet”. Intervjuaren kan med sitt ordval og leiande spørsmål påverke moglege svar. Validitet dreier seg om i kva grad metoden egner seg for å gje svar på problemstillinga, om studien undersøker det den er meint å studere. Reliabiliteten seier noko om kor pålitelege resultata er. Bruk av intervjuguide sikrar større grad av reliable og samanliknbare kvalitative data, samtidig som det ikkje hindrar at ein følgjer opp interessante svar eller uventa tema.

3.2.5 Etikk i forskninga

I følgje Kvale og Brinkmann (2009) er ei intervjuundersøking fylt med moralske og etiske spørsmål. Dette gjeld både middel og mål med undersøkinga. Dei meiner vi må ha eit etisk bakteppe allereie frå planleggingsstadiet til presentasjon og ferdig produkt. Til ein viss grad har dette blitt oppfatta innsnevrande på kvalitativ forskning. Korleis skal ein følgje eit visst regelsett utan å bli for bunden av reglar? Det kvalitative forskingsintervjuet er som regel eit ope intervju, der samtalen bølger fram og tilbake og tek uventa steg intervjuaren ikkje alltid har kontroll på. Denne balansen krev etisk refleksjon hos intervjuaren. Det er fire punkt å ta

stilling til når ein skal vurdere moralske og etiske aspekt ved intervju: Informert samtykke, konfidensialitet, konsekvensar og forskarens rolle.

Når det gjeld sjølve intervjusituasjonen er det viktig at atmosfæren blir trygg og at informantane føler dei skal kunne svare utan å føle seg utilpasse. Det kan vere ein asymmetri i maktbalansen mellom informant og intervjuar og difor er det avgjerande at det vert bygd ein balansert relasjon mellom dei to. Intervjuaren kan forsøke å sikre balansen gjennom å ha god kunnskap om temaet og meiste fagspråket. Det er om å gjere å byggje ein atmosfære der intervjupersonen føler seg fri til å prate om sine opplevingar og også synest det er greitt at svara vert offentleggjort.

I følge Postholm er forskaren det viktigaste forskingsinstrumentet i kvalitativ forskning. Difor er det eit krav å synleggjere forskarens subjektivitet. Han må presentere seg sjølv, den teoretiske ståstaden og erfaringsbakgrunnen sin og gjere greie for kvifor temaet er av interesse. Dette er å synleggjere sin forforståelse, eit aspekt som er viktig i hermeneutikken. Postholm (2010) viser til Jerome Bruner, som seier at forteljinga vil vere farga av forskarens autobiografi og hans kulturelle briller, jf. kritikken av kvalitativ metode ovanfor.

3.3 Intervjua

I dette avsnittet vil eg gjere greie for forskingsdesign til min studie, populasjon og utval, rekruttering og gjennomføring av intervjua.

3.3.1 Forskingsdesign i dette prosjektet

Intervju basert på ein fenomenologisk tilnæringsmåte passar godt til målet med undersøkinga mi, som ikkje går ut på å finne gjennomsnittet på eit fenomen, men den subjektive oppfatninga av dette fenomenet. Undersøkinga skal fasilitere ein refleksjon rundt doktorgradskandidatar si oppleving av bibliotekets forskingsstøtte og kva rolle bibliotekaren kan ha i forskingsprosessen. Eg skal ikkje avdekke kva dei objektivt sett gjer. Viktige spørsmål er korleis dei reflekterer over kor dei har tileigna seg søketeknikkar og korleis dei utviklar desse. Eg ville finne ut korleis dei stiller seg til ulike metodar for å finne informasjon, ikkje berre at nøsting er ein viktig metode. Dette indikerer grad av informasjonskompetanse som igjen legg føringar for bibliotekarens rolle. Med bakgrunn i dette meiner eg at metoden fyller krava til validitet ved at metoden passer til det eg skal undersøkje.

Kvale og Brinkmann (2009) er opptekne av at maktbalansen i intervju kan vere skeiv, og sidan eg er bibliotekar på informantanes studiestad kan eg oppfattast som ein som har ”fagleg overtak på tema”. Likevel er eg i ein underordna posisjon som masterstudent og meiner at dette ikkje skal vere eit stort problem.

3.3.2 Intervjuguide

I forskingsintervjuet forsøker vi å avdekke informasjon både på fakta- og meningsplanet. Difor er det viktig med opne spørsmål i innleiinga og å ha høve til å styre intervjuet gjennom ein intervjuguide. Dette styrker reliabiliteten i undersøkinga. Intervjuguiden (Vedlegg 5) er inspirert av spørsmål brukt i Gullbekk et al. (2012) og Drachen (2011).

Guiden startar med spørsmål om informantane sin studiebakgrunn og oppleving av kvardagen som ph.d.-kandidat. Deretter har eg delt opp intervjuet i spørsmål knytte til søkeåtfærd, rettleiing, nettverk og kunnskapsdeling, bibliotekets rolle og kandidatens forventningar til bibliotektenesta. Målet var å få informantane til å reflektere over Kuhlthaus to intervensjonsaspekt; prosessintervensjon og kjeldeintervensjon. Spørsmåla skulle òg forsøke å fange opp Sundin et al. (2008) si inndeling for å kunne identifisere bibliotekarens ulike roller i forhold til teknisk-administrativ ekspertise, informasjonsferdigheiter og kjeldeevalueringskompetanse. Dette blei supplert med korte spørsmål som identifiserer konkret bruk og vurdering av kjelder og om desse vart tillagt kognitiv autoritet.

3.3.3 Spørjeskjema

Informantane fylte ut eit spørjeskjema før sjølve intervjuet starta (Vedlegg 4). Dette blei gjort for å få demografiske data (kjønn alder, institutt). I tillegg ville eg teste ein del utsegner om kven dei brukte som rettleiarar i vurdering av litteratur og kven dei valde å be om hjelp frå når det gjaldt søketeknikk. Eg var òg interessert i å få informantane til å rangere bruk av ulike databasar. Skjemaet bidrog også til å setje informantane litt inn i kunnskapsområdet vi skulle inn i. Dette var ikkje ei kvantitativ spørjeundersøking, men berre eit underlag som skulle spegle og danne bakgrunn for sjølve intervjuet. Eg ville òg sjå om eg fekk anna informasjon ut av spørjeundersøkinga og intervjuet, slik Pors (2010) hevdar.

Pilot

Intervjuguide og spørjeskjema vart gjennomgått av kontaktbibliotekarar på BI som arbeider mykje med doktorgradskandidatar. I tillegg gjennomførte eg eitt pilotintervju av ein doktorgradskandidat på Høgskolen i Oslo og Akershus.

3.3.4 Populasjon

I perioden 2002-2011 blei det uteksaminert 70 doktorgradskandidatar ved BI, og i 2011 blei det avlagt 12 doktorgrader, så talet på kandidatar er ikkje så stort. I desember 2011 fekk eg ei liste med 78 namn på doktorgradskandidatar som følgjer BIs program. Ph.d.-kandidatane i denne studien er rekrutterte frå BI, og andre norske og internasjonale undervisningsinstitusjonar. Åtte av desse hadde allereie levert, og seks hadde disputert. To hadde slutta, ein var langtidssjukemeld og fire var allereie tilsett ved BI og skriv doktorgraden ved sidan av jobb. Dermed utgjer populasjonen 57 kandidatar. Av desse var det fleire som var i utlandet i samband med studiet sitt, eller hadde velferdspermisjon.

Alderen i populasjonen spenner frå 25 til 47. Gjennomsnittsalderen er 32,6 år. Det er 40% kvinner i populasjonen (N=23) og 60% menn (N=34). 51% (N=29) er norske statsborgarar. Fem er frå Kina. Elles er det kandidatar frå Vietnam, Iran, tidlegare austblokkland, USA, Tyskland og Sverige. 82% av kandidatane er knytte til mjuke anvendte disiplinar og 18% er knytt til dei harde faga.

3.3.5 Rekrutteringa av informantar

Før jul 2011 vart ein e-post med invitasjon til å delta sendt ut til alle kandidatane (Vedlegg 2). Einaste insentivet eg kunne lokke med var at dei ved å delta kunne vere med på å betre tenestene. I løpet av kort tid var det sju kandidatar som melde seg. Ingen av desse var frå dei harde disiplinane og ein ny e-post til kandidatane på institutta for samfunnsøkonomi og finans blei sendt ut utan at det førte til meir respons. Eg tok på nytt kontakt med dei fagansvarlege for desse to retningane og kontaktbibliotekarane på institutta, og besøkte sjølv institutta for å prøve å rekruttere. Ein svara direkte at han ikkje hadde tid, og at han og medstudentane ikkje brukte bibliotekets ressursar og tenester, og at det difor ikkje var aktuelt å stille opp. Likevel fekk eg til slutt med ein kandidat på finans som var villig til å delta. Dermed var det ikkje like aktuelt å ha like sterkt disiplinfokus som vi ser hos Jamali og Nicholas (2008; 2010).

3.3.6 Beskrivelse av utvalet

Talet let seg forsvare innanfor ramma på denne oppgåva. Målet var ikkje å komme fram til eit fasitsvar, men sjå på variasjon i den einskildes oppleving og refleksjon over eiga informasjonssøking og bruk av bibliotekets ressursar og tenester.

I utvalet er det seks kvinner, noko som utgjer 75%. Dette inneber ei skeivfordeling i forhold til populasjonen, men eg meiner at kjønnsaspektet i denne samanhengen er uinteressant. Vidare har eg to informantar frå tidlegare austblokkland, og ein amerikanar. Aldersgjennomsnittet er 32 år. Sju av informantane er knytte til mjuke disiplinane, og ein er frå dei harde disiplinane. Dei kjem frå fire av dei seks emneområda BI tilbyr doktorutdanning i; strategi og leing, organisasjonspsykologi, marknadsføring og finans. Eg kjende ingen av dei åtte informantane frå før.

3.3.7 Oversikt over informantar

Informantane er anonymisert. Tabellen viser kven som har erfaring/er uerfaren. Dette er gjort for å sjå om eg finn skilnader på dei som har fått erfaring og ikkje. Inspirert av Seldén (2004) ønskte eg å sjå på kor mykje erfaring hadde å seie. I følgje Filstad (2004) tek det minst eitt år før ein har fått nok erfaring til å utøve eit yrke og eg har brukt det som mål. Eg har kuttat institutttilhørigheit og statsborgarskap for ikkje å identifisere informantane. Eg har sett opp ei oversikt over kor dei har teke master-/sivilutdanning, for å sjå om eg kunne finne skilnadar mellom dei som har teke utdanning på BIs og andre. Eg har òg sett på om dei har delteke på bibliotekundervisning før og etter dei starta på ph.d.-løpet.

Informantar	Erf. / Uerf.	Kjønn	Alder	Master (siv.stud) frå	Bibliotekunderv Ph.d.-løpet	Bibli.underv på master
Odd	E	M	32	UK/BI	Ja	Ja
Vilde	E	K	29	Høgskole, Norge	Nei?	Ja
Remi	E	M	38	BI	Ja	Nei
Ruth	U	K	36	BI	Nei?	Ja
Ann	U	K	33	BI	Ja	Ja
Bela	U	K	26	Tidl austblokk	Ja	Nei
Maria	E	K	27	BI	Nei?	Ja
Åse	E	K	40	Belgia	Ja (berre Endn.)	Nei

3.3.8 Gjennomføring

Intervjua blei gjennomførte i løpet av januar og februar 2012. Eg brukte opptaksutstyr og informantane skreiv under samtykkeskjema¹³ på at det var greitt, og at dei var innforståtte med at opptaka og utskrifter skulle makulerast etter at klagefristen for sensur var gått ut (sjå Vedlegg 3). Postholm (2010) rår frå å notere undervegs. Dette prøvde eg å følgje så langt eg kunne. Sidan eg føler meg nokså usikker på engelskkunnskapane mine hadde eg med ein kollega på dei intervjua som vart gjennomført på engelsk. Desse informantane blei informert om det på førehand og aksepterte det. Sidan all informasjon til doktorgradsstudentar skal vere på engelsk, var både invitasjon, intervjuguide og spørjeskjema på engelsk. Intervju med norsktalande gjekk på norsk. Eitt av intervjua kunne med fordel ha blitt halde på engelsk, men kandidaten insisterte på å øve.

Eg sette av 1,5 time til kvart intervju for å ha god tid. Lengda på intervjua varierte frå 36 minutt til ein og ein halv time. Tidsbruken handla mykje om kva slags informantar eg hadde. Nokre hadde tenkt mykje og hadde mykje dei ville prate om. Dei som var heilt ferske ph.d.-kandidatar var ikkje like reflekterande og hadde heller ikkje like mykje dei ville fortelje. Alle fekk ein pose sjokolade som takk for deltakinga.

Transkripsjon

Intervjua er transkriberte og lagt inn i analyseprogrammet *NVivo*. Eg har basert meg på datastyrt koding inspirert av intervjuguiden. Sitata er meiningsfortetta slik Kvale og Brinkmann (2009) beskriver er naturleg for denne type undersøking. Dette er greitt i ein analyse der vi er ute etter ytringar på meiningsplanet, og ikkje ein språkanalyse. Eg har valt å ikkje skrive om sitata til nynorsk, men har valt å behalde eit slags munnleg uttrykk. Difor er heller ikkje engelske utsegn omsett. Der opptaka er uklare har eg lagt inn [?] for å markere at er usikker på kva som er sagt.

3.3.9 Tankar etter gjennomført intervju

Intervjua gjekk greitt og ingen avlyste avtalane. Samtalane flaut godt, eg hadde taleføre og reflekterte informantar. Vi følgde i stor grad gangen i intervjuguiden, men informantane fekk reflektere fritt rundt tema. Intervjuguiden var god å ha for å sikre at vi var innom dei punkta som var sette opp.

¹³ Undersøkinga er godkjend av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (Vedlegg 1)

Planen min var å basere noko av min studie på ei kvantitativ undersøking biblioteket skulle gjennomføre dette året (LibQUAL-undersøkinga; sjå t.d. Yu et al. (2008) og Association of Research Libraries (2008)). Fleire av spørsmåla i denne kunne vere med på å belyse resultat frå intervjuundersøkinga mi, men dessverre fekk ikkje biblioteket lov til å gjennomføre dette. Avgjerda kom i februar og då var det for seint å lage ei eiga undersøking. Med tanke på at det er gjennomført tre større norske studiar (Drachen et al. 2011; Gullbekk et al. 2012; Sentio Research 2010) dei siste åra, er det mogleg å sjå mine funn mot desse. Som vist i kapittel 2, er det i desse studiane brukt kvantitative spørjeundersøkingar, fokusgrupper og intervju. Eg meiner at resultata frå min studie er pålitelege og robuste nok til å seie noko om kva forhold ph.d.-kandidatar har til bibliotektenestene.

4 Resultat frå intervjuundersøkinga

I dette kapittelet vil eg presentere resultat frå intervjuundersøkinga. Etter åtte intervju som stort sett varte ein time har eg eit svært stort og rikt datamateriale. Det er difor ikkje plass til å gå i detalj på alt. Eg har valt å gå i detalj på dei punkta eg meiner er vesentlege for problemstillinga mi og gir ei meir generell skildring av interessante funn. Kapittelet følgjer i stor grad disposisjonen i intervjuguiden (Vedlegg 5) og er konsentrert rund fire hovuddelar: rolla som ph.d-kandidat, den informasjonskompetente kandidaten, ulike rettleiingsroller og til slutt dei utfordringane dei ga biblioteket. Eg tek først for meg bakgrunnen til informantane for å sjå kva det er som konstituerer ph.d.-rolla.

Intervjua - om motivasjon for å delta i intervjua...

Tidlegare forskning har vist at og at ph.d.-kandidatar er lite interessert i forstyrrende aktivitetar som ikkje tener karriere eller gjer avkasting økonomisk (Gullbekk et al. 2012; Thune og Olsen 2009). Difor vart eg overraska over kor positive dei som melde seg til intervju var. Fleire viste til at dei kjente til problemet med datainnsamling og kor vanskeleg det kan vere å skaffe informantar og respondentar.

Det er legitimt å spørje seg om utvalet kan vere skeivt og om dei som melder seg er dei som er opptekne av bibliotektenestene frå før. Fleire uttrykte at dei sette pris på initiativet og viste interesse for doktorgradskandidatane. Motivasjon for å delta var høve til å formidle ønske om betre tenester som kunne styrke forskingsprosessen deira. Dei opplevde biblioteket som svært viktig og nyttig og då var det sjølvsagt at dei stilte opp til intervju. Dette styrker truverde i utsegnene (Pors 2001; Ringdal 2007).

Det å takke ja til å delta på intervju sette i gang ein refleksjon rundt kva bibliotektenesta betydde for dei. I si oppsummering av samtalen vår stadfesta Odd det Kvale og Brinkmann (2009) seier om at sjølve intervjuet er kunnskapskonstruerande:

Kjekt å prate om noko eg aldri har tenkt over. Det er også interessant. Korfor har eg ikkje tenkt over kor viktig biblioteket er og kva som er bibliotekets rolle? Har faktisk aldri tenkt over det i løpet av desse åra.

Fleire uttrykte at intervjuet har vore opplysende og gitt dei nye idear og innspel. Ruth reflekterte over eigne ferdigheter: "[De] er nok litt begrensa skjønner jeg nå da. Jeg tror jeg skal begynne å søke litt i Business Source Complete og PsychInfo også. Veldig relevant for oss". Andre ville sjekke ut siteringssøk og varslingsstenester dei ikkje kjende frå før.

4.1 På veg mot ei forskarkarriere

Trass i at BI er klar på at ph.d.-studiet også skal føre til eit meir kunnskapsrikt næringsliv har eg konsentrert meg om det som tradisjonelt har vore ei forskarutdanning og vitskapleg verksemd som er prega av systematisk søken etter kunnskap (Tranøy 1986). Spørsmålet er om informantane opplever at slike kunnskapingsprosessar faktisk konstituerer forskarrolla, og om dei opplever bibliotekenestene som nyttige i denne prosessen?

4.1.1 Frå student til Ph.d-kandidat

Korleis reflekterte informantane over skilnaden frå studenttilværet til det å vere ph.d.-kandidat? Få av informantane reflekterte over tidspress; det høyrde med til rolla. Unnataket var Odd som kommenterte at tidsfristar er den mest utfordrande faktoren og kan påverke informasjonssøket.

Dei som hadde teke master på BI opplevde å ha tilgang til dei same kjeldene som når dei var studentar. Difor er den største skilnaden no eigen arbeidsplass. Alle sette pris på fast arbeidsplass i eit kontorfellesskap, eigen PC med god skjerm og fleksibiliteten dette ga. Ann minst tida som student på denne måten: “When I was doing my bachelor study I was sitting in the library and opening books and writing out note cards and this kind of oldfashion”. Andre sette pris på lengre lånetid og at ein bibliotekar sette av tid til å fortelje om kva tilbod dei hadde no som ph.d-kandidatar (*onboarding*) og at dei ikkje lenger var avhengige av bibliotekets opningstid for å få arbeidsro.

Informantane var opptekne av å klare seg sjølv i størst mogleg grad, noko dei òg opplevde at omverda forventade dei skulle. Nokre meinte det var enklare å spørje andre når dei tok master, medan andre meinte det var det same no: ”Ja, det forventes av oss alle sammen, både på masternivå og nå. Når man har fått noe grunnleggende, da skal man jobbe videre med det på egen hånd og se hvor man havner hen” (Ruth).

Det verkar som om kandidatane berre såg fordelar med overgangen og sette stor pris på det å vere i lønna arbeid med fast arbeidsplass. Dette gjorde at dei tok meir avstand frå studentrolla og i større grad identifiserte seg som tilsette, sjølv om dei hadde eksamenar. Fleire uttrykte at dei var i ein læringssituasjon og opplevde det ikkje som krevjande å vere i mellomposisjonen som student og tilsett. Eg blei overraska over kor positive dei var til eigen situasjon. Dei samanlikna seg med doktorgradskandidatar ved andre norske og internasjonale

institusjonar og såg med det fordelane dei hadde. Uoverenstemmelsar og negative forhold kom sjølvstags også til uttrykk, men dei var ubetydelege.

4.1.2 Forskarens kvardagspraksis

Informantane i min studie var opptekne av å klare seg sjølv både når det gjaldt det å beherske forskarverktøya og det at dei var fagleg einsame og måtte stole på seg sjølv. Odd sa det slik:

For min del har det vore ein ganske einsam prosess. Da blir det mykje å sitte sjølv, lese mykje og leite masse etter informasjon. Sjølv om du jobbar saman med andre blir du fort eksperten på ditt tema. Aldri noken som kan så masse om det som du gjer, ganske raskt eigentleg. Det er ei utfordring i forhold til informasjonsinnhenting.

Ingen av kandidatane inngikk i forskarteam anna enn i svært lause samband, og fleire opplevde dette som einsamt. Likevel kjende dei seg ikkje heilt åleine sidan dei hadde nettverk utanfor BI. Åse skildra BI som eit forskarhotell og sa vidare: "Nå sitter jeg bare å skriver, snakker ikke med noen, i min egen lille boble. Om jeg sitter her eller hjemme har ingenting å si for det er ingen som vet hva jeg gjør eller hvor jeg er eller vet hvem jeg er". Ho opplevde ikkje dette som noko negativt.

Nysgjerrighet og tolmod er andre viktige eigenskapar ved forskarrolla. Maria fortalde entusiastisk om det å bruke mykje tid på å leite etter stoff innan ein forskingsdisiplin der det finst mykje tidlegare forskning, noko som gjer det tidkrevjande å skaffe seg oversikt over feltet. Allereie på intervjutidspunktet hadde ho to gonger skrinlagt og omformulert prosjektet sitt fordi det ho hadde planlagt å gjøre allereie var gjort; "then it was a bit of a drama, but I started reading again. [Patient] that's how a researcher should be".

Implisitt i forskarrolla ligg det å halde seg oppdatert, lese grundig eller sveipe over mykje litteratur, det Seldén (2004) skildrar som forskarens kvardagspraksis. Åse illustrerte dette på ein så god måte at eg tek med to lengre sitat:

«OJ der har han kommet opp med noe nytt. Hjelp har han kjørt forbi meg? Nei, det har han ikke [puh] ÅH posisjoner mot det! da kan jeg bruke NN-2011-artikkelen [og] han [blir] en sånn fast referanse som jeg kan bruke i alle artiklene. Viss jeg plutselig finner det ikke den journalen som er viktig da må jeg hive ut ganske mye litteratur og få inn mye nytt. Man MÅ bruke litteratur fra de forskjellige journalene, i hvertfall nivå2-journaler – kjempeviktig. Man må koble seg på diskusjonen som går i den journalen, da plutselig er det sånn oj skal jeg posisjonere meg mot den journalen? Wow! Hvilke diskusjoner er det som går der, som jeg ikke er koblet på? Da må jeg lese meg gjennom alle som er relevante.

Kunnskapsproduksjon er eitt av måla med eit doktorgradsprosjekt (Fleming-May og Yuro 2009). Odd blei litt overraska over kravet til teoriutvikling, men skjønnte fort at målet var å ”[...] kople mine interesser med eit slags gap i litteraturen”. Vidare sa han om ph.d.-rolla: “Doktorgradsstudentane blir lært inn det systemet, for oss er det publisering som tel. Vi skal gjerne publisere allereie mens vi er studentar. Kunnskapsutvikling er ikkje så viktig, men publisering er viktig”. Årsaka var at publisering kan målast. Fleire nemnde kunnskapsakkumulering og transparens som viktig for forskaren.

4.1.3 Forskingsdisiplin og litteratur

Eg har ikkje har robuste nok data til å seie noko om kva som skil dei harde og mjuke disiplinane på BI, men i forhold til det å ”bruke biblioteket” er informantane mine tilsynelatande meir like enn dei oppfattar sjølve. Informant Maria, frå dei harde faga, meinte at dei bruker bibliotektenestene like mykje som andre, dei tenker berre ikkje over det.

Innanfor dei fire ulike fagretningane som er representert i denne studien, kan eg ikkje finne skilnader mellom forskingsdisiplin og korleis dei forholder seg til bibliotekets tenester og ressursar. Nokre informantar fortalde at fagområdet deira er nisjer og dermed har eit lite litteraturtilfang, andre skriv innan tradisjonar som vert kritisert for at dei manglar teoriar andre igjen er breie og svært tverrfaglege. Det ser ikkje ut som om metode fører til skilnad i korleis informantane opplevde tilgang på og bruk av litteratur innanfor det som er bibliotekets ansvarsområde.

I den grad eg fann skilnader handla det meir om tradisjonar og vaner på dei enkelte institutta spesielt når det gjeld val av programvare. I fag der modellar og formlar er utbreidde, valde dei andre enn Microsoft sine produkt og bruker td LaTeX og Beamer. På andre institutt kan det sjå ut som om dei hadde valt å halde seg unna Endnote meir av vane enn noko anna.

4.1.4 Opplever kandidatane biblioteket som nyttig for forskingsprosessen?

I fleire studiar ser vi at det er bøkene og dei fysiske fasilitetane som konstituerer biblioteket (Berge 2010; Hermanrud 2011; Sentio Research 2010). Eg ville sjå om dette også er tilfelle på BI. Det å bruke og føretrekkje biblioteket og tenestene våre kan fortelje noko om i kva grad informantane tillegg bibliotekets ressursar og tenester kognitiv autoritet.

Ikkje uventa knytte informantane ”det å bruke biblioteket” til den fysiske bibliotektenesta; besøk, studere i biblioteket, lese bøker osv. Sidan dei hadde eigen arbeidsplass opplevde dei at dei ikkje lenger ”brukte” biblioteket. Etter det Postholm (2010)

kallar ei refleksjonsreise skifta dei meining, som Ann seier det: "I think it is a more passive service now, I don't even realize that I am using it in a kind of way, because I am sitting in my own desk doing much more of the work electronically". Og Maria stadfesta at dette nok er årsaka til at kollegaene i harde fag seier dei ikkje bruker bibliotektenesta, fordi dette er knytt til å gå på biblioteket og låne bøker:

You perceive the library as only a place. You have the books there and maybe it is because of this misunderstanding? But I assure you that people here in finance and as well in economics they do use the library services.

Ved å takke ja til intervjuet begynte Odd å reflektere rund bibliotekomgrepet, og blei overraska:

Ka er biblioteket ? Ein fysisk plass, eller dataverktøy samla på ei nettside ? Ha`kje tenkt nok på det. Ser det er uklare og vanskelege grenser. Bibliotek kan ikkje berre vere bibliotek, men eit slags læringsressurscenter.

Han var oppteken av at det grunnleggande måtte vere på plass, slik som litteraturen, og at dei måtte ha enkel tilgang, viss ikkje ville det ikkje hjelpe om vi var hyggelege og at lokala var fine. Den minst erfarne informantent likte å gå i biblioteket men var "redd for å bli slukt" og skjerma seg frå informasjonsoverflod ved å la vere å ta turen.

Fleire informantar opplevde at kontorfellesskapet ikkje ga arbeidsro. Likevel var ikkje biblioteket eit relevant alternativ. Dei reiste heller heim enn å setje seg i biblioteket. Berre ein av informantane (Remi) brukte framleis biblioteket som arbeidsplass: " Hvis jeg er her, bruker jeg som oftest biblioteket, prøver å finne en av de gode stolene ved det store vinduet inn i 5.etg, mye bedre å sitte der med dagslys, litt romslig og litt ordentlig stol og kose seg litt".

Den viktigaste grunnen informantane oppgav for å bruke det fysiske biblioteket var for å hente bøker dei hadde bestilt, eller at dei hadde funne ut at vi hadde boka gjennom eit søk i BIBSYS. Ann meinte at det å få bøker i posten kunne vere eit gode, men ho syntest heller ikkje det var viktig. For mange var det ein god grunn til å reise seg frå stolen og "lufte" seg.

Det var tydeleg at førsteinntrykket dei hadde av biblioteket var knytt til bøker og sidan artklar hadde fått større plass og fanst i den digitale verda kopla dei ikkje dette til "bruk av" bibliotek. Etter litt refleksjon kom dei likevel fram til at dei var storbrukarar av biblioteket.

4.1.5 Tilfredsheit

Dei fleste informantane var overveldande positive til biblioteket og tilbodet dei fekk. Fleire utsegner tyder på at biblioteket er viktig for kandidatane og dette vert styrka ved at dei nemnde kvifor det var nyttig og kva som ikkje fungerte bra, som t.d. Maria:

I am really satisfied with the services at the library. You always get the help. You just have to go and ask. So it never happened; `ahh I couldn't find this and this , cant go further with my research because I haven't this thing` so I think this is good.

Ho forsikra oss om at ho ikkje berre gav eit glansbilete av tenesta, men kunne òg fortelje kva vi burde tilby meir av for å støtte opp om forskingsprosessen hennar. Vilde omtalte seg sjølv som storforbrukar av bibliotektenester og hadde brukt fleire bibliotek i Oslo. Ho opplevde at "[bibliotek] egentlig er de mest fineste og servicemindede stedene som fins". BI-biblioteket var "uunnverlig", fordi "[g]jennom biblioteket har jeg tilgang til disse ressursene som er kjempeviktig for min arbeidshverdag. Både Endnote og søkemotorer [og fjernlån]". Odd hadde lang fartstid på BI, hadde tatt mastergraden sin i utlandet og kunne samanlikne tenestetilbodet:

BI har jo eit heilt fantastisk bibliotek, ekstremt bra. I forhold til alt eg har sett, [...] på forskjellige universitet –kuult, gir ekstra ressurs. Folk er imponert over biblioteket når dei kjem hit [...] bidrar til at vi gjer ein god jobb.

Eit døme på dette er at han hadde sendt artiklar vi har tilgang til, til ph.d.-studentar ved andre skular fordi "her er det utruleg bra tilgang på business[-litteratur]".

Informantane var i stor grad svært nøgde med tenestene og ressursane fordi dei gir tilgang til litteratur og informasjon som er viktig for forskingsprosessen deira. Dette samsvarer med undersøkingar gjort i 2008 (ARL 2008). Unnataket er kritikken mot BIBSYS, som òg blir ein kritikk av biblioteket og vårt manglande omsyn til forskarane.

BIBSYS

Informantane knytte biblioteket til bøker, og sidan dei bruker BIBSYS til å finne bøker er forholdet deira til BIBSYS med å påverke opplevinga av biblioteket. Sluttbrukaren har etter kvart blitt van med å bruke andre system som gir relevansvurderingar og foreslår kva du kan søke på viss du ikkje skriv t.d. eit tidsskriftsnamn riktig. Mot dette blei BIBSYS opplevd som gamaldags og ugrent å jobbe med. Remi hadde prøvd begge versjonar av BIBSYS (ASK1 og ASK2) og utbraut:

Syns det er dårlige greier [...] når vi er et land som faktisk har kommet fram med et av verdens to ledende s keselskaper p  s keteknologi for akkurat den type bruk, at vi ikke klarer   bruke dem.

P  intervjudtidspunktet hadde tilgangen til artiklar vore tungvint i over eit halvt  r, og informantane irriterte seg over   m tte bruke BIBSYS for   komme til tidsskrifta. Sidan artiklar er s  viktige for forskinga blei BIBSYS opplevd som ein barriere. Fleire sakna A-Z-lista v r og opplevde at biblioteket med dette ytte d rleg service utan tanke for sluttbrukaren. Difor hadde fleire av informantane eit heller aggressivt forhold til BIBSYS og oppgav at intervjuet var eit h ve til   formidle dette. Remi viste til eit d me p    finne artiklar i *Journal of finance* der han m tte bla gjennom seks skjermbilete i BIBSYS. Han oppsummerte slik:

Poenget er at hvis du m  kunne masse for   gj re enkle s k [i BIBSYS] enn p  generelle s kemotorer og du f r bedre treff i f.eks. Google, s  er det ikke bra nok. I utgangspunktet skal du ikke ha noen oppl ring p  bruk av s nne ting. Det skal v re intuitivt og funke og s rlig n r man er vant til   bruke s nt.

Han hadde utnytta avgrensningmuligheitene, og kritikken er etter mi meining begrunna. Nokre fann aldri det dei skulle ha, sj lv om dei visste det fanst. Sp rsm let er om det var s keferdighetene deira som var svake, eller om det rett og slett er mangelen p  muligheiter i BIBSYS som var problemet? Enkelte kommentarar kan tyde p  at nokre ikkje kunne trunkere og hadde misforst tt kva slags dokumenttypar som var tilgjengelege i BIBSYS. Intervjuet ga ikkje rom for   g  n rmare inn p  kva som l g i desse utsegnene. Men trass i kritikken rangerte sju av informantane BIBSYS som ein av dei viktigaste databasane (Vedlegg 6).

4.1.6 Forhold til ulike dokumenttypar

Fleire studiar innan fagbibliotek har kartlagt kva forhold brukargrupper har til ulike dokumenttypar. Arguello (2011) fann at business-studentar bruker fleire dokumenttypar enn det vi ser i studie fr  andre disiplin r. Ofte blir det sl tt fast at artiklar er viktigast, og dermed mistar vi innsikt i kva forhold dei har til andre dokumenttypar.

Hos informantane mine var det ikkje uventa slik at artiklar var viktige for alle, og alle opplevde at dei fekk tak i dei fleste av artikkane sj lve utan   bestille fr  biblioteket. I ein del tilfelle l nte dei trykte tidsskrift av forskarkollegaer. Seks markerte at b ker  g var viktige, med forskingsrapportar p  tredjeplass. Grunnen til at artiklar blei opplevd som viktigare enn b ker, er at nye forskingsresultat vert formidla i artiklar og til dels i forskingsrapportar. I f lgje Maria er det ikkje plass til teoriutvikling i artiklar i s rleg grad; der f r du veletablerte

omgrep i nye kontekstar. Det er mogleg at dette er spesielt for finans, som er feltet til Maria. Bøkene representerer likevel det grunnleggande. Dei gir bakgrunnsstoff og skildrar det konseptuelle, og informantane peikte på at dei hadde mange bøker på pensum i obligatoriske kurs, mellom anna metodelitteratur. Maria reflekterte slik over skilnaden:

[Books] give you the basic knowledge and the tools and to know the concept. You need the handbooks where you have them exposed and get the intuitions, the "how that model". What is the underlying mechanism? But if you want to know how to operate with those concepts you need the articles.

Odd var veldig oppteken av at han kunne klare seg utan fagbøker med unnatak av metodebøker og skjønnlitteratur. Brukarmanualar las han helst digitalt. Andre kandidatar syntest det var betre å lese manualar og som trykte handbøker. Dette har ingenting med alder og forskingserfaring å gjere.

Det kunne sjå ut til at dei ønskte å ta avstand frå boka, men alle var framleis avhengige av bøker i forskinga. Kandidaten frå finans skilde seg ut (ikkje uventa) ved å vere den einaste som var oppteken av bedriftsinformasjon og finansiell informasjon.

Er det fysiske dokumentet ein barriere og kor digital er kandidaten?

I fleire studiar ser vi at kandidatane er opptekne av effektivitet og at litteraturen skal vere lett tilgjengeleg (Gullbekk 2012; Fleming May 2009). I min studie bestilte informantane mykje bøker frå biblioteket og var svært nøgde med fjernlånstenesta. Mangel på tolmod, eller ønske om å få ting raskt, var i stor grad knytt til artiklar. Sidan bøker mest fungerte som bakgrunslitteratur hadde dei tolmod til å vente på bestillingar. Det at kandidatane måtte gå til biblioteket for å hente boka kunne opplevast som tungvint, men blei ikkje oppgitt som ei årsak til at dei ikkje bestilte relevant litteratur. Nokre få hevda at det var enklare å kjøpe gjennom Amazon enn å låne og, det å eie såg ut til å vere meir viktig for dei erfarne som Remi: "Jeg er litt samler av natur, og når jeg har budsjett er det ikke noe problem".

Vi ser at mange etter litt refleksjon nemnde ulempa med at dei ikkje kunne skrive i, notere i eller laste ned lånte bøker. Dei hadde lagt seg til lesevanar på artiklar og ønskte å overføre desse til bokformatet. Likevel var det påfallande få som hadde testa ut e-boktilbodet vårt. Dei som hadde testa det ut, opplevde det som klønete og lite hensiktsmessig. Berre ein av informantane hadde teke i bruk lesebrett. Det har ofte blitt hevda at det er dei unge som tidleg tek i bruk ny teknologi, men Maria sa:

I don't like reading on the computer. Sometimes I need to highlight. We needed one [e-book] for one course, and it was on the e-library. But the resolution wasn't that good when you tried to print it out. I bought the book, it was easier.

Likevel ville Maria gjerne ha fleire e-bøker for å kunne søke på emneord, og heldt fram: "Just to be able to find these very small sections that are actually relevant. It is hard to actually look through books for these little sections?" Ho ønskte ikkje å lese og eg forstår at ho ikkje heilt kjente mulighetene e-bøker gir.

Ikkje overraskande føretrekte dei fleste den digitale artikkelen. Dette kan tyde på at bruken av digitale artiklar er med på å konstituere rolla som moderne forskar. Men dette heng i stor grad også saman med tilgang, og ikkje med eit ønske om å lese på skjerm. Vidare er det er dei eldste og mest etablerte kandidatane som også er dei mest digitale. Konklusjonen er at vi framleis lever i ei hybrid verd.

4.1.7 Oppsummering

Informantane opplevde overgangen frå student til ph.d.-kandidat som positiv, spesielt eigen arbeidsplass vart verdsett. Dei var opptekne av kunnskapsakkumulering og av å vere sjølvstendige. Biblioteket blei opplevd som viktig fordi det gav tilgang til ressursar som var viktige for dei. Dei hadde eit sterkt og positivt forhold til biblioteket, sjølv om dei i utgangspunktet sa at dei ikkje brukte biblioteket lenger. Dei meinte tilgang til artiklar var det viktigaste vi tilbyr, men andre dokumenttypar hadde òg sin plass i litteraturtilfanget deira. Bøker var ikkje viktige for dei, men likevel så viktige at boka blei rangert før forskingsrapportar. Dei var forarga over at tilgangen til artiklar blei redusert gjennom bytte av leverandør, noko som styrka det negative synet på BIBSYS. Fjernlånstenesta var mykje brukt og blei ikkje opplevd som eit hinder for forskinga. Informantane hadde gode budsjett og kjøpte gjerne i staden for å låne. Likevel ønskte mange at bøkene skulle vere like lett tilgjengelege som artiklar, sjølv om dei ikkje var interessert i å lese på skjerm.

4.2 Den informasjonskompetente doktorgradskandidaten

Eg har ikkje målt grad av informasjonskompetanse, men valt å sjå på enkelte indikatorar som peiker på om informantane er informasjonskompetente. Informasjonskompetanse sosialiserer til ei rolle, og dermed med på å konstituere forskarrolla (Rafste og Sætre 2008; Seldén 2004; Sundin 2003; Sundin et al. 2008). Difor ville eg sjå om undervisninga som kandidatane har fått frå biblioteket, blir opplevd som nyttig, og korleis kandidatane vurderer sine egne

ferdigheiter. Deretter viser eg til utsegner knytte til indikatorane eg har valt ut, som er: informantanes kjennskap og bruk av bibliotekets databasar, deira informasjonssøking, korleis dei held seg oppdatert på feltet sitt, og til slutt korleis dei kvalitetsvurderer kjelder. Dette kan igjen seie noko om kandidatane tillegg bibliotekets informasjonsressursar kognitiv autoritet.

4.2.1 Bibliotekets formaliserte undervisning

Læring vert ofte definert som (relativ) varig endring av åtferd. Det er likevel vanskeleg å påvise og isolere effekten av bibliotekets undervisning og rettleiing (Oakleaf 2011; Pors 2010; Tuominen et al. 2005). Forfattarane meiner at læringsutbytte er avhengig av at undervisninga er integrert i ein fagleg kontekst som blir opplevd som nyttig for studentane .

Tre av informantane hadde ein fersk mastergrad frå BI og hadde delteke i undervisning gitt i faget *Research methodology*. To hadde eldre gradar frå BI-systemet. Berre tre av informantane sa dei ikkje hadde delteke på bibliotekundervisning før ph.d.-løpet. Fleire informantar meinte at det var ein fordel at dei hadde mastergraden frå BI, eller frå Norge, fordi dei då var kjende med nyttige informasjonsressursar og tenester. Utover bibliotekets informasjonsressursar nemnde dei at kjennskap til ressursar som Brønnøysundregistra og SSB gjorde at dei arbeidde meir effektivt enn medstudentane deira med mastergrad frå andre land. Maria var ei av dei som knytte bibliotekets undervisning opp til læringsutbytte:

It was really helpful. This way I learned how to look up the articles, references, Endnote and everything. That was useful and I used it for my master thesis so I came with this knowledge when I started my ph.d. So it was much easier for me, smoother.

Det er varierende i kva grad dei hugsar sjølve undervisninga frå BI. Ann hugsar godt tema, men ikkje at det var ein bibliotekar som underviste, og sa:

During research methodology there was a couple of sessions that was specifically "how to do library" that to me was much more than say signing up for one hour workshop or something. We even had an exam on it. I mean it was pretty well institutionalized here.

Vidare sa ho at ho ikkje var så oppteken av å lære informasjonssøking då ho tok mastergraden. Undervisninga var veldig fokusert på systematisk søking og dette var ein stil som passa dårleg for ho. Heller ikkje Endnote-kurset såg ho nytten av då. I etterkant angra ho svært på at ho ikkje tok det i bruk i løpet av masterstudiet.

Den tredje informanten som hadde hatt kurset (Ruth) hugsar ikkje at ho hadde tatt *Research methodology, library session*. Trass i at dette var obligatorisk med eksamen, meinte

ho at ho ikkje hadde tatt kurset. Likevel hugsa ho at ho lærte søketeknikkar, og i spørjeskjemaet har ho kryssa av for at ho hadde undervisning på master. Odd hadde hatt fleire økter med ”bibliotekundervisning”, og eg forstår av konteksten at han hadde ein førelesar og eit fag biblioteket var sterkt involvert i tidleg i studietida si. Førelesaren var oppteken av å lære studentane å søke etter, vurdere og handtere litteratur. Odd meinte dette var ein fordel for studentane.

Vilde hadde deltatt på databasekurs på studiestaden sin, men hugsa ikkje kor nyttig det var. Ho innrømte at det var på master ho hadde lært å bruke informasjonsressursane, men meinte søkekompetansen kom av seg sjølv ved å prøve og feile.

Utan at vi skal dra bastante slutningar, ser vi at studentane som kjem frå BI i stor grad har hatt undervisning gitt av biblioteket i løpet av studiet. Det interessante er at dei ikkje nødvendigvis knyter dette til bibliotekaren, men til faget. Dei seier at dei har lært informasjonssøking før dei tok til på ph.d.-studiet, men dei set ikkje ferdigheitene i direkte samanheng med bibliotekets undervisning. Med unnatak av Maria som var veldig tydeleg på det. Informasjonssøking er berre noko dei har lært. Kva dette er teikn på, er uvisst. BI-Biblioteket har vore bevisste på at vi skal leggje til rette for læring og bistå andre førelesarar.

4.2.2 Vurdering av eigen søkekompetanse

Korleis opplever informantane frå BI egne søkeferdigheiter? Fleire sa direkte eller indirekte at dei var fornøgde med eigen kompetanse og at dei ikkje følte at dei mangla kompetanse som hindra dei i å utføre arbeidet sitt. Informantane kjende til databasar som er viktige innan fagområda deira og meinte dei var i stand til å bruke dei på ein hensiktsmessig måte. Utan at eg har føretatt ein språkanalyse, kan eg seie at dei beherska terminologi knytt til informasjonssøkeprosessar, kunnskapsutvikling, alt det som høyrer informasjonssøkekarrieren til. Termar som *embargo*, *fjernlån*, *managing the references*, *Endnote*, *VPN* og *databasar* blei uopfordra omtala og brukte i riktige kontekstar. Gjennom intervjuet kom det òg fram korleis dei brukte bibliotekressursane, spesielt tilgang til artiklar, som indikerer gode ferdigheiter. Det kan vere ein nyanse i korleis dei uerfarne brukte terminologien og korleis dei erfarne gjorde det, men dette forholdet er det ikkje plass til å komme nærmare inn på her .

Eit døme på tilfredsheit med eigen kompetanse viste Ann : ”I feel that it works for me, and I have done well enough until now using the methods that I use”. Odd var nok den som uttrykte det klarast: ”Eg ser på meg sjølv nesten om ein ekspert, kanskje eg tek feil? Ingen har vist meg nokre skikkeleg smarte triks eg ikkje har visst om, når det gjeld informasjonssøk”.

Difor hadde han etter kvart blitt ein av dei som hjelpte andre på instituttet. Ruth opplevde at ho ikkje fann stoff når ho heldt på med masteroppgåva, men såg ikkje at hennar egne ferdigheiter kunne vere årsaka. Ho antyda i staden at det var for mykje litteratur: "Har aldri opplevd at jeg ikke har funnet noe, noen steder. Det går heller den andre veien".

Kandidatane var i utgangspunktet nøgde med eigen kompetanse, men spørsmålet om dei beherskar prosessane i samband med søking, fekk dei til å tvile litt og lure på om det kanskje var teknikkar dei kunne lære meir om. Fleire av informantane kommenterte dette og meinte dei burde vere flinkare til å sjekke ut fleire muligheiter for å få tak i det dei treng.

Vilde uttrykte dette slik:

Føler at alle er så trygge på det. Det er på en måte det vi ikke kan. Man glemmer at de ekstra finessene fins; som du sier søke på siteringer, finne kjerneartikkel, sånne ting som man ikke tenker på selv. Det tror jeg ikke alle er flinke til. Vi er på en måte flinke på kjernen. Nå sier jeg vi, men opplevelsen min er at jeg og andre er på samme nivå.

Likevel stolte ho på egne ferdigheiter som ein dyd av nødvendighet, og fordi dette var noko ho gjorde heile tida. Ho ville ikkje forstyrre andre med spørsmål om slike ting. Remi var den einaste som var tydeleg på at det var noko han ikkje kunne i samband med bruk av Endnote Web, men han hadde ikkje kontakta biblioteket for å avklare det. Han hadde jobba med informasjonsinnhenting i mange år, følte at han beherska det meste og prøvde til han fekk det til.

4.2.3 Formell informasjonssøking

Formell informasjonssøking er ein term Seldèn (2004) bruker synonymt med bibliotekorientert informasjonssøking. Det å kunne velje ut ulike informasjonsressursar og tenester etter behov viser at ein er informasjonskompetent. I den grad informantane bruker formell informasjonssøking fortel dette òg i kva grad dei tillegg bibliotekets ressursar kognitiv autoritet.

På spørsmålet om kor intensivt dei søker etter litteratur under intervjutidspunktet og om dette har endra seg over tid, svarte dei fleste at dette var noko dei gjorde heile tida. Kandidatane har eit ganske hektisk undervisningsår i byrjinga av ph.d.-løpet, med obligatoriske, pensumrelaterte kurs dei skal gjennom. Dette avgrensar tid og høve til å arbeide med eige prosjekt, og dermed også høve til å drive med søkeaktivitet. Ann forklarte det slik:

Time is spent reading for courses where you are provided usually with the reading or you need to find the books, but it is just a matter of reading and then working a little

bit on my own topic which is doing more research and try to find articles and books that kind of support the arguments I want to make.

Men også Odd, som skriv på ein monografi, hadde likevel fleire mindre prosjekt og konkluderte med at han søkte jamt og mykje. Vilde var inne i ein ”kvileperiode”, men hadde likevel vore inne i PsychInfo 3-4 gonger tidlegare på intervjudagen. Vidare sa ho at litteratursøking er:

[...] noe jeg gjør hele tiden, fordi man kan jo nesten ikke si noe ting uten å referere til det. Det er en kontinuerlig prosess, jeg kan ikke gjøre jobben min omtrent uten å sjekke småting som man på en måte husker.

Litteratursøking handlar om å finne nytt stoff, artiklar dei har referanse til og forskning som stadfester, eller motbeviser argument. Difor auka søkeaktiviteten i skriveintensive periodar, noko denne utsegna til Åse illustrerer:

Jeg [søker] hele tiden. Siden jeg skriver artikkelsamling, posisjonerer jeg de mot forskjellig litteratur, kommer med forskjellig teoretisk bidrag og bruker forskjellige deler av den empirien jeg har. F. eks i et paper er det bare med en bedrift, den andre med den andre bedriften. Så jeg har tatt bort begge teoriene og da går jeg mot en tredje da bruker jeg databaser hele tiden for å se hvem som har referert til hverandre.

Litteratursøking høyrer til ph.d.-kandidatane sin kvardagspraksis ,og eg meiner dette tyder på at denne aktiviteten er med på å konstituere rolla som forskar.

4.2.4 Informasjonssøking og emosjonar

Udekkede ubevisste og bevisste informasjonsbehov kan føre til frustrasjon (Dervin 2010, Kuhlthau 2004, Wilson 1996). Denne kognitive kunnskapskløfta kan reduserast gjennom det handlingar som skaper mening. Informantane i min studie opplevde å skape mening gjennom å leite etter litteratur. Fleire sette informasjonssøking i samband med noko positivt, som Åse:

Det er ikke frustrerende, det er som regel ganske gøy. [...] Det er mer sånn fasen jeg er i. Søket er jo bare et hjelpemiddel for å komme meg videre. Søket er som regel veldig morsomt. Jeg finner alltid mye annet i tillegg da, så det er veldig relevant og spennende!

Ho blei heller ikkje stressa eller frustrert av at det kunne tårne seg opp med ulesne litteratur, fordi informasjonssøking og lesing er ein viktig del av jobben. Ho hadde ikkje brukt bibliotekaren som rettleiar gjennom prosjektet sitt sidan ho stort sett hadde vore nøgd med

sine egne ferdigheiter. Odd meinte at frustrasjonen over ikkje å ha funne alt kom til å vare ved heilt til publisering av avhandlinga. Fleire nemnde at det å finne litteratur handla om å underbygge argument, men når dei ikkje fann noko som passa, kunne det vere svært frustrerende. To av dei meir uerfarne knytte kjensler til redselen for å få for mykje. Dei uttrykte med andre ord ein angst for informasjonsoverflod.

Det kan sjå ut til at tidleg i ph.d.-løpet var informantane godt nøgde med egne ferdigheiter og meir frustrerte over at det er for mykje stoff. Vidare uttrykte tre av dei mest erfarne kandidatane usikkerhet i forhold til om dei hadde fått dekkja litteraturbehovet godt nok. Denne usikkerheita såg ut til å auke mot innlevering.

4.2.5 Kjennskap til informasjonsressursane

Før intervjuet fylte informantane ut eit spørjeskjema (Vedlegg 4). Som nemnt i metodekapitlet skulle ikkje dette vere ei kvantitativ undersøkning, men fungere som støtte. I arbeidet med skjemaet måtte dei mellom anna rangere eit sett med databasar eg har vurdert som BIs kjernebasar og i tillegg søkemotoren Google Scholar. Dei kunne vidare sette opp andre viss det var basar dei sakna. Ingen gjorde det. Her er ei kort oversikt over resultatata frå spørjeskjema:

Database	Very useful	Useful	Not useful/not familiar
Business Source Complete	6	1	1
BIBSYS	5	2	1
ISI	4	3	1
Google Scholar	4	3	1
JSTOR	4	2	2

Eg var mellom anna interessert i å sjå om omtale av databasane under intervjuet ga anna informasjon. *Business Source Complete* (BSC) blei rangert høgast av basane og fleire nemnde den i løpet av intervjuet. For fem av informantane var BIBSYS ”svært viktig”, medan ein informant opplevde basen som unyttig og dårleg, sjølv om ho brukte den. Men som vi såg i avsnitt 4.1.5 var det fleire som var svært negative til BIBSYS. Web of Science (ISI) blei naturleg nok rangert som viktig/nyttig og blei vurdert likt med Google Scholar, men dei blei brukte på ulike måtar. ISI blei brukt både for å sjekke siteringar og til systematiske søk. Denne basen er den som har lengst tradisjon for systematisk gjenfinning av siterte artiklar og

tal på siteringar. Ein av dei yngste informantane føretrekte å bruke denne, medan dei eldste og mest erfarne brukte basen i mindre grad, sjølv om den blei omtala som meir akademisk robust.

Ingen føreslo Google som ressurs i spørjeskjemaet, men under intervjuet sa ein av informantane at ho alltid googla først for deretter å gå til basar viss ho måtte. Ho var fornøgd med det ho fekk opp i Google og brukte difor Google Scholar i mindre grad. Ho hadde eit langt resonnement rundt det å bruke Google for å sjekke ut korleis eit omgrep blei brukt i ulike kontekstar. Då ho hadde funne ut korleis omgrepet vert brukt gjekk ho vidare til t.d. Business Source Complete for eit meir systematisk. Andre hevda at fordelene med Google Scholar var at du kan søke på tittel og artikkelen berre ”popper opp”, som ein sa. I den andre enden av skalaen finn vi Vilde, som i liten grad stolte på Google ”Jeg stoler lite på Google/google Scholar. Man blir jo veldig kildekritisk så derfor søker jeg bare på de viss jeg trenger noe raskt”. Ho opplevde bibliotekets databasar som enklare å søke i fordi ho kjente formatet og verdsette spesielt at dette allereie var kvalitetssikra kjelder.

Databasar som er retta mot einskilte fagområde, som Psych Info, er viktig for organisasjonspyskologar, men kandidatane frå dette fagområdet rangerte den berre som nyttig. Basar som *Datastream* og *Orbis* blei oppfatta som nyttige for dei harde faga og var dermed – ikkje uventa – ukjende for dei øvrige kandidatane. Fleire fortalde at dei sjonglerer mellom ulike tenester alt etter funksjon og nytte dei har, som Ann fortalde om når ho leiter etter tidsskrift og er frustrert over feilstavingar mm:

I use both BIBSYS and also BSC and sometimes, the way they have the titles entered is slightly different than how it is actually written. If I can't find something in BIBSYS then I check Google Scholar and get the right title and then go back to BIBSYS or BSC, so I kind of go back and forth between them two, kind of synchronicity.

Databasar som Atekst og Factiva blei ikkje vurderte som nyttige. Det er stor variasjon i kva ressursar dei enkelte brukte, men eg ser ikkje klare teikn på at dei uerfarne sette sin lit til generelle basar og at dei spesialiserte seg etter kvart. Eg såg fleire døme på at informantane endra mening i løpet av intervjuet og ville sjekke ut basar dei på det tidspunktet ikkje brukte. Det ser òg ut til at vane er avgjerande for val av database: ”[...] once I got familiar with BSC, then that's what I used” (Ann).

Informantane opplevde informasjonssøking som meningsfullt og koplade det mot rolla som den nysgjerrige og tolmodige forskaren. Intensiteten varierte, men på informantane verka det som om det meir var snakk om dagar og ikkje lange periodar utan søking.

4.2.6 Korleis starte på eit prosjekt?

Carol Kuhlthau (2004) har vore oppteken av at bibliotekaren burde vere meir synleg og tilby rettleiing i byrjinga av prosjekt fordi behovet for hjelp er stor i denne fasen. I fleire år har biblioteket prøvd å tilby hjelp ved prosjektoppstart, men dette er eit tilbod som har vore nytta i liten grad. Difor ønskte eg å høyre med informantane om korleis dei hadde starta å jobbe med prosjektet sitt, i kva grad litteratursøking var ein viktig del av det å komme i gang og utforme problemstillingar, og i kva grad kognitive autoritetar hadde ei rolle her.

Dette var eit spørsmål samtlege hadde problem med å forstå og relatere til biblioteket. Stort sett byrja nye prosjekt som ein vag idé, eller at dei hadde blitt invitert med i prosjekt. Informant Åse seier at ho startar opp for seg sjølv og sette i gang å skrive med ein gong for så å finne støtte i litteraturen for dette. Odd prøvde å: "[...] finne ut kva som var skrive før, kva er det som manglar? Korleis kan eg kombinere mine interesser med eit slags gap i litteraturen?" To av informantane hadde lang arbeidserfaring før doktorgraden, var inspirerte av *grounded theory* og var opptekne av å gå "rett ut i empirien". Remi gjekk direkte til ekspertar innan fagområdet sitt og ba om tips når han skulle i gang med nye tema. Likevel sa han: "Klart at mine forskningsspørsmål er informert av litteraturen, så går jeg ut og utforsker de forskningsspørsmålene og prøver å identifisere de mekanismer som er i bruk".

Det kan sjå ut til at det er eit skilje mellom dei som er erfarne og dei som er uerfarne. Dei fleste starta med ein ide som dei sjølve arbeidde seg inn i. Ingen av informantane etterlyste hjelp i denne fasen.

4.2.7 Metodar for å finne litteratur og halde seg oppdatert

I Kvalifikasjonsrammeverket (2009) er eit av kriteria at studentane skal kunne halde seg oppdaterte innan ny kunnskap på sitt fagområde. Nå er det mange måtar å halde seg oppdatert på eit fagområde på. I intervjuet har eg vore spesielt interessert i følgjande metodar: 1) Systematisk søk - bruk av emneord, 2) Siteringssøk 3) Varslingstenester 4) Nøsting 5) Tips frå andre. Punkt 1 – 4 høyrer til systematisk søking, medan punkt 5 er ei form for uformell informasjonssøking. Er val av metodane kontekstavhengige eller er valet basert på vane, og er ulik grad av kognitiv autoritet knytt til dei ulike metodane?

Systematisk søking

I kva grad søker kandidatane systematisk på emneord? Blant mange bibliotekarar er det dette vi legg vekt på som metode i undervisninga. Kor utbreidd er denne metoden, og er det

spesielle forhold som gjer at dei vel å søke på emneord? Vilde hadde faste emneord som ho søkte på og sidestilte dette med varslingsstenester og tips. Elles kan det virke som om det ikkje var ein veldig utbreidd metodikk, men nødvendig i enkelte kontekster, spesielt i samband med nye tema. Det var mest vanleg å søke på emneord i databasar. Graden av systematisk søking i Google Scholar varierte. Nokre meiner det var heilt umogleg, medan andre meiner det gjekk bra. Odd meinte at den beste måten å bruke Google Scholar på, var å søke på emneord: "Gjeld å finne kva som er viktige artiklar, [Då] ser du på det som er viktig citations [og] dei nøkkelorda og begrepa som går igjen". På den andre sida har vi Maria, som ikkje søkte på emneord i Google Scholar fordi søkemotoren ikkje filtrerte godt nok. Ann var nøgd med egne ferdigheiter, men reflekterte over korleis det var på masterstudiet:

I was a little worried, we were supposed to document how we searched and found articles and used search terms. That would never work for me. I don't search that systematically. I don't know if you can criticize that, that somehow not very academic.

Sju av informantane søkte systematisk etter litteratur, men det var stor variasjon i metodikken. Metoden var i særleg grad knytt til det å orientere seg i nye fagområde, eller den blei brukt for å bli litt inspirert på vage idear. Den blei ofte oppfatta som den "riktige" og akademiske måten å halde seg oppdatert på, men blei også oppfatta som tungvint og kanskje som eit hinder.

Siteringssøking

Det å utføre siteringssøk har vore ein velkjend metode for å overvake og orientere seg innan eit emne. Via bibliotekets ressursar kan du utføre siteringssøk via ISI, Business Source Complete og Google Scholar. Eg har vore oppteken av å finne ut om dette er ein metode dei kjende til og utnytta. ISI er den databasen som tradisjonelt har vore mest brukt og som har dei beste finessane til dette føremålet. Google Scholar har ein mindre robust metode for å finne kven som har sitert eit verk. Begge har sine manglar og fordelar.

Det er to grunnar til å bruke denne teknikken. På den eine sida kan ein finne ut kven har brukt ein gitt artikkel eller forfattar med tanke på om artikkelen er relevant, og på den andre sida kan ein finne ut kor mange gongar ein gitt artikkel eller forfattar er sitert for å anslå kvalitet. Den første metoden ligg tett opp til nøsting, sjå eige avsnitt om dette nedanfor. Dei fleste av informantane brukte Google Scholar til å finne ut kven som hadde sitert eit verk (sjå òg avsnitt 4.2.8). Odd forklarar: "[...] bruker veldig masse den funksjonen der du søker innanfor dei som har sitert ein artikkel, klassikarane innan mitt fagfelt, spesielt ein til tre artiklar. Ser på nøkkeltema innanfor dei og ser kven som har sitert".

Varslingstenester/litteraturovervaking

Varslingstenester (*alerts*) er ein enkel og effektiv måte å overvake ny litteratur på. Fem av informantane brukte ei eller anna form for varslingssteneste for å overvake eit fagområde, ein forfattar, eit tidsskrift eller kven som til ei kvar tid bruker ein artikkel (siteringar). To hadde abonnement direkte frå eit fagleg nettverk. Dei hadde starta med ein variant som etter kvart hadde blitt ein vane. Ann hadde nettopp medvite valt å ikkje abonnere på varslingsstenester i reidsle for å få for mykje å lese. For ho var dette ein viktig måte å handtere informasjonsmengd på:

I have been told how to [...] I have this problem when I get these things into my inbox from automatic emails and newsletters, I don't have time to check them, when I am out looking for things, that's when I have time to take them and to read them.

Variasjonen i kva dei føretrekte var stor. Ingen hadde prøvd fleire måtar å abonnere på desse tenestene på, og dei kunne då heller ikkje seie at dei føretrekte det eine framfor det andre. Under intervjuet kom det fram at dei ikkje kjente slike tenester, eventuelt at dei hadde gløymt at det er ulike abonnementsmuligheiter på varslingsstenester. Nokre kom også på at dei burde ha endra på emneorda i abonnementet for å få dei meir presise i forhold til nye problemstillingar.

Nøsting

Nøsting er å bruke referanselister for å få tips om aktuell litteratur. Metoden har mykje til felles med siteringssøk. Nøsting er ein føretrekt metode for mange uansett disiplin, og det ser ut til at dette blir meir vanleg utover i forskarkarrieren (Fleming May og Yuro, 2009; Gullbekk et al. (2012)). Sju av informantane mine brukte metoden aktivt, men berre to av dei sa at dette var den føretrekte. Sjølv om Vilde var erfaren, meinte ho at dette var ein lite aktiv metode og sa: "Det er mer tilfeldigheter at jeg ender oppi en sånn nøstesituasjon da". Metoden såg ut til å auke med erfaring. Etter kvart begynte dei å kjenne litteraturen godt og då var det lett å velje ut når det kom nye artiklar frå kjende forfattarar, eller berre interessante tema. For Åse var metodeval kontekstavhengig, men som ho sa:

Når jeg leser en artikkel ser jeg på hvilke andre artikler den artikkelen referer til i forhold til det som er viktig. Etter hvert dem man bare kjenner ganske godt. `Oj har de en 2011-artikkel, den har ikke jeg lest`.

Maria svarte dette på spørsmålet om ho føretrekte systematiske søk eller nøsting: "It depends. Sometimes I have references and the first thing I do with the article is look in the references

that they have and then I go for those article. But for new thing or new topic I use the topic search. It is a mixture”. Remi sa at nøsting ikkje var så veldig viktig, men i skjemaet svarte han likevel at referanselister var den viktigaste måten å skaffe litteratur på.

Tips frå andre?

Tips frå andre er ein viktig uformell kanal for å skaffe litteratur. Likevel varierte det i kva grad og korleis kandidatane nytta slike tips. Informantane sa at ingen andre kan så mykje om temaet deira som dei sjølve, og difor er ikkje praksisfelleskapet like aktuell tilbydar av litteratur. På den andre sida ser vi at dei som var erfarne hadde skaffa seg eit fagleg nettverk utanfor BI og brukte dette. Spesielt tydeleg var dette hos Remi, som føretrekte å oppsøke andre som kunne tipse om aktuell litteratur fordi dette var enklare enn å søke:

Synes ofte jeg kommer raskere til i hvert fall å finne de to-tre klassikerne gjennom å spørre noen. Som regel har mitt behov for å gå inn i et nytt tema kommet ut av en eller annen diskusjon, da spør man jo `hva anbefaler du?`”.

Remi arbeider i eit stort internasjonalt firma og hadde fleire kontaktar der. Han var van med å bygge nettverk og kviddde seg ikkje for å kontakte folk for å lære og for å få litteratur. Han hadde fått mykje litteratur av ein kollega som nettopp hadde disputert og no slutta. No var det Remi som var senior på kontoret og den som tipsa andre.

Odd fortalde at han ofte spurde nokre av dei etablerte forskarkollegaene på instituttet viss det var noko han lurte på. Han nemnde spesielt ein forskar han opplevde som lett å spørje: ”Har du lest noko innafor det og det? Kan du anbefale innan for tema X. Mykje meir relevant enn å gå til biblioteket, kanskje eg tek feil?”.

Sjølv på tvers av fagområde hender det at dei utvekslar artiklar viss dei trur medkandidaten kan vere interessert. Maria var ein av informantane som klarast uttrykte at ho hadde tillit til kollegaer, både studentar og fast tilsette:

It is always like spreading the words so especially if we share the same research interest , there it is like this exchange `I found this article` so we do that. I mean the degree of trust is high! So it is not that being afraid you`ll get recommendations and it is not reliable and it is to trick you and take you to the wrong track - No.

Fleire nemnde at temaa deira var så spesifikke at det var vanskeleg for andre å tipse om litteratur, som Ann uttrykte det: “I think it is just when you`re getting into such a small subject that`s kind of your own subject. I don`t know if anyone I work with would be so interested”. Sjølv om dei er midlertidig tilsette, var kandidatane godt inkluderte på instituttet,

og dei tok del i fagmøte der utveksling av litteratur er vanleg.

Ingen opplevde bibliotekaren som ein dei kunne få tips om litteratur av og hjelp til å vurdere litteratur. Dette oppfatta dei både som ein del av sin eigen jobb og såg heller ikkje på bibliotekaren som ein fagperson. Informantane forventa ingen støtte av fagleg art frå bibliotekaren, og var litt forbausa over spørsmålet. Remi sa det slik:

Det har ikke vært aktuelt å spørre en bibliotekar om hjelp til hvilke artikler jeg skulle lese. Da snakker jeg med fagpersoner. Jeg forventer ikke at noen av bibliotekarene skulle komme med lesetips til meg. Det er ikke referanserammen, ikke naturlig å spørre, ikke noen forventning om det heller.

Det varierte i kva grad informantane stolte på litteratur dei hadde fått frå andre og presiserte at dei uansett ville sjekke metode og liknande som om dei skulle ha funne dette sjølv. Berre Bela sa at ho stolte på medstudentar og karakteriserte dei som dyktige og flinke. Dei såg ikkje at bibliotekaren skulle ha ei rolle i å tipse om litteratur.

Tips frå rettleiaren

Informantane stolte på rettleiaren og artiklar han/ho kom med, men ikkje blindt. Dei vurderte artiklar etter dei same kriteria som når dei sjølv fann litteratur, som Odd sa: “ Stoler på at det veileder kjem med er relevant. Stoler på han, men kan forkaste det, eller vurdere det som ikkje relevant”. Tidlegare såg vi at denne informantten uttalte at han raskt blei eksperten på eige område. Også Vilde opplevde dette: ”På mitt felt så kan jeg mye mer enn de av hva som fins av teori og sånne ting, så kan de komme med viktige innspill i forhold til når de leser mitt arbeid, så sier de hva med dette?”

Maria hadde etter kvart blitt meir erfaren og kjent med fagområdets autoritetar og visste kven forfattarar ho ønskte å følge. Var ho usikker, spurde ho rettleiaren. Denne informantten var den einaste som eksplisitt uttrykte at ho hadde ein rettleiar ho brukte som fagleg sparringspartner.

Yes, he recommends articles for me. It happened many times for him to come with an article and suggest me to read the article. All the professors in the department are happy to have somebody like asking questions or recommendations. Really friendly environment. You get advice from the best, it is reliable.

I tillegg brukte ho aktivt praksisfellesskapet på instituttet. Likevel hørde eg at ho hadde stor respekt for dei og ikkje ville forstyrre dei med unødige spørsmål.

Dei uerfarne tenderte mot å stole meir på rettleiaren, som Ruth. Som vi ser i det

følgjande sitatet tillegg ho rettleiaren sin kognitiv autoritet, i dette tilfellet ein som reduserer informasjonsoverflod: ”Råd fra veileder er like viktig [som søking], hun kommer kanskje med fem veldig viktig artikler, på ISI finner jeg femti”.

4.2.8 Vurdering av litteratur

Det å kvalitetsvurdere forskningslitteratur er ei viktig ferdigheit for ein som er informasjonskompetent. Ut over det å stole på tilrådingar frå personar kan ein òg vurdere ein tekst ut frå kriterium som omslag, utgjevar eller forfattar. Det er dette Wilson (1983) kallar andrehandskunnskap. Eg ville difor høyre kva kriterium informantane brukte når dei vurderte forskingsinformasjon. Her viste det seg at det var stor variasjon. For nokre informantar, som Remi, var sjølve tidsskriftet viktig: ”Ja, tidsskrift er et seleksjonskriterie. Absolutt. Helt klart i forhold til ennå ikke publiserte artikler, men som er tilgjengelig”. Han følgde med på heimesida til utvalde tidsskrift.

Ikkje uventa brukte fleire termar som *impact factor*, *nivå1/nivå2*-tidsskrift, BIs modifiserte utgåve av *Financial Times*-lista osv. Uoppfordra reflekterte dei over i kva grad dette kunne brukast som kriterium for kvalitetsvurdering. Dei brukte rangeringslistene som indikasjon på mogleg kvalitet på artiklar. Spesielt Åse var oppteken av at ho måtte konsentrere seg om litteratur frå *nivå-2*-tidsskrift og følgje diskusjonane som gjekk der. Ho var oppteken av at litteraturen ho brukte, i størst mogleg grad skulle vere henta frå tidsskrift frå listene. *Impact factor* brukte ho ikkje aktivt, men var kjend med det sidan det var ein verdi på desse rangeringslistene. For Vilde var *impact factor* den viktigaste kvalitetsmarkøren. Likevel var det like viktig at forfattarane måtte vere relevante innan fagfeltet hennar. Dei som var komne litt lenger i studieløpet kjende altså til *impact factor*, men som vi ser, blei dette kriteriet brukt med eit visst atterhald. Relevante studiar som underbyggjer argument kunne vere viktige sjølv om forfattar og tidsskrift var ukjende. Odd hadde reflektert mykje over dette og sa:

Veldig dårlege artiklar er publisert i veldig gode tidsskrift og omvendt. Der vil jo antal siteringar vere ein kvalitetsindikator. Namn på forfatter kan bety litt, for meg betyr det mindre. Alle har gjort dårlege og gode ting, kjente namn gjer ikkje automatisk bra arbeid. Det å vere forskar går ut på å kunne vurdere andre sine arbeid, kriterier om kva som er godt vitenskaplige arbeid innanfor forskjellige fagfelt.

På den andre sida innrømma han at det var vanskeleg og umogleg å ha kompetanse til å vurdere alt: ”Eg er ikkje ekspert innenfor statistikk så viss eg får kompliserte spørsmål innan

det er det ikkje mulig for meg å vurdere om det er gode eller dårlege statistikkar då må eg berre akseptere det”.

Remi brukte i liten grad objektive kriterium for å bedømme litteratur, men sjekka ut kor mykje dei var sitert i Google Scholar. I særskilde tilfelle sjekka han dette i ISI sidan han meinte det var ei meir akademisk robust kjelde. Han sjekka både forfattar og tidsskrift i tillegg utan at han rangerte nokon av kriteria. Remi reflekterte slik rundt skilnaden mellom ISI og Google Scholar:

Selv om det er en vesensforskjell for hva slags tall man får på Scholar og Web of science, så er det uansett [...] korrelert. Det er ikke absoluttallet som er så viktig, det er så relativt i forhold til de andre.

For Remi var altså tal på siteringar ein markør for mengd og indikator for mogleg kvalitet. Denne kandidaten var erfaren og hadde opparbeidd seg eit solid nettverk og fagleg kunnskap og stolte på eigne vurderingar.

Det kan sjå ut som om kandidatane i liten grad søkte aktivt for å finne ut om eit verk var mykje sitert, og dei gav inntrykk av å legge lite vekt på det, som denne utsegna frå Maria tyder på:

I don't look at that. It has nothing to do with the knowledge or information or added value of a research paper. Maybe the author is less known but it can add valuable information and like extend [?] the research frontier, at least for me it is not a criteria to filter.

Eg oppfattar det slik at kandidatane kjende til ulike kvalitetsindikatorar for viktige tidsskrift og einskilde artiklar, men at dei òg hadde opparbeidd ein sunn skepsis til dette. Sjølv dei unge uerfarne meinte at det viktigaste var å sjå på om datainnsamling var gjort med haldbare metodar, og om det blei presentert funn som underbygde argument.

Tilgang som seleksjonskriterium

Kan vi sjå om bruken av litteratur blir styrt av tilgang, altså om kandidatane hadde valt bort stoff som var vanskelegare tilgjengeleg? For Maria var tilgang essensielt, sjølv om ho også sa ho var svært tolmodig og at det skulle mykje til før ho gav opp: ” I won't include books if I can't get them, you know, or an article that I just can't seem to getting anyway then I just exclude it”. Likevel var det sjeldan aktuelt sidan ho som dei fleste av informantane opplevde at ho fann dei fleste av artiklane elektronisk, og ho i tillegg gjerne bestilte bøker.

Ingen av dei andre informantane innrømte at dei valde ut frå tilgang. Var artikkelen eller boka viktig nok, hadde dei tolmod til å bestille frå biblioteket. Det kunne vere ein irriterande omveg, men ikkje så irriterande at dei ikkje bestilte. På den andre sida var det fleire som sa at dette nesten aldri skjedde lenger på grunn av elektronisk tilgang til artiklar og at dei kjøpte boka viss dei måtte ha den.

4.2.9 Bruk av referansehandteringsprogram

I materialet mitt ser eg at sju av åtte brukar referansehandteringsprogrammet Endnote og den siste brukte Zotero. Odd hadde brukt Zotero før han starta på doktorgradsprosjektet sitt og var nøgd med det. Han hadde testa både Mandalay og Endnote og var kjend med fordelar og ulemper i dei ulike systema. Bibliotekets erfaring er at Endnote er lite brukt på dette instituttet, og at andre referansehandteringsprogram er vanlegare. Informantane var svært nøgde med å bruke denne typen programvare. Utsegnene deira tyda på at dei brukte programmet på ulike måtar, men alle gav inntrykk av å beherske teknologien.

4.2.10 Oppsummering

Informantane opplevde at dei klarte seg sjølve og at dei hadde tilfredstillande søketeknikk. Dette var opparbeidd gjennom masterstudia og frå introduksjonen ved oppstart av ph.d.-løpet. Det kan sjå ut til at dei hadde lagt seg til vanar i forhold til kva databasar dei brukte og kva varslingsstenester dei abonnerte på. Alle informantane brukte nøsting som metode, og to av dei sa eksplisitt at dei føretrekte denne metoden, med systematiske søk på andre plass, før ”tips frå andre”. Dette viser at dei fleste brukte fleire variantar, alt etter kva dei var ute etter og kva kontekst søkinga var del av. Systematisk søking på emneord blei brukt ved nye tema og når dei var usikre på kva dei skulle ha. Siteringssøk var lite utbreidd, men dei sjekka tal på siteringar sjølv om dei var kritiske til dette som kvalitetsindikator. Kandidatane vurderte litteratur etter metode og innhald, men likevel var det somme som sa dei var veldig opptekne av at artiklar måtte vere frå tidsskrift frå ulike godkjende rangeringslister. Alle brukte referansehandteringsprogram.

4.3 Rettleiing – ulike roller

I denne delen vil eg sjå på kven kandidatane vendte seg til for å få rettleiing, både i litteratursøking (emneord, aktuelle databasar) og for å få teknisk støtte til litteratursøking. Eg


er spesielt oppteken av å sjå korleis dei opplevde bibliotekarens rolle i forhold til andre for å løyse ulike typar problemstillingar knytte til desse forholda. Vi har sett at kandidatane var opptekne av å klare seg sjølve og opplevde dette som ein del av forskarrolla. Dei ble fort einsame ekspertar på fagområdet og måtte vurdere litteraturen sjølve. På eit eller anna tidspunkt vil informantane likevel måtte vende seg til ulike personar for å få hjelp. Dei må med andre ord støtte seg på andrehandskunnskap til både litteratur og teknisk rettleiing. Er det mogleg å identifisere kven dette er og kva rolle dei formelle og uformelle mediatorane har for doktorgradskandidatane når det gjeld rettleiing og kunnskapsdeling?

I skjemaet (Vedlegg 4) informantane fylte ut, har eg tre spørsmål der det er aktuelt å rangere kven dei ber om hjelp i samband med:


- 1) Rettleiing i litteratursøk (emne, kor kan ein finne bestemte kjelder, osv.)
- 2) Rettleiing i søketeknikk (korleis søke, korleis bruke databasane)
- 3) Kven ber dei om hjelp til å finne ut av anna programvare som er nødvendig for prosjekta deira (referansehandteringsprogram, datahandteringsprogram (*NVivo*, *SpSS* osv.)

Nedanfor viser eg nokre resultat frå spørjeundersøkinga i tre figurar. Tala indikerer rangering, X indikerer bruk, sidan nokre informantar ikkje rangerte. I avsnitta 4.3.2 og 4.3.3 presenterer eg dei enkelte rollane, og det som kom fram i intervjuet (sjå òg Vedlegg 4 og 6).

Spørsmål 2 i spørjeskjemaet “Who or what are you consulting when you need guidance in your literature/information search (topic, where to find etc etc)?” skulle identifisere kva rolle ulike aktørar har på det nivået Kuhlthau kallar *Identifier*, eventuelt på *Advisor*-nivå (sjå 2.5.1). Her har dei fleste rangert rettleiaren sin høgt, med andre ph.d.-kandidatar på andre plass. Bibliotekaren blei i svært liten grad identifisert som rettleiar på dette nivået. Det er mogleg at spørsmålet er misforstått sidan ingen i intervjuet stadfesta at dei diskuterte emneord og databaseval med rettleiaren. Eg ser i etterkant at variabelen ”Reference list” kan ha forvirra informantane og fått dei til å tenkje på at spørsmålet dreide seg om litteraturtips.




Spørsmål 3 “Who or what are you consulting when you need guidance in search techniques (how to search, use the database)?” skulle få informantane til å reflektere over kven dei fekk rettleiing av når det gjaldt søketeknikk. Dette er inspirert av Sundin et al. (2008) og det dei identifiserte som bibliotekarens rolle i samband med informasjonsferdigheter og teknisk-administrative ekspertise, jf. avsnitt 2.5.2 over. Informantane rangerte medstudentar og kollegaer høgt, og som vi ser var bibliotekaren meir aktuell som rettleiar på dette nivået.



Spørsmål 8 “Who or what would you consult when you need guidance in this type of software?” gjaldt rettleiing i programvare utover det som er bibliotekets kjerneområde. Informantane kryssa av for kva slags referansehandteringsprogram dei brukte og for andre aktuelle program, som *SpSS*, *NVivo*, *LaTex* osv. (sjå Vedlegg 4). Her var det meir aktuelt å kontakte bibliotekar og bruke internettkanalar som diskusjonsforum for å få hjelp. Informantanes svar på skjemaet saman med intervjuet tyder på at behovet for hjelp er avhengig av kva slags programvare det dreier seg om.

6 +7) Wich software is important to your project?

8) Who or what would you consult when you need guidance in this type of software?



Med bakgrunn i desse tre tabellane presenterer eg dei ulike mediatorrollene og i kva grad dei er aktuelle rettleiarar i forhold til dei tre punkta eg har presentert over. Eg har òg ønskt å sjå i kva grad dei bruker instruksjonsmateriell som alternativ til mediatorar:

- Uformelle mediatorar: Kollegaer, faglig nettverk utanfor BI, familie.
- Formelle mediatorar: Rettleiar, Bibliotekar
- Instruksjonsmateriell som diskusjonsforum, nettrettleiingar, videoar mm.

4.3.1 Uformelle mediatorar

Tips frå andre er ein utbreidd metode for å skaffe seg litteratur. Relevante spørsmål i denne samanhengen er i kor stor utstrekning kandidatane fekk rettleiing i kor det er best å søke etter spesifikke tema og kven dei fekk hjelp av til søketeknikk? Både det å få hjelp og rettleiing i litteratursøking og teknisk støtte til informasjonssøket var andre ph.d.-kandidatar og øvrige kollegaer viktige rettleiarar. Dette kom òg fram i intervjuet. Vilde sa det slik:

Vi har et utrolig godt miljø blant stipendiatene her i forhold til informasjonsdeling, om det går på teorier, eller praktiske ting - ikke noe problem. Kunnskapsdeling er det vi driver med egentlig når vi ikke holder på med egen doktorgrad?

Ingen av informantane høyrde til etablerte forskningssenter eller -nettverk på instituttet. Som tilsette på eit institutt blei dei likevel sosialiserte inn i ei forskarrolle. Kandidatar med mastergrad frå BI følte at dei hadde ei viss tyngd og med det såg dei det som ei oppgåve å rettleie andre. Maria formulerte det på denne måten:

I was the only one that was familiar with the services, so they were asking me and also they was required to use the library services "ask a librarian" and facilities to become familiar. But initially I was the first to ask. I tried to help them.

På nokre fagområde er det mykje matematikk og modellar. Her er det vanleg å ta i bruk anna programvare enn t.d. Microsoft sine. BI tilbyr ingen rettleiing og opplæring i slike program. Informantane syntest det var greitt å kontakte andre kandidatar for å få hjelp, men samstundes ser vi at dei gjerne helst ville klare seg sjølv og ikkje forstyrre, då kollegaene òg hadde det travelt. Odd blei brukt som ein slags IT-støtte, sidan han hadde ”peiling på datating”. Han var forsiktig med å komme med faglege råd til andre ph.d.-kandidatar: ”Diskuterer litt, men er usikker på om dei opplever det som nyttig.”

Det var tydeleg at kandidatane bygde opp uformelle nettverk og etter kvart visste kven dei kunne vende seg til med ulike typar spørsmål. Vi ser av sitata over at det i stor grad dreidde seg om erfaringsutveksling og at medstudentar hjelpte kvarandre med å komme i gang med programvare og databasar.

Øvrige uformelle mediatorar

Tre av informantane hadde nære familiemedlemmar med arbeid innan academia. Kuhlthau (2004) kategoriserer også desse som uformelle mediatorar. Informantane fann støtte i desse til ein viss grad. Dei det var aktuelt for, såg det som ein fordel å vere partner til ein annan doktorgradskandidat. Stort sett er det snakk om støtte og ikkje konkret hjelp. Berre ein har sett opp familie eller vener som rettleiar i litteratursøk medan ingen meiner familie eller vener kan bidra til søketeknisk støtte. Som vi har sett er Remi oppteken av å bygge nettverk strategisk og ikkje redd for å ta kontak med ukjende viss det er nyttig for han: ”Er med i noen miljøer, prosjektforum, mer sånn diskusjonsforum som er i nærhet av det jeg driver med, som kan være en arena å teste mine ideer. Ikke sånn kjerneforum for meg, i forhold til det jeg gjør nå er dette bare meg og veilederen min som gjør akkurat det”.

4.3.2 Rettleiarens rolle som formell mediator

I spørjeskjemaet har seks av informantane markert at rettleiaren er den dei går til for å få rettleiing i litteratursøking (Spn 2, Vedlegg 4). Det er grunn til å tru at spørsmålet har blitt misforstått for i intervjuet blei dette modifisert til at ingen av dei får hjelp av rettleiaren, korkje til å velje ut basar, finne gode emneord, og heller ikkje i søketeknikk. Det er tydeleg at dei ikkje har ønskt å forstyrre rettleiar med banalitetar som informasjonssøking og teknisk hjelp. I intervjuet kom det heller fram at at kandidatane opplevde at dei kunne meir om databasar og litteraturgjennfinning enn rettleiaren.

Rettleiaren har ei formell rolle ovanfor kandidatane, noko som legg føringar på i kva

grad kandidatane brukte rettleiarane til å hjelpe dei med litteratursøking og liknande forskingsstøtte. Dei erfarne kandidatane følte meir at rettleiaren var ei støtte og kanskje kunne vere ein som til ein viss grad kunne hjelpe dei med å velje ut riktige artiklar. Dette er fordi dei sjølve etter kvart hadde opparbeidd seg kunnskap og erfaring innan sitt område. Berre ein av informantane uttrykte klart og tydeleg at rettleiaren var ein diskusjonspartnar og ein som bidrog med hjelp til å selektere viktig litteratur. Fleire nemnde at biretleiaren hadde ei slik rolle. Dei meir uerfarne hadde stor respekt for rettleiaren og ville ikkje forstyrre unødig. Det var viktigare å vise at ein var sjølvstendig overfor rettleiaren enn kollegaer på same nivå.

4.3.3 Bibliotekaren

Svært få hadde delteke på kurs i regi av biblioteket, men fleire hadde fått personleg rettleiing av kontaktbibliotekaren etter at dei starta på ph.d.-prosjektet. Fleire uttrykte at dette var svært nyttig. Nokre nemnde kontaktbibliotekarane ved namn og visste at dei kunne ta kontakt viss dei trong hjelp. Kandidatane hadde etablert ei åtferd som dei fann hensiktsmessig, men gjennom intervjuet oppdagar dei "kunnskapshol" og lurte på om dei burde kontakte ein bibliotekar for å få meir informasjon om varslingsstenester og basar dei ikkje kjende til. Åse hadde bestemt seg for å kontakte kontaktbibliotekaren når temaet for prøveføreling var klart. Utover dette koplar dei fleste bibliotekarens rettleiarrolle til søketeknikk og vil ta kontakt viss dei måtte trenge det, slik som Ann vurderte skildrar det:

When it comes to the actually search process I would ask the library, but I haven't had that problem. In terms of knowing how to conduct the search or maybe some alternative ways of looking into it, then I can imagine it.

På den andre sida hadde dei ikkje opplevd å ha problem. Dei hadde prøvt og feila for å finne ut av ting sjølve og hadde difor ikkje kontakta bibliotekaren for ytterlegare hjelp. Dei gav ikkje inntrykk av å vere flau for å spørje om hjelp, men meir at det var enklare å spørje andre. I skjemaet sette fire opp bibliotekaren som ein viktig rettleiar når det gjaldt søketeknikk og dei opplevde at dei fekk "[...] fin hjelp [av bibliotekar] hvis jeg trenger det" (Åse). Ein hadde teke kontakt for å få hjelp med ein ny database i bedriftsinformasjon og sa: "If I don't find the answer in the department or on my own, then of course I would go to the library and ask. It is a reliable source there". Det å finne objektive kriterium for å vurdere ein artikkel blei òg nemnd som type spørsmål dei ville rette til bibliotekaren.

Utover søketeknikk nemner dei at bibliotekaren kan vere med å hjelpe med ulike databasar, men det ser ikkje ut som om dei vil gå til bibliotekaren for å spørje om kva som kunne vere aktuell informasjonsressurs når dei skal ha litteratur om tema X.

Når det gjeld søketeknikk og korleis dei skal handtere enkelte databasar, ser dei umiddelbart dette som bibliotekarens domene. Dei har fått hjelp til oppstart og vil kontakte oss viss dei står fast og ikkje får hjelp av nære medarbeidarar.

Endnote-rettleiing

Referansehandteringsprogram som Endnote er ein programvare som ligg i randsona av det som kan karakteriserast som eit biblioteks kjerneoppgåver, men BI-biblioteket har vurdert at det er naturleg å ha eit omfattande opplærings- og rettleiingstilbod. Informantane var så opptekne av dette at eg har valt å omtale rettleiing knytt til Endnote i ein eigen del.

Biblioteket har utarbeidd mykje materiell som er tilgjengeleg på heimesida si. I spørjeskjemaet svarte fem informantar at dei ville be om rettleiing frå biblioteket, eller sjekke instruksjonsmateriell, og i mindre grad konsultere medstudentar og kollegaer på institutta. Spørsmålet er litt uklart formulert, men i samanhengen går det fram at dette dreier seg om referansehandteringsprogram (sjå side 70).

Ei gruppe på fem bibliotekarar rettleier i programmet og held kurs. Likevel er det stort sett ein bibliotekar som har stått for det meste av opplæringa. Alle informantane nemnde han i løpet av intervjuet: "He was really nice and he came to my office and explained everything, and how to." (Maria). Sjølv om ho hadde lært programmet i løpet av masterstudiet nytta ho seg av personleg rettleiing. Ann hadde òg fått tilbod om opplæring på masterstudiet, utan å bruke det og angra i dag på at ho ikkje hadde gjort det.

Remi fortalde at han hadde problem og hadde prøvd å finne ei løysing på eiga hand, men hadde òg lurt på om han skulle kontakte biblioteket. Likevel kontakta dei ein spesiell bibliotekar (N) direkte når dei står fast. Som Ruth sa det: "Sist da jeg hadde et spørsmål ang Endnote, sendte jeg en mail til N. Jeg vet at det fins *tutorials* i Endnote, men det er lettere [å kontakte han]. Han vet akkurat hva jeg spør om". Informantane brukte Endnote i varierende grad og også ulike funksjonar i programmet. Her kan det òg sjå ut som om dei hadde lagt seg til ein vane og var lite interesserte i å utvide kompetansen ved å be om meir hjelp til å bli betre.

4.3.4 Hjelp og støtte frå og via nettet

I kva grad brukte kandidatane Internett for eigen læring og utveksling av litteratur? I P. Wilsons (1983) terminologi er informasjonsmateriell tekst som i ulik grad vert tillagt kognitiv autoritet. Nettbaserte rettleiingar legg til rette for at ein kan finne ut av ting på eiga hand. I dei seinare åra har sosiale medium som Facebook, bloggar og LinkedIn blitt aktuelle kanalar for kunnskapsdeling og kunnskapsinnhenting. I det følgjande ser eg på i kva grad informantane bruker desse kanalane til rettleiing og om dei tek over bibliotekarens rolle.

Informantane brukte biblioteket si nettside for å finne informasjon om Endnote, sjølv om dei fleste her sa at dei ville kontakte N. Utover dette verka det som dei ikkje tenkte at vi kunne ha svar på spørsmål som t.d. dette: Kva ressursar skal du bruke viss du er på jakt etter tema X? Berre ein svarte eksplisitt at han hadde sjekka ut kva vi hadde av informasjon om eit tema (her: bedriftsinformasjon) for å få tips til ressursar som kunne vere aktuelle for han.

Ein meir typisk situasjon er der du sit med ny og ukjend programvare, eller sit fast i eit program, som då Odd skulle i gang med *SpSS*. Han vurderte å gå på biblioteket for å låne ei bok, men fann fort ut at det var lettare å finne denne type rettleiing på nettet. Ein annan informant føretrekte å bruke handbøker når ho skulle setje seg inn i eit program, men ”hvis jeg har fått en feilmelding tar jeg gjerne og googler feilmeldingen for å se om jeg kan finne noe informasjon som kan hjelpe meg på Internett”. Andre gjekk rett til *Youtube* for å finne ut korleis programvarer fungerer. Det varierte korleis informantane gjekk fram. Dei fleste var vande med å bruke Google for å få hjelp til å komme i gang med programvarer, men dei brukte det på ulike måtar. Fleire søkte ope med strengen ”how to...” og klikka seg fram til diskusjonslister, produktets heimeside, videoar mm.

Fleire kommenterte at det å leite rundt på nettet var svært tidkrevjande og ønskte seg fleire kurs og brukarstøtte på dei mest brukte programma, heller enn å måtte leite seg fram på nettet: ”I tried actually with the Endnote. And then I realized I would much rather dedicate two hours or whatever it is to one of the courses or those webtutorials” (Ann).

Fagområde som brukar mykje formlar erstattar Microsoft sine produkt med t.d. *LaTeX*. Her tilbyr BI korkje brukarstøtte eller systematisert opplæring i dette. I slike tilfelle var det aktuelt for kandidatane å bruke diskusjonsforum for programvaren: ” You can find everything on the internet but you have to invest more time in it” (Maria). Så informanten her syntest det tok for mykje tid og ho etterlyste t.d. fleire *crash*-kurs i denne type programvare.

Rettleiingar på nettet var i bruk, men i varierende grad. Desse hjelpte kandidatane til å klare seg sjølve og ikkje vere avhengige av andre. Kandidatane oppsøkte i liten grad

bibliotekets rettleiingar direkte. Kandidatane stolte på netttrettleiingar, men dei hevdar at dei også her bruker vanleg kjeldekritikk.

Bruk av sosiale medium

I kva grad blir sosiale medium blir brukt til kunnskapsdeling? Informantane opplevde sosiale medium som eit privat rom og tenkte umiddelbart på Facebook. Etter litt refleksjon viste det seg at fleire var passive deltakarar på bloggar, men sa at desse ikkje var ein viktig delingsarena i samband med forskinga. Det krevst mot å vere bidragsytar, som Vilde fortel om ein gong ho var nære på å stille eit spørsmål i ei e-post-gruppe, men var redd for å dumme seg ut.

Eit par av informantane laga egne bloggar, eller var med på faglege bloggar og delte på denne måten kunnskap med andre, men sa at dei ikkje var veldig aktive. Informantane følgde bloggar som autoritetar innan fagområdet. Det verka ikkje som om dette var noko dei hadde etablert vanar på. Det kunne like godt vere heimesider der forskaren hadde lasta opp egne artiklar, eller viser til viktige artiklar. I tillegg finst det vevsider som *Social Science Research Network (SSRN)*, som legg til rette for kunnskapsdeling mellom forskarar. Desse er ikkje i like stor grad interaktive. For å følgje med på slike bloggar og heimesider krevst det at du kjenner forskingsfeltet.

Odd følgde med på nokre bloggar og sa: ”Etablerte forskarar publiserer minst like bra ting på bloggen sin som i artiklar. Dei kan vere uformelle, morsomme og korte. Mindre barriere å skrive der”. Han stolte ikkje blindt på autoritetar og var oppteken av å vurdere kontekst, om det var dei morosame fyllehistoriene som kom, eller om det var artiklar. Dei blei vurderte etter vanlege vitenskaplege kriterium og han meinte at sunn kritisk sans var viktig uansett medium. Han var ivrig brukar av ulike kanalar for å dele informasjon og bygge nettverk. Fleire brukte LinkedIn for å bygge nettverk, spesielt Remi var aktiv og seier:

Når jeg har vært på kurs utenlands, sender LinkedIn-invitasjon til alle kursdeltakerne etterpå, så jeg har kontaktdata på dem, mange av dem er ivrige på twitter, så jeg har den feeden rett inn på LinkedIn.

Han var òg medlem av fleire grupper på LinkedIn og kvidde seg ikkje for å bruke kontaktnettet til Skype-møte og liknande. Det kan difor synast som om sosiale medium var meir brukt blant dei erfarne kandidatane. Maria hadde ikkje vore tilsett så lenge og hugsa godt korleis ho streva med å oppnå eit fagleg nettverk og kunnskap: “I would really like to have a facebookthing for researchers, especially in the beginning. You don’t have the strong

knowledge as the professors”. Slik programvare finst, men når biblioteket har spurt professorar på institutta har dei ikkje vore interessert i det fordi dei allereie har kanalar og nettverk. Det er nok meir aktuelt for dei som er nybyrjarane og ikkje har etablert det faglege nettverket som ligg i *det usynlege kollegiet*.

4.3.5 Oppsummering

Informantane brukte i stor grad andre ph.d.-kandidatar for å få rettleiing i litteratursøking og søketeknikk. Etter kvart hadde dei blitt kjend med andre på instituttet som dei brukte som uformelle mediatorar i søkeprosessen. Det var enklare å spørje folk i nærleiken enn å kontakte bibliotekaren, sjølv om dei først og fremst identifiserte bibliotekaren som den som var eksperten på søketeknikk. Rettleiaren hadde i liten grad rolle som formell mediator. Dei som brukte Endnote kontakta bibliotekaren (N) som rettleia dei første gong i staden for å leite fram instruksjonar på nettet. Det å ”google” feilmeldingar og spørsmål knytt til programvare var utbreidd, sjølv om enkelte syntest det var alt for tidkrevjande. Nokre meinte at det er for lite kurs i BI-regi på enkelte viktige programvarar og ønskte at bibliotekarane skulle få ei meir formell rolle her. I stor grad var kandidatane passive tilskodarar på sosiale medium. Informantane følgde med på bloggar og liknande av autoritetar innan fagområda. Dette var meir utbreidd blant dei erfarne som kjenner fagområde. Dei tilla bloggar av faglege autoritetar kognitiv autoritet, men var likevel kritiske. Her ser vi òg teikn på at du skal vere fagleg trygg før du bidrar eller stiller spørsmål i sosiale medium.

4.4 Utfordringar til biblioteket

Informantane sa at dei på den eine sida beherska formell informasjonssøking. Likevel korrigerde dei seg sjølve med at det sikkert var meir effektive måtar å halde seg oppdatert på og mange finessar dei ikkje kunne. Remi og Vilde foreslo at vi kunne hjelpe til med å utvide ferdigheiter i informasjonssøking. Informantane meinte at biblioteket kunne vere meir proaktivt og synleg for kandidatane, slik Fleming May og Yuro (2009) peiker på. Det kom fram ønske om at biblioteket kunne bidra med hjelp og støtte i det som blir kalla ”akademisk arbeidsflyt” – å organisere data, litteratur osb. utover teksthandsaming og referansehandtering. Dette inkluderte handtering av elektroniske artiklar og synkronisering mellom ulike plattformar som Ipad, Kindle og Dropbox, for å bli det Remi kallar ”dingseuavhengig” og ber bibliotekaren vere meir nysgjerrig på kva kandidatane måtte treng hjelp i:

Hvis dere spør; ”hvordan har du tenkt å bruke artikler? Foretrekker du papir eller elektronisk, trenger du hjelp eller tips til det?” Det å ha noe sånn type kompetanse, det er bruken av litteraturen på en generisk måte, teknikker i informasjonsbruk.

På slutten av intervjuet spurde eg om kva biblioteket kunne bidra med i forskingsprosessen. I både Gullbekk et al. (2012) og I Drachen et al (2011) blei det etterlyst meir bibliotekteknisk støtte og undervisning i referansehandtering og søking. Dette er ikkje noko informantane i min studie etterlyste og dei peika i liten grad på tradisjonelle biblioteksoppgåver. Det einaste som kom fram var ønskje om breiare litteraturtilfang i finans og sosiologi. I tillegg kom det fram ønske om fleire eksemplar av titlane. Dette var informantar som likte å bla i bøker.

Maria brukte rettleiingstenestene i *Datastream* og *SpSS* som masterstudent og hadde gjerne ønskt at vi skulle utvide rettleiingstilbodet i *Datastream*, fordi basen har så mange finessar det er vanskeleg å lære av seg sjølv. Ho innsåg at avansert hjelp for ho kunne dekke hennar behov, men såg at studentar frå andre retningar kan ha andre behov.

Trass i at arbeidsforholda er gode er tidsfaktoren ei hindring og kan påverke informasjonssøket. Odd meinte at fridomen dei har kan vere ei utfordring fordi dei samstundes har ein tidsfrist for å levere og han konkluderte med at det kanskje kunne vere ei rolle for biblioteket å hjelpe til med å snevre inn og utføre meir effektive søk.

Eg tolkar det heller ikkje slik som Gullbekk og Drachen oppsummerer det, at informantane etterspurte tilbod vi allereie har. I staden var det massiv etterlysing etter støtte og opplæring i anna programvare og programmeringsverktøy. Dei som hadde teke master på BI var kjende med bibliotekets rettleiingstilbod i *SpSS*, *Eviews* og *Lisrel*, noko dei sette stor pris på. Dei var usikre på om dei kunne bruke denne tenesta som ph.d.-kandidatar. Likevel hadde nokre ”snike” seg til hjelp. Fleire kommenterte at BI tilbyr programvare, men ingen brukarstøtte eller kursing i desse og omtalte dette som “missing link”: “the library offers a course in something but the department use a different software. It is no point in it” (Maria).

Også Vilde hadde eitt mål eller ønske for intervjuet: ”Det hadde vært gøy om det kom noe ut av det sånn praktisk, et lite statistisk senter med faste tider som der vi kunne komme å få hjelp”. Dei som brukte kvalitative metodar etterlyste hjelp og støtte til bruk av program som *NVivo*. I dag må dei til utlandet for å gå på kurs og får ingen sentral støtte og oppfølging på BI. ”Det hadde vært helt fantastisk viss dere eller IT? Kanskje mer relevant for biblioteket å tenke på å organisere et sånt kurs?” (Åse). Det var eit gjennomgåande tema at at kurs og generell brukarstøtte ville vere tidssparande for dei:

It is easier when somebody that knows how to use it explains you. It is more efficient. A really nice support would be for the programming softwares. That would have been really nice to have some crash courses. (Maria)

4.5 Oppsummering

Informantane var svært nøgde med bibliotektenestene og eg forstår dermed at dei opplevde ei bibliotekteneste som i stor grad var med på å støtte opp under forskingsprosessen og lette kvardagspraksisen deira. Tilgang til informasjonsressursar blei sett på som ein av bibliotekets viktigaste oppgåver.

Informantane opplevde at dei beherskar informasjonssøkeverktøya tilfredstillande og eg tolkar utsegnene deira slik at dei tilfredsstillir kriteria til informasjonskompetanse som kvalifikasjonsrammeverket har satt opp. Difor opplevde dei ikkje manglande søkeferdigheiter og var i liten grad interesserte i å utvide og raffinere kompetansen på nokon systematisk måte, som å be om meir rettleiing frå biblioteket. Bibliotekets databasar blei brukte komplementært med Google Scholar. Dei brukte ulike metodar for å halde seg oppdatert. Systematisk søking var mest brukt når fagområdet var relativt ukjent og i byrjinga av prosjekt. Deretter blei dei så kjende med vitskapsområde at dei kjente forskarar og tidsskrift så godt at nøsting blei ein viktig metode. I stor grad var dei kritisk til litteratur og vurderte all litteratur etter faglege kriterium som metode og innhald og gav uttrykk for at dei ikkje stolte blindt på tips frå andre.

Ved sidan av praksisfellesskapet på instituttet hadde dei gjennom studieløpet bygd seg opp eit nettverk og eit "*usynleg kollegiet*" som dei kunne vende seg til for å få hjelp til å raffinere søk, få opplæring i informasjonssøking og til kunnskapsdeling. Kravet til sjølvstende gjorde at dei i stor grad prøvde å finne ut av problem sjølve før dei vendte seg til uformelle mediatorar. Sosiale medium blei i liten grad brukte til kunnskapsdeling.

Det såg ut til at det var eit drastisk steg å vende seg til formelle mediatorar, spesielt bibliotekarar. Unnataket var Endnote-rettleiing. Bibliotekaren blei først og fremst oppfatta som rettleiar når det gjeld søketeknikk.

5 Analyse

I følge P. Wilson (1983) er det umogleg å ha førstehandskunnskap om all viten som er aktuell for eigen forskning. Det å ha tillit til andres erfaring og kunnskap, å stole på andrehandskunnskap, er ein måte å handtere vår forståing av omverda på. Ein slepp å vurdere kvalitet og nytte kvar gong. Biblioteket som institusjon kan ikkje tilleggast kognitiv autoritet, men bibliotekaren og bibliotekets ressursar kan det (Wilson 1983; Sundin 2008; Seldén 2004). Med bakgrunn i resultatata frå Kapittel 4 skal eg i det følgjande drøfte i kva grad doktorgradskandidatane tillegg bibliotekaren, bibliotekets ressursar og tenester kognitiv autoritet, og kva rolle dette har for deira kvardagspraksis. Eg har sett spesielt på bibliotekarens rolle som formell mediator. Kapittelet er inndelt etter forskingsspørsmåla og tek for seg bibliotekets forskingsstøtte, informasjonskompetanse og bibliotekarens rolle.

5.1 Blir bibliotekets forskingsstøtte opplevd som nyttig?

I denne delen ser eg på forhold som kan indikere nytte, og om tenester og ressursar er tillagt kognitiv autoritet. Først vil eg drøfte korleis dei opplevde biblioteket generelt. Deretter vil eg gå inn på konkrete ressursar som blei stilt til rådvelde, og til slutt korleis kandidatane opplevde tenestene.

I følge Pors (2001) og Ringdal (2007) er ikkje utsegner i samband med tenester truverdige i seg sjølv. Ein må synleggjere at dei omtaler forhold som er viktige, truande eller nyttige. Dette ser vi tydeleg der kandidatane omtaler kva biblioteket betyr for dei. Eit døme er Vilde som meinte biblioteket var uunnverleg fordi det ga tilgang til viktig forskingsstøtte ho trong for å gjere jobben sin. Informantane var stolte over kor gode ressursar dei har til rådvelde og samanlikna forholda på BI med andre institusjonar. Dette viser at utsegnene er truverdige.

Fleire studiar viser at både studentar og tilsette umiddelbart tenkjer på det å "bruke" biblioteket som å besøke biblioteket fysisk, å låne bøker og å lese m.m. (Drachen et al. 2011; Pors 2010; Sentio Research 2010). Difor er det ikkje underleg at doktorgradskandidatar som har eigen arbeidsplass på institutta og stort sett bruker artklar dei får tilgang til elektronisk, ikkje opplever at dei bruker biblioteket. Gjennom intervjuja reflekterte kandidatane over kva biblioteket var, som Odd spurde seg sjølv: "Ka e bibliotek? Ein fysisk plass eller dataverktøy samla på ei nettside?". Som vi såg var det fleire som etter refleksjon kom fram til at dei

likevel var storforbrukarar av bibliotektenester, ikkje det fysiske biblioteket, men gjennom elektronisk tilgang til litteraturen.

5.1.1 Bruk av bibliotekets ressursar

I følge Wilson (1983) kan tekstar bli tillagde kognitiv autoritet viss vi har tillit til dei som har valt ut teksten (tidskriftet, forlaget, biblioteket osv.). I dag inkluderer dette distribusjonskanalar som databasar og heimesider som er viktige for forskarsamfunnet (Sundin et al. 2008). Det er bibliotekarar i samarbeid med forskarar som har valt ut informasjonsressursane. Informantane karakteriserte databasane som meir akademisk robuste enn søkemotorar som Google. Det at dei allereie var kvalitetssikra blei oppfatta som ei forenkling av vurderingsarbeidet. Wilson (1983; 1996) meiner at slik andrehandskunnskap er viktig for å kunne handtere informasjonmengder og unngå usikkerhet og frustrasjon i forhold til om ein tekst er til å stole på. Dermed blir dette viktige ressursar for å effektivisere forskinga.

Alle informantane kjente til BIs kjernedatabasar, vurderte dei som svært nyttige og rangerte dei høgt. Fagspesifikke databasar blei brukt av kandidatar innan faga dei høyrde til. Den største overraskinga var at så mange vurderte JSTOR som ein viktig ressurs. Dette samsvarer med funn i Fleming-May og Yuro (2009), som identifiserte JSTOR som ein arkivbase, ikkje eit søkeverktøy. Forfattarane viste at søk via Google Scholar førte ofte til treff i JSTOR. Informantane var kjende med at biblioteket gav dei tilgang til litteratur og informasjon via VPN, og at det ikkje var Google som gav dei artikkelen. Det har vore ei vanleg bekymring blant bibliotekarar at biblioteket vil bli ein usynleg distributør når Google Scholar blir den føretrekte inngangen til bibliotekets ressursar. Eg var òg forundra over at *Factiva* ikkje var meir kjend sidan denne dekkjer internasjonale aviser, spesielt næringslivsstoff som er nyttig for dei fleste på BI.

Pors (2010) viser at vanskelege søkegrensesnitt etter kvart vert opplevde som irriterande. Difor valde informantane Google Scholar i staden. Men det var fleire av dei som opplevde at det var enklare å forholde seg til bibliotekets databasar. Difor vart eg overraska over kor stor plass bibliotekets databasar hadde i kandidatanes kvardagspraksis, og dei stadfesta at bruken var komplementær med Google Scholar, slik Akselbo (2006) og Pors (2010) har vist i sine artiklar. Bruken var kontekstavhengig, og kandidatane veksle mellom ulike basar etter kva dei er ute etter, slik Pors (2010) hevdar. H. R. Jamali og Nicholas (2008) hevdar at det var svært få doktorandar som stolte på Google Scholar. I min studie kan det sjå ut til at dei mest erfarne stolte meir på Google Scholar, medan bruken av søkemotoren

varierte. Dei var meir kjende med fagområdet og kven og kva som var akseptert av vitskapssamfunnet dei er ein del av. Dermed var dei i større grad i stand til å vurdere kva som var tillagt kognitiv autoritet enn dei med mindre erfaring.

Green og Macauley (2007) hevdar at kandidatane søker i generelle basar i starten av ph.d.-løpet og først seinare tek i bruk meir fagspesifikke databasar. Dette er ikkje så tydeleg i studie min, kanskje på grunn av det låge talet på informantar. I den grad det er skilnader i bruk går desse på kandidatens fagområde. Sjølv tidleg i ph.d.-løpet tok informantane i bruk fagspesifikke databasar som *PsychInfo* og *Datastream*. Bruken av basar var òg knytt til vane, slik Berger og Luckmann (2000) hevdar, men fleire ville sjekke ut ressursar og tenester vi snakka om i løpet av intervjuet. Gullbekk et al (2012) viser til at forskarar held seg til ein ressurs. Eg meiner at min studie viser at kandidatane i stor grad bruker fleire informasjonsressursar parallelt, både tverrfaglege basar og dei spesifikke som høyrer fagområde til allereie tidleg i ph.d.-løpet.

Eg trur fleire av informantane ville kjenne seg att i ytringa frå ein kandidat frå Universitetet i Oslo, som omtala BIBSYS som å vere i eit Kafkas mareritt (Gullbekk et al. 2012). I tråd med funn i Drachen et al. (2011) kravde informantane at bibliotekatalogen "[...] skal være intuitivt og funke og særlig når man er vant til å bruke sånt" (Remi). Dei mislikte BIBSYS, som likevel blei rangert høgt sidan den er nødvendig for å få tilgang til både bøker og artiklar.

Informantane stadfesta undersøkinga til Drachen et al (2011), som konkluderer med at tilgang til vitskapleg litteratur er bibliotekets viktigaste oppgåve. Dei opplevde å få det dei ba om og meinte at dei ikkje var blitt hindra i forskingsprosessen av at dei ikkje hadde fått tilgang til informasjonsressursane dei trong til ei kvar tid. Sidan dei aktivt valde bibliotekets informasjonsressursar meiner eg informantane tillegg desse ressursane kognitiv autoritet.

Forventingar til bibliotekressursar

Informantane ønskte at fleire bøker hadde vore elektroniske, men dette var for å søke etter sitat og argument, ikkje for å lese. Dette ville lette kvardagspraksisen deira ytterlegare. Nokre informantar ønskte fleire bøker innanfor sine fagområde, spesielt blei finans og sosiologi nemnd.

5.1.2 Bibliotekets tenester

Fjernlånstenesta var den mest hyppig brukte tenesta kandidatane nytta. Stort sett var dei nøgde og meinte dei hadde fått litteratur raskt. Dette var det einaste formildande forholdet ved BIBSYS. Det var i stor grad bøker som blei bestilt. Som vi såg, meinte dei fleste at bøker ikkje var så viktig for forskinga, likevel var dei opptekne av at biblioteket burde ha eit godt utval bøker. Artiklar og bøker blei utpeikt som dei viktigaste kjeldene. E-bøker var svært lite brukte og vert opplevd som lite lesbare.

Bibliotekets heimeside inneheld mykje rettleiingsmateriell. I den grad informantane brukte instruksjonsvideoar og diskusjonsforum for å finne informasjon eller lære seg ein teknikk, brukte dei Google for å søke det opp. Difor bør bibliotekets materiell vere tagga og tilgjengeleg for denne typen atffinning. Det at dei brukte bibliotekets heimeside for å finne informasjon om Endnote og bedriftsinformasjon kan tyde på at dei tilla vår informasjon kognitiv autoritet, men her meiner eg funna er for svake fordi det var veldig få som systematisk leita på sidene våre etter informasjon ut over Endnote. Gullbekk et al. (2012) meiner ein må ta høgde for ”forskningens tause kunnskap” ved utarbeiding av undervisningsmateriell. Eg synest dette er litt enkelt formulert, men meiner at kjennskap til den tause dimensjonen ved overføring av ferdigheiter er eit viktig element å kjenne til når vi skal tenke formidling. Det er ikkje alt som let seg nedfelle skriftleg i brukarrettleingar.

Dei viktigaste tenestene ser ut til å vere fjernlån og rettleiing i Endnote. Men informantane hadde òg brukt tenester som ”Spør biblioteket”, kontaktbibliotekaren, chat og rettleiing i skranka (sjå Vedlegg 6). Tenester som gjorde informantane i stand til å utføre forskinga si blei oppfatta som viktige og på den måten kan vi seie at bibliotekaren gjennom desse spesielle tenestene blei tillagt kognitiv autoritet.

5.2 Er informasjonskompetanse med å konstituere forskarrolla?

I denne delen vil drøfte ulike indikatorar som peiker på mogleg informasjonskompetanse og om dette er med på å konstituere rolla som forskar og ph.d.-kandidat. I følgje Tuominens definisjon på informasjonskompetanse er ein person informasjonskompetent når ho eller han mellom anna beherskar ”the basic technical skills of information retrieval and computer use” (2005, s. 340). Difor er det interessant å sjå i kva grad dei tok i bruk ulike metodar for å finne, handtere, vurdere litteratur og i kva grad dei meinte dei var informasjonskompetente.

Informantane var tydelege på at dei oppfatta at jobben deira var å finne litteratur, lese, kvalitetsvurdere, altså kunnskapsakkumulering og publisering slik Tranøy (1986) peikar på. Vi såg det tydeleg der Åse reflekterte over det Wilson (1983) kallar ein vitskapleg samtale og som inkluderer det konkurranseelementet Seldén (2004) omtalar. Ho følgde med på enkelte forfattarar og sjekka om det dei kom opp med var nytt og viktig i forhold til hennar forskning: ”OJ der har han kommet opp med noe nytt. Hjelp har han kjørt forbi meg?”.

5.2.1 Informasjonskompetanse

Informasjonskompetanse er vanskeleg å måle, men undervisninga på BI har vore integrert i ein fagleg kontekst slik Tuominen et al. (2005); Kuhlthau (2004); Oakleaf (2011) og Pors (2010) hevdar den må vere for å gje læringsutbytte. Likevel kan eg ikkje kople bibliotekets undervisning direkte til ein påstand om at informantane er informasjonskompetente. Men det å vere i eit miljø der informasjonshandtering er tema, som i faget *Research methodology*, kan vere med å påverke kva som er viktige ferdigheiter i eit fag. Her er kravet om kontekstavhengigheit som også Limberg et al. (2008) er oppteken av oppfylt.

Vilde, som ikkje kom frå BI, hadde gått kurs i regi av biblioteket, men meinte søkeferdigheitene ”kom av seg selv” og stadfesta det fleire av ”BI-masterne” og informantane i Drachen et al (2011) opplevde. Kandidatane oppfatta seg sjølve som informasjonskompetente og hadde etablert vanar før dei starta på ph.d.-løpet. Likevel sette dei pris på den rettleiinga dei fekk i starten av ph.d.-løpet. I fleire samanhengar kjem det fram at det er eit gap mellom brukarane si oppleving av eigen kompetanse og den faktiske kompetansen (t.d. i Gullbekk 2012, Fleming May og Yuro 2009). Sidan eg ikkje har brukt observasjon kan eg ikkje avkrefte eller stadfeste dette, men berre slå fast at informantane meinte dei hadde ei hensiktsmessig ferdigheit og ikkje følte behov for rettleiing. På den andre sida meinte informantane med master frå BI at dei hadde ein stor fordel framfor dei som ikkje kom frå BI og Norge sidan dei kjende ressursane som var tilgjengelege. Dette var kunnskap dei hadde fått gjennom bibliotekets undervisning og ved eiga erfaring.

Areguello (2011) peiker på at bruk av referansehandteringsprogram er lite utbreidd og i Drachen (2011) konkluderer informantane med at det er det minst viktige programmet for forskingsprosessen. Informantane i min studie var svært opptekne av å bruke teknologi for å handtere litteratur og knytte det til rolla som forskar. Det å kunne bruke slik programvare på ein integrert og mangfaldig måte er nettopp eit teikn på informasjonskompetanse. Det kan sjå

ut som om dette var meir utbreidd enn det andre undersøkingar seier, med atterhald om lite utval og skeivfordeling.

P. Wilson (1983) meiner at formell undervisning spelar ei viktig rolle når det gjeld påverknad av smak og vanar. Dette er dermed ein viktig aktivitet der ein kan påverke informasjonsåtfærd. Biblioteket er ikkje integrert i metodekursa for kandidatane her, slik Gullbekk et al (2012) hevdar er det beste. Kandidatane får tilbod om rettleiing frå bibliotekar, men ikkje alle tek i mot det. Difor kan ikkje biblioteket sikre at alle ph.d.-kandidatar kjenner til BIs informasjonsressursar og tenester. Kontaktbibliotekarane tilbyr òg å delta tidleg i oppstart av forskingsprosjekt slik Kuhlthau (2004) meiner vi i større må gjere. Kandidatane i min studie opplevde ikkje dette som eit behov og hadde heller aldri tenkt at det var mogleg.

5.2.2 Formell informasjonssøking

Kuhlthau (2004) og Dervin (2010) gjer eit stort poeng ut av den usikkerheten som ligg i det ubevisste informasjonsbehovet og frustrasjon over ikkje å ha dekkja den kognitive kunnskapskløfta. Odd meinte at angsten for ikkje å ha funne det relevante ville vere der til han disputerte. Likevel er hovudinstrykket at kandidatane følte seg sikre på at dei hadde dei teknikkane som skulle til for å finne den litteraturen dei hadde behov for, slik informantane hos Seldén (2004) òg utrykte at dei slo seg til ro med å ikkje finne alt. Ikkje overraskande ser vi ein tendens til at usikkerheten kan auke på slutten av prosjektet. Sjølv intervjuet hadde òg den effekten at fleire blei usikre på om dei likevel brukte dei metodane som var best.

Seldén hevdar at informasjonssøking er eit viktig kjenneteikn ved forskarrolla og utvikling av denne ferdigheita går parallelt med forskarkarrieren. Han undra seg over kor liten plass informasjonssøking hadde i forskarens kvardagspraksis. Gullbekk (2012) konkluderer med at litteratursøking for ph.d.-kandidatar endrar seg over tid i løpet av prosjektperioden. Intensiteten blir redusert og sjølv søka vert meir spissa utover i prosjektet. For informantane i min studie høyrde informasjonssøking ein jamn og hyppig aktivitet gjennom heile ph.d.-løpet. At bruken av bibliotekets informasjonsressursar er høg er stadfesta i bibliotekets LibQUAL-undersøking (ARL 2008). Det er mogleg at det å skrive ein artikkelbasert avhandling påverkar intensitet i informasjonssøking. På den andre sida hevda han som skreiv monografi at han heile tida hadde småprosjekt og publisering, noko som kravde søking etter litteratur kontinuerleg. Sjølv om informasjonssøking er tidkrevjande, blei dette i større grad sett på som ein del av oppgåva deira og ikkje som noko negativt. Men dei innrømte at mangel på tid kunne legge føringar på informasjonssøkeprosessar. Årsaka til skilnaden mellom min studie

og Seldéns kan vere at tidleg på 90-talet var dei svært avhengige av ein formell mediator til å få utført søk. I dag er dette effektivisert og forskarane har tilgang til informasjonsressursar frå eigen pc. Eg tolkar dette slik at sidan hindringane er reduserte og tilgangen er enkel, aukar søkefrekvensen. Vi ser det der forskarane må bestille litteratur frå biblioteket i staden for å få det på eigen pc. Då går dei ei ekstra runde og vurderer metode og innhald. På den andre sida ser vi at dei er tolmodige nok til å vente viss litteraturen er viktig for dei.

Ingen av informantane i studien min opplevde informasjonssøket som kaotisk og frustrerende, slik vi såg i Drachen et al (2011) og Sentio Research (2010), men heller som morosamt og utfordrande og som ein viktig aktivitet i forskingsprosessen deira.

5.2.3 Metodar for å halde seg oppdatert

I studien min var alle opptekne av å halde seg oppdaterte gjennom å lese ny litteratur, og dei brukte ulike metodar for å få tak i stoff. Fem abonnerte på ulike varslingsstenester. For dei uerfarne var dette mindre aktuelt, noko som blir stadfesta i litteraturstudien til Gullbekk et al. (2012). Der hevdar dei at kandidatane må få eit overblikk over fagfeltet før dei abonnerer på slike varslingsstenester. Vi ser dette hos Ann som var oppteken av at ho måtte aktivt oppsøke litteraturen sjølv fordi det var overkommeleg. P. Wilson (1996) kallar dette *capital investments*, noko som motverkar den uroa som informasjonsoverflod kan gje.

I fleire studiar vert det slått fast at nøsting er den viktigaste metoden for å halde seg oppdatert på innan samfunnsfaga (Gullbekk et al 2012; Fleming May og Yuro 2009 m. fl.) . Dette var òg ein utbreidd metode blant doktorgradskandidatar innanfor businessfaga. Enkelte føretrekte denne metoden og vi såg at bruken auka utover i ph.d.-løpet sidan dei då var meir kjende med litteraturen og om den kunne tilleggast kognitiv autoritet.

Informantane reflekterte over korleis dei opplevde eigen søkepraksis og for nokre var det å søke på emneord i fagbasar den viktigaste måten å finne litteratur på. Dette er noko av det biblioteket legg vekt på i undervisninga. Systematisk søking var meir utbreidd når dei skulle i gang med nye og ukjende tema. Berre ein av informantane sa at ho bevisst ikkje søkte systematisk på emneord i det heile teke. Ho hadde lært det, men hadde valt bort metoden. Ein annan informant hevda at han berre søkte på emneord i Google Scholar medan andre igjen rekna Google Scholar som ueigna til emnesøking. Arguello (2011) viser at metoden er lite utbreidd blant kandidatar i business-fag.

Trass i at Green og Macauley (2007) og Green (2010) åtvarar mot å fokusere på manglar, ser eg at fleire av informantane kunne tileigna seg meir tekniske ferdigheiter for å

effektivisere forskingsprosessane og søkeferdigheitene. Fleire studiar som observerer søkeferdigheiter stadfester dette (Arguello 2011; Fleming-May og Yuro 2009; Patterson 2009). På den andre sida opplevde dei ikkje at desse manglane hindra dei i forskingsprosessen.

5.2.4 Uformell informasjonssøking og kunnskapsdeling i praksisfellesskapet

I følge Carol Kuhlthau er det dei nærmaste kollegaene som er dei viktigaste støttepersonane for forskarar, og mykje erfaringsutveksling skjer i praksisfellesskapet (Filstad 2004; Tuominen et al. 2005; Wenger 2004). Nytilsette doktorgradskandidatar deler pasjon for kunnskapsakkumulering og har tett kontakt med rollemodellar som erfarne kandidatar og andre forskarar. Eg har ikkje vurdert om det fellesskapet den enkelte informanten arbeider i, fungerer som eit praksisfellesskap, men ser at det var element av det på institutta. Vilde illustrerte dette slik: ”Vi har et utrolig godt miljø blant stipendiatene her i forhold til informasjonsdeling”. Likevel var det få som fekk tips og litteratur av andre, sidan dei var åleine om temaa sine. Det kan sjå ut som om det var skilnad på institutta. Odd reflekterte slik: ”Du blir fort eksperten på ditt tema. Aldri nokon som kan så masse om det som du gjer, ganske raskt eigentleg” og Åse som opplevde BI som eit forskarhotell der ho i stor grad brukte fasilitetane, men ikkje fellesskapet..

Ingen av informantane var med i forskargrupper, slik vi ofte ser i naturvitskapane (Lindstad 2012). Men etterkvart fann dei seg eit fagfellesskap utanfor BI, særleg etter å ha vore på konferansar. Remi benytta seg i stor grad av nettverket utanfor BI og var sjølvstikker nok til å kontakte internasjonale storleikar, men bygde tillit gjennom å vise at han var førebudd. Etter kvart fekk informantane ei slags seniorrolle på instituttet og blei rollemodellar for andre ph.d-kandidatar. Dei delte litteratur med andre, slik som Odd, som sendte artiklar til kollegaer utanfor BI. Sosiale medium var lite brukt til kunnskapsdeling. Informantane var stor sett passive deltakarar på bloggar. LinkedIn fungere mest som adressekatalog.

Det varierer i kva grad informantane fekk artiklar frå rettleiaren, det var svært avhengig av kor tett samarbeidet var og kor godt rettleiaren kjente kandidatens problemstilling. Dei hadde stor respekt for rettleiaren og tilla han eller ho kognitiv autoritet, på same måte som Seldéns informantar gjorde det for 20 år sidan. Likevel vurderte dei fleste informantane litteraturtips frå rettleiar etter vanlege kriterium. Informantane gav uttrykk for at dei stolte på rettleiar og medlemmar i praksisfellesskapet, men få av dei tilla desse umiddelbar kognitiv autoritet sidan dei vurderte litteraturtipsa dei fekk på fritt grunnlag.

5.2.5 Vurdering av litteratur

Det å vurdere litteratur og kjelder kritisk er eit av kriteria i Kvalifikasjonsrammeverket (2009). Kandidatane i Drachen et al (2011) si undersøking brukar ikkje objektive kvalitetsindikatorar som *impact factor*, fordi dei ikkje stoler på dei. Sentio Research (2010) peiker på at doktorgradskandidatar i stor grad vurderer kvalitet etter kjende kriterium som forfattar, publikasjon og aktualitet. Dette ser eg i mindre grad hos mine informantar. Dei var skeptiske til det meste og vurderte litteratur ut frå metode og innhald uansett korleis dei hadde fått tak i stoffet. Likevel ser vi at for nokre av informantane i min studie var *impact factor* og spesielt den norske nivåkategoriseringa viktige kriterium for vurdering av tekstar. For Åse var det òg viktig med omsyn til at hennar egne artiklar skulle ha med viktige andre artiklar, ikkje nødvendigvis kva slags tidsskrift ho skulle publisere i: "Man MÅ bruke litteratur fra de forskjellige journalene, i hvert fall nivå 2-journaler [...] Man må koble seg på diskusjonen som går i den journalen". Gullbekk et al. (2012) konkluderte med at *impact factor* primært vert brukt med tanke på publisering ikkje til vurdering av tekst.

Tal på siteringar er ein vanleg kvalitetsindikator og informantane i min studie sjekka siteringar i ISI, BSC og Google Scholar. Nokre få sa dei søkte aktivt på kven som hadde sitert artikkelen. Likevel sa dei at dei var svært skeptiske til antal siteringar som kvalitetsindikator.

Informantane opplevde at dei var informasjonskompetente. Med utgangspunkt i Kvalifikasjonsrammeverkets kriterium og Tuominens (2005) definisjon stadfestar undersøkinga mi dette. Dei kan finne, evaluere og handtere litteratur innanfor emnet sitt og beherskar teknologien som høyrer med. At informasjonskompetanse er med på å konstituere forskarrolla slik Rafste og Sætre (2008) hevdar, ser vi er tilfelle innan *business-faga* òg.

5.3 Formelle og uformelle mediatorar for forskingsprosessen?

Informantane opplevde at dei formelle informasjonssøkeferdigheitene deira var gode og hensiktsmessige. I den grad dei sto fast var dette så vagt formulert og så lite eksplisitt at dei ikkje oppsøkte formelle mediatorar som bibliotekarar (T. Wilson og Kuhlthau 2004). I stor grad støtta dei seg på uformelle mediatorar, spesielt frå praksisfellesskapet. Styrken i praksisfellesskapet var den uformelle læringa som føregikk der og for kandidatane var kollegaene viktige uformelle mediatorar. Eg vil seie at dei i stor grad tilla andre ph.d.-kandidatar og enkelte støttespelarar på instituttet kognitiv autoritet når det gjaldt forhold som Sundin et al (2008) kallar teknisk administrative ferdigheiter. Ingen sa dei fekk hjelp og støtte

frå vener. Svare på spørjeskjemaet viste at andre ph.d.-kandidatar og kollegaer blei oppfatta som viktige rettleiarar når det gjaldt hjelp til prosessorientert søking og søketeknikk. Med atterhald om misforståingar i spørsmål 1 (Vedlegg 6) hadde rettleiaren ei viktig rolle som formell mediator, men ingen stadfesta dette i intervjuet, jf avsnitt 4.3. Fleming-May og Yuro (2009) hevdar at kandidatane syntest at det var lettare å spørje om hjelp som masterstudent enn som ph.d.-kandidat. I dette låg det òg ei redsle for å avsløre mangel på kompetanse. Forfattarane peiker på at rettleiarane venter at kandidatane skal beherske forskingsverktøy, og kandidatane får difor lite hjelp til dette. Gullbekk et al (2012) peikar på at rettleiarane meiner at kandidatane kan informasjonssøking for dårleg, og viser til svake litteraturkapittel i avhandlingar. Informantane i min studie sa at rettleiar forventa at ein skulle klare seg sjølve. Då ser vi at informantane kontakta kollegaer på same nivå, men i mindre grad rettleiar og andre. Informantane hevda i tillegg at dei beherska søketeknikken betre enn rettleiarane sin.

Sjølvstende er viktig og dermed blei det opplevd som nyttig å kunne benytte seg av Internett når dei sto fast. Nokre googla spørsmål av teknisk art og fekk svar via diskusjonslister og brukarforum. Dette var ein enkel og grei måte å skaffe seg teknisk hjelp på. Andre syntest det var for tidkrevjande og ville heller ha hjelp av personar i praksisfellesskapet, eller av ein bibliotekar.

5.3.1 Bibliotekarens rolle som mediator og rettleiar

I Gullbekk et al. (2012) vert det peika på at mangel på tid er årsaka til at doktorkandidatar i liten grad nyttar bibliotekets rettleiings- og undervisningstilbod. Informantane i min studie meinte at mangel på tid kunne påverke informasjonssøket, og at det å kontakte bibliotekar kan vere meir tungvint. Likevel ser det ut til at dette i like stor grad handlar om at informantane var informasjonskompetente, noko som kan vere årsaka til at få hadde kontakta bibliotekaren ut over den første rettleiingstimen dei hadde hatt. Informantane kontakta biblioteket for å bestille fjernlån, hadde konkrete spørsmål om ein database eller sto fast i Endnote, altså ved bevisste informasjonsbehov. Dei ville kontakte bibliotekar viss dei hadde spørsmål i forhold til det Sundin kallar teknisk-administrative ferdigheiter og informasjonsferdigheiter. Dette tilsvarar dei nivåa Kuhltahu (2004) kallar *Locator* og *Identifiser*. Under desse forholda blei bibliotekaren opplevd som aktuell mediator og dermed tillagt kognitiv autoritet.: "When it comes to the actually search process I would ask the library [...] In terms of knowing how to conduct the search or maybe some alternative ways of looking into it, then I can imagine it" (Ann). Og Maria viste at ho stolte på oss når det gjaldt det å finne ut av søking. Ho ville gå til

biblioteket viss ho ikkje fekk hjelp i praksisfellesskapet eller instituttet: "It is a reliable source there".

